

Møteinnkalling

Utval:	Vestlandsrådet
Møtestad:	Scandic Flesland Airport, Lønningsveien 9, Blomsterdalen
Dato:	10.09.2020
Tid:	09:00

Program:

- Kl. 9.00 Møtestart
Kl. 9.15 Framtidas reiseliv på vestlandet,
Eit overblikk over situasjonen og dei viktigaste innsatsområda framover
v/Endre Høgalmen, Vestland fylkeskommune
- Sommarsesongen 2020 og regional innsats for gjenreising og omstilling
- Stein Ove Rolland, adm direktør i Fjord Norge
 - Marita Lindvik, reiselivssjef i Visit Nordfjord
 - Anders Nyland, reiselivssjef i Visit Bergen
- Kl. 10.15 Idrettsturisme – ein felles moglegheit for heile vestlandet v/Tom Tvedt,
Idrettens Olympiade
- Kl. 10.35 Pause
Kl. 10.45 Sakshandsaming
Kl. 12.00 Lunsj
Kl. 12.45 – 14.00 Sakshandsaming

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Politisk@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Vestlandsrådet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland

fylkesordførar Vestland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 8/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 9/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020	2020/36935	
	Referatsaker		
RS 6/20	Arbeid med politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023	2020/36935	
	Politiske saker		
PS 15/20	Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering	2020/36937	
PS 16/20	Nullutsleppskrav i verdsarvfjordane - uttale	2020/36935	
PS 17/20	Prosjekt for tiltak mot marin forsøpling - status og vidareføring	2020/36934	
PS 18/20	Hydrogenstrategi - status og vidare arbeid	2020/36937	

Godkjenningssaker

GK 8/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020

Møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Vestlandsrådet
Møtestad:	Fjernmøte/video
Dato:	25.06.2020
Tid:	09:00-11.30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Medlem	SP
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Marianne Chesak	Medlem	A
Solveig Ege Tengesdal	Medlem	KRF
Arne Bergsvåg	Medlem	SP
Alexander Rugert-Raustein	Medlem	MDG
Margrete Dysjaland	Medlem	FRP
Tove-Lise Torve	Medlem	A
Per Vidar Kjølmoen	Medlem	A
Randi Walderhaug Frisvoll	Medlem	KRF
Frank Sve	Medlem	FRP
Anders Riise	Medlem	H
Jan Ove Tryggestad	Medlem	SP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Ole Ueland	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arve Helle	Anne Gine Hestetun	A
Frode Myrhol	Ole Ueland	FNB

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Thorbjørn Aarethun	Sekretariatsleiar
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar, Vestland fylkeskommune

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 6/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 7/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 20.mai 2020	2020/36935	
	Referatsaker		
RS 1/20	Møteplan for Vestlandsrådet hausten 2020	2020/36935	
RS 2/20	Fakta om Nordsjøkommisjonen - NSC	2020/36933	
RS 3/20	Fakta om Conference of Peripheral and Maritime Regions - CPMR	2020/36933	
RS 4/20	Notat og orientering om NORA (Nordisk Atlantsamarbeid)	2020/37174	
RS 5/20	Status Europapolitisk Forum juni 2020	2020/36933	
	Politiske saker		
PS 6/20	Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 - sluttrapport	2020/36932	
PS 7/20	Ekspertgruppe for næringsutvikling på Vestlandet	2020/36937	
PS 8/20	Innspel til Nærings- og fiskeridepartementet sitt arbeid med eksport Handelsplan	2020/36937	
PS 9/20	Rapport frå Sjøfartsdirektoratet om nullutsleppskrav i verdsarvfjordane	2020/36932	
PS 10/20	Løysingsforslag "Database for økonomiske nøkkeltal på Vestlandet"	2020/36937	
PS 11/20	Politiske satsingsområder for Vestlandsrådet 2020-2023	2020/36935	
PS 12/20	Årsmelding for Vestlandsrådet 2019	2020/36935	
PS 13/20	Rekneskap for 2019	2020/36935	
PS 14/20	Budsjett 2020	2020/36935	

Godkjenningssaker

GK 6/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. **GK 7/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet, 20.mai 2020**

Møteprotokoll frå møte i Vestlandsrådet 20.mai 2020, vart samrøystes godkjent.

Referatsaker

RS 1/20 Møteplan for Vestlandsrådet hausten 2020

RS 1/2020 vart referert.

RS 2/20 Fakta om Nordsjøkommisjonen - NSC

RS 2/2020 vart referert.

RS 3/20 Fakta om Conference of Peripheral and Maritime Regions - CPMR

RS 3/2020 vart referert.

RS 4/20 Notat og orientering om NORA (Nordisk Atlantsamarbeid)

RS 4/2020 vart referert.

RS 5/20 Status Europapolitisk Forum juni 2020

RS 5/2020 vart referert.

Politiske saker

PS 6/20 Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 - sluttrapport

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet tek sluttrapporten og tilrådinga i Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 til vitande, og meiner dette gir eit godt grunnlag for å utforme mål og strategiar for reiselivssatsinga i den enkelte fylkeskommune.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestlandsrådet tek sluttrapporten og tilrådinga i Scenarioprojekt for Vestlandet 2030 til vitande, og meiner dette gir eit godt grunnlag for å utforme mål og strategiar for reiselivssatsinga i den enkelte fylkeskommune.

PS 7/20 Ekspertgruppe for næringsutvikling på Vestlandet

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet går ikkje inn for å opprette ei ekspertutval for utarbeiding av overordna næringsstrategi for Vestlandet, slik det tidlegare var omtalt i uttale, vedteken i møte, 20.mai 2020.
2. Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen legge fram eit alternativ opplegg for arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet på neste møte i Vestlandsrådet.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestlandsrådet går ikkje inn for å opprette ei ekspertutval for utarbeiding av overordna næringsstrategi for Vestlandet, slik det tidlegare var omtalt i uttale, vedteken i møte, 20.mai 2020.
2. Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen legge fram eit alternativ opplegg for arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet på neste møte i Vestlandsrådet.

PS 8/20 Innspel til Nærings- og fiskeridepartementet sitt arbeid med eksporthandlingsplan

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet vedtek innspel til Nærings- og fiskeridepartementet sitt tillyste arbeid med eksporthandlingsplan slik det framgår av saksframlegget
2. Vestlandsrådet ber om å bli trekt direkte inn i slutføringa av arbeidet med eksporthandlingsplanen, sidan ein slik plan kan ha svært mykje å bety for utviklinga av næringslivet på Vestlandet i ein krevjande situasjon.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Tove-Lise Torve (A) og Per Vidar Kjølmoen (A) sette fram følgjande forslag:

Under tillegg til uttalen og avsnittet om energiforsyning:

-tillegg i slutten av setning nr. 2 «...og på Nordmøre og i Romsdal»

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke

Torve og Kjølmoen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Vestlandsrådet vedtek innspel til Nærings- og fiskeridepartementet sitt tillyste arbeid med eksporthandlingsplan slik det framgår av saksframlegget med slikt tillegg i slutten av setning nr. 2 under avsnittet om energiforsyning:

« ...og på Nordmøre og i Romsdal».
2. Vestlandsrådet ber om å bli trekt direkte inn i slutføringa av arbeidet med eksporthandlingsplanen, sidan ein slik plan kan ha svært mykje å bety for utviklinga av næringslivet på Vestlandet i ein krevjande situasjon.

PS 9/20 Rapport frå Sjøfartsdirektoratet om nullutsleppskrav i verdsarvfjordane

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet tek rapporten til vitande

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Frank Sve (FRP) sette fram slik forslag til vedtak;

«AU tek i mot rapport frå Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, og sender uttale om rapporten til regjeringa»

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke

Sve sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Vestlandsrådet tek rapporten til vitande.
2. AU tek i mot rapport frå Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, og sender uttale om rapporten til regjeringa.

PS 10/20 Løysingsforslag "Database for økonomiske nøkkeltal på Vestlandet"

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet sluttar seg til løysingsforslaget for ein database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet med moglegheit for geografiske og næringsmessige aggregering.
2. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune invitere dei andre fylkeskommunane til eit samarbeid om eventuell etablering og drift av ein slik database, der intern ressursbruk og fordeling av kostnader vert nærare avklart.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Vestlandsrådet sluttar seg til løysingsforslaget for ein database med økonomiske nøkkeltal for alle verksemder på Vestlandet med moglegheit for geografiske og næringsmessige aggregering.
2. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune invitere dei andre fylkeskommunane til eit samarbeid om eventuell etablering og drift av ein slik database, der intern ressursbruk og fordeling av kostnader vert nærare avklart.

PS 11/20 Politiske satsingsområder for Vestlandsrådet 2020-2023

Forslag til vedtak

1. For å tydeleggjere Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan for samordning av politisk innsats, etablering av samhandlingsarenaer, og kunnskapsdeling på tvers av fylkesgrensene, vil det vere nødvendig å prioritere politiske satsingsområder for arbeidet i Vestlandsrådet i perioden 2020-2023.

2. Vestlandsrådet ber arbeidsutvalet (AU) i samråd med fylkesrådmennene legge fram forslag til slike politiske satsingsområder i løpet av hausten 2020.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. For å tydeliggjere Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan for samordning av politisk innsats, etablering av samhandlingsarenaer, og kunnskapsdeling på tvers av fylkesgrensene, vil det vere nødvendig å prioritere politiske satsingsområder for arbeidet i Vestlandsrådet i perioden 2020-2023.
2. Vestlandsrådet ber arbeidsutvalet (AU) i samråd med fylkesrådmennene legge fram forslag til slike politiske satsingsområder i løpet av hausten 2020.

PS 12/20 Årsmelding for Vestlandsrådet 2019

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet tek framlagt årsmelding for Vestlandsrådet 2019 til orientering.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak

Vestlandsrådet tek framlagt årsmelding for Vestlandsrådet 2019 til orientering.

PS 13/20 Rekneskap for 2019

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet godkjenner det framlagde rekneskapet for Vestlandsrådet 2019

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak

Vestlandsrådet godkjenner det framlagde rekneskapet for Vestlandsrådet 2019

PS 14/20 Budsjett 2020

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet godkjenner budsjett for 2020 slik det ligg føre i saksframlegget.
2. Vestlandsrådet gir fylkesrådmannen i Vestland fullmakt til å disponere dei budsjetterte midlane for 2020.

Saksprotokoll 25.06.2020 - Vestlandsrådet

Avrøysting

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken

Vedtak

1. Vestlandsrådet godkjenner budsjett for 2020 slik det ligg føre i saksframlegget.
2. Vestlandsrådet gir fylkesrådmannen i Vestland fullmakt til å disponere dei budsjetterte midlane for 2020.

Referatsaker

RS 6/20 Arbeid med politisk plattform for Vestlandsrådet 2020-2023

Saksnr: 2020/36935-23
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 27.08.2020

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Vestlandsrådet

Arbeid med politiske satsingsområder for Vestlandsrådet 2020-2023

På møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det i sak om politiske satsingsområder for Vestlandsrådet 2020-2023, gjort følgjande vedtak;

- 1. For å tydeleggjere Vestlandsrådet si rolle som samarbeidsorgan for samordning av politisk innsats, etablering av samhandlingsarenaer, og kunnskapsdeling på tvers av fylkesgrensene, vil det vere nødvendig å prioritere politiske satsingsområder for arbeidet i Vestlandsrådet i perioden 2020-2023.*
- 2. Vestlandsrådet ber arbeidsutvalet (AU) i samråd med fylkesrådmennene legge fram forslag til slike politiske satsingsområder i løpet av hausten 2020.*

Fylkesrådmannen presenterer i dette notatet politiske satsingsområder i Vestlandsrådet nedfelt i politisk plattform for tidlegare og gjeldande periode, og handsaminga av aktuelle endringar i den politiske plattformen på møte i Vestlandsrådet AU, 3.september 2020.

Tidlegare politisk plattform for Vestlandsrådet 2012–2015

Vestlandsrådet er danna ut i frå ei erkjenning av at fylka på Vestlandet har felles utfordringar, og at vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse våre felles utfordringar.

Fylka på Vestlandet har eit framtidretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er viktige for omliggjande kommunar. Store område på Vestlandet er likevel prega av stagnasjon. Naturen gir oss mulegheiter, men utgjer også hindringar for å få effektive samband, t.d. nord-sør. Vestlandsrådet skal heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet, og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom arbeidet i Vestlandsrådet:

- Styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- Koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen
- Fremme politiske saker av felles interesse
- Aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- Skape samhandlingsarenaer på Vestlandet

- Ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Storbyane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett. Vestlandsrådet skal finne ei form og ein innretning på sitt arbeid som gjev storbyane ein vinst ved å delta aktivt inn mot Vestlandsrådet.

Vestlandsrådet har særleg innanfor følgjande saksområde ambisjonar om å påverke samfunnsutviklinga på Vestlandet:

1. SAMFERDSLE

Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping i dei fire vestlandsfylka. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i.

Vestlandsrådet vil difor arbeide for effektive transportløyningar både internt på Vestlandet og mot resten av landet – og mot utlandet.

Vestlandsrådet rettar innan samferdsle sitt hovudfokus mot:

- Ferjefri og opprusta E39 Kristiansand–Trondheim: Oppfølging og vidare arbeid.
- Kostnadsutviklinga for fylkesvegferjene.
- Forfallet på vegnettet og å ta att vedlikeholdsetterslepet på viktige vegstrekningar. Vestlandsrådet legg særleg vekt på å syte for tilstrekkelege økonomiske rammer til prioriterte prosjekt, m.a. gjennom felles innspel til Nasjonal transportplan (NTP).
- Auka statleg satsing på ras-sikring. Rasfaren er ei stor utfordring på vestlandsvegane. Gjennom dagens øyremerka tilskot må staten styrke rassikringa i tråd med det samla rassikringsbehovet, og støtte den nasjonale rassikringsgruppa i kravet om at all offentleg veg skal vere ras-sikra innan 2030.
- Vestlandsrådet peikar ut medlemmer til det nasjonale ras-sikringsutvalet.

2. FELLESPROSJEKT MELLOM DEI FIRE FYLKESKOMMUNANE

Vestlandsrådet skal fremje politiske fellesprosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte for å bidra til politikktutforming, til å fremje utvikling på Vestlandet og å setje sentrale saker på dagsorden. Vestlandsrådet skal prioritere følgjande fellesprosjekt:

- Infrastruktur- og nettutvikling innanfor energisektoren
- Grenseoverskridande billetteringssystem på Vestlandet
- Felles autopassordningar for ferjer og bomstasjonar
- Statlege arbeidsplassar på Vestlandet (lokalisering og Vestlandet sin relative del)
- Vekstmulegheiter, utfordringar og rammevilkår innanfor marine næringar
- Samarbeid om etableringa av Global Centres of Excellence (GCE) på Vestlandet
- Næringsretta FoU-arbeid og utdanningstilbod

3. FELLE OPPGÅVELØYSING: SAMARBEID OG ERFARINGSUTVEKSLING

Dei fire fylkeskommunane har eit betydeleg politisk handlingsrom knytt til sine ansvarsområde. Gjennom eit utvida samarbeid og erfaringsutveksling skal fylkeskommunane gjennom Vestlandsrådet finne fram til modellar for ei effektiv oppgåveløysing og meir samordna tenester retta mot innbyggjarane på Vestlandet. Særleg gjeld dette innan vidaregåande opplæring og organisering av kollektivtransporttilbodet.

4. POLITISK BEREDSKAP

Vestlandsrådet skal særleg gjennom AU ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp

gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.

5. INTERNASJONALT ARBEID (INTERNASJONALISERING)

Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission(NSC). Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement.

Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i iverksettinga av strategien «North Sea Region 2020». Vestlandsrådet held også fram sitt engasjement i Europapolitisk forum.

6. KULTUR

Vestlandsrådet tonar ned det faste engasjementet innan kulturfeltet, men engasjerer seg i aktuelle saker der dei fire fylka har klare fellesinteresser (jf. den politiske beredskapsrolla).

Gjeldande politisk plattform for Vestlandsrådet, vedteke 21. juni 2019

Vestlandsrådet er danna for å utgjera ei politisk kraft som er sterkare enn den dei deltakande fylkeskommunane har kvar for seg. Fylka på Vestlandet har mange felles utfordringar. Vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse våre felles utfordringar.

Fylka på Vestlandet har eit framtidretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er viktige for omliggjande kommunar. Store område på Vestlandet er likevel prega av stagnasjon. Naturen gir oss mulegheiter, men utgjør også hindringar for å få effektive samband, t.d. nord-sør. Vestlandsrådet skal heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet, og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom arbeidet i Vestlandsrådet:

- Styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- Koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen
- Fremme politiske saker av felles interesse
- Aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- Skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- Ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Storbyane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett. Vestlandsrådet skal finne ei form og ein innretning på sitt arbeid som gjev storbyane ein vinst ved å delta aktivt inn mot Vestlandsrådet. Vestlandsrådet har særleg innanfor følgjande saksområde ambisjonar om å påverke samfunnsutviklinga på Vestlandet:

1. SAMFERDSLE

Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping i dei fire vestlandsfylka. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i.

Vestlandsrådet vil difor arbeide for effektive og klimavenlege transportløysingar både internt på Vestlandet og mot resten av landet og mot utlandet.

Vestlandsrådet rettar innan samferdsle sitt hovudfokus mot:

- Ferjefri og opprusta E39 Kristiansand-Trondheim: Oppfølging og vidare arbeid.
- Kostnadsutviklinga for fylkesvegferjene.

- Forfallet på vegnettet og å ta att vedlikehaldsetterslepet på viktige vegstrekningar. Vestlandsrådet legg særleg vekt på å syte for tilstrekkelege økonomiske rammer til prioriterte prosjekt, m.a. gjennom felles innspel til Nasjonal transportplan (NTP).
- Auka statleg satsing på rassikring. Rasfaren er ei stor utfordring på vestlandsvegane. Gjennom dagens øyremerka tilskot må staten styrke rassikringa i tråd med det samla rassikringsbehovet, og støtte den nasjonale rassikringsgruppa i kravet om at all offentleg veg skal vere rassikra innan 2030.
- Vestlandsrådet peikar ut medlemmer til det nasjonale rassikringsutvalet.
- Utsleppsfri transport
- Grenseoverskridande billetteringssystem på Vestlandet
- Felles autopassordningar for ferjer og bomstasjonar

2. FELLESPROSJEKT MELLOM DEI FIRE FYLKESKOMMUNANE

Vestlandsrådet skal fremje politiske fellesprosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte for å bidra til politikktutforming, til å fremje utvikling på Vestlandet og å setje sentrale saker på dagsorden.

Vestlandsrådet skal prioritere følgjande fellesprosjekt:

- Infrastruktur- og nettutvikling innanfor energisektoren
- Statlege arbeidsplassar på Vestlandet (lokalisering og Vestlandet sin relative del)
- Vekstmulegheiter, utfordringar og rammevilkår innanfor marine næringer
- Næringsretta FoU-arbeid og utdanningstilbod
- Reiseliv
- Prosjekt innan klima og miljø

3. POLITISK BEREDSKAP

Vestlandsrådet skal særleg gjennom AU ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.

5. INTERNASJONALT ARBEID

Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC). Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement. Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i gjennomføringa av strategien «North Sea Region 2020».

6. KULTUR - IDENTITET

Vestlandsrådet engasjerer seg i saker kring kultur og identitet som er viktige i eit vestlandsperspektiv. Landsdelen vår er eit kjerneområde for nynorsk, og vi vil derfor ha eit aktivt forhold til nynorsken som tale- og skriftspråk. Vestlandsrådet ønskjer at den særeigne fjord- og kystkulturen vert synleg, mellom anna i reiselivet.

Handsaming i Vestlandsrådet AU

På møte i arbeidsutvalet, 3.september 2020, vart den politiske plattformen og satsingsområda for Vestlandsrådet drøfta. Utan å legge fram konkrete endringsforslag i gjeldande plattform, var det semje om å invitere Vestlandsrådet til ei drøfting om;

- Vestlandsrådet som folkevald organ – konsensus eller vedtak?
- Vestlandsrådet sine satsingsområder – avgrensing og innhald?
- Vestlandsrådet si rolle som landsdelssamarbeid – kvifor samarbeid?

Med grunnlag i drøftinga i Vestlandsrådet tek arbeidsutvalet sikte på å legge fram eit konkret forslag til politisk plattform på møte i Vestlandsrådet, 10.november i Møre og Romsdal.

Politiske saker

PS 15/20 Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering

Saksgang

Vestlandsrådet

10.09.2020

Næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet stiller seg bak det skisserte opplegget for organisering og framdrift i arbeidet med ein overordna næringsstrategi for Vestlandet.
2. Vestlandsrådet peiker ut følgjande rådsmedlemer i styringsgruppa for arbeidet:
 - 1....., leiar av styringsgruppa
 - 2.....
 - 3.....
3. Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit forprosjekt for avklaring av mandat for vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet, og at dette vert lagt fram for handsaming i Vestlandsrådet.
4. Vestlandsrådet nyttar inntil kr 500.000,- av eigne midlar til arbeidet med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 20.mai 2020, vart det vedteke uttale til revidert nasjonalbudsjett, der det vart uttalt at Vestlandsrådet ville sette av ressursar til eit ekspertutval for å utforme mål, strategiar og tiltak for å skape ny vekst og omstilling i næringslivet på Vestlandet.

På møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det handsama sak om ekspertutval for overordna næringsstrategi for Vestlandet. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *«Vestlandsrådet går ikkje inn for å opprette ei ekspertutval for utarbeiding av overordna næringsstrategi for Vestlandet, slik det tidlegare var omtalt i uttale, vedteken i møte, 20.mai 2020.*
2. *Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen legge fram eit alternativ opplegg for arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet på neste møte i Vestlandsrådet.»*

Fylkesrådmannen legg med dette fram ei sak med alternativt opplegg for oppstart og vidare arbeid med overordna næringsstrategi for Vestlandet.

Behov for ein felles overordna næringsstrategi på Vestlandet for vekst og omstilling

Fylka på Vestlandet har sine særtrekk, men også svært mange felles utfordringar for næringsutvikling og sysselsetting som krev dei same løysingane. Dette kjem tydeleg fram i uttalen til revidert nasjonalbudsjett som vart vedteke på møte i Vestlandsrådet, 15.april 2020:

«Det er no vi skal skape framtidens arbeidsplassar på Vestlandet! Vestlandet er den viktigaste eksportregionen i landet, med om lag 39% av den samla eksportretta verdiskapinga, utanom olje og gass. Med olje- og gassindustrien i tillegg er Vestlandet derfor landets skattkammer, der verdiskapinga i næringslivet er av særleg betydning for landets nasjonale økonomi. Nasjonale styresmakter har derfor eit særleg ansvar for å bidra til ei positiv næringsutvikling og sysselsetting i denne delen av landet. Kombinasjonen av koronapandemi og fallande oljepris, medfører svært store utfordringar for næringslivet på Vestlandet. Koronapandemien har ført til eit historisk lågt forbruk av fossil brensel, og med den lågaste oljeprisen på minst 18 år, gir dette eit særleg mørkt framtidsbilette for næringsliv som er direkte og indirekte påverka innanfor olje- og gassektoren. Også anna eksportnærings opplever store utfordringar. Vestlandet har til dømes ein svært stor del utanlandske reisande som i alle fall på kort sikt er fråverande. Dei langsiktige verknadene vil for mange verksemdar vere alvorlege. Høge oljeprisar over tid har kamuflert at Norge er det OECD-landet som har tapt dei største eksportandelane dei siste 20 åra. Olje og gass står i dag for rundt halvparten av norsk eksport. Med sannsynlegvis framleis låg oljepris vil produksjonen på norsk sokkel falle markant frå 2025 og utover. Norsk fastlandseksport må doblast fram mot 2040 for å kompensere for fallet i framtidige oljeinntekter. Skal vestlandsk næringsliv bli meir robust og klar for ei klimavenleg og berekraftig framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har størst potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Fem næringar som utmerker seg med stort potensial for grøn eksportretta vekst og høve til god lønsemd er fornybar energi, sjømat, maritime næringar, prosessindustri og reiseliv. Det er umogleg for ein liten nasjon som Norge, og ein region som Vestland, å påverke prisnivået og etterspørselen på ei internasjonal vare som olje eller gass. Det same vil gjelde dei fleste varer og tenester for eksport. Vestlandsrådet merkar seg fleire tiltak i revidert nasjonalbudsjett som kan ha positiv effekt på situasjonen i eksportbedriftene på kort sikt. Vestlandsrådet er samstundes oppteken av å komme over i ein fase der vidare næringsutvikling får tilstrekkeleg merksemd. Fylkeskommunane har samla fått 500 mill.kr i revidert nasjonalbudsjett, også dette for å bøte på kortsiktige utfordringar. Desse løyvingane vil ikkje gjere fylka i stand til å drive utviklingsarbeid for å løyse kritiske utfordringar for framtidig verdiskaping på Vestlandet. Vestlandsrådet vil sette av ressursar til eit ekspertutval for å greie ut mål, strategiar og tiltak for å skape ny vekst på Vestlandet.

Gjennom eit slikt utval vil Vestlandsrådet mobilisere bransjar, organisasjonar, etatar, kommunar osv, for å avklare retning og tiltak i det vidare omstillingsarbeidet for deler av næringslivet på Vestlandet. Siktemålet er å legge fram forslag til slike strategiar og tiltak for omstilling i løpet av våren 2021. Vestlandsrådet ventar statleg medverknad i prosessen og i gjennomføring av tiltak. Denne prosessen vil vere eit grunnlag for at regjeringa og Stortinget etter kvart kan innføre nye målretta tiltakspakkar for å vidareføre verdiskapinga i det nasjonalt viktige eksportretta næringslivet på Vestlandet. Vestlandsrådet varslar med dette om behov for nasjonal støtte til å utvikle tiltak og virkemiddel som raskt kan stimulere aktiviteten i eksportbedriftene med tanke på nye marknader og nye produkt. Innsatsen må rettast mot marknader og produkt som har stort potensial, der produkta kan framstillast og distribuerast på ein berekraftig måte. Dette er ei omstilling utan sidestykke i norsk næringsliv, og som vil krevje ytterlegare nasjonal og regional innsats i tida framover.»

Fylkeskommunane sitt plan- og strategiarbeid for næringsutvikling

Alle dei tre fylkeskommunane er i gang med Regional planstrategi, slik dei er pålagde etter Plan- og bygningslova. Parallelt med den regionale planstrategien, er det og under utarbeiding ulike planar og strategiar på næringsområdet:

Rogaland arbeider med «Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland». Planlagt vedteken i desember 2020.

Vestland arbeider med «Regional plan for næring og innovasjon». Planprogrammet er venta vedteke september 2020, planen venta vedteken i juni 2021.

Møre og Romsdal held på med fleire parallelle planer, men viktigast er fylkesplan for Møre og Romsdal 2021 – 2024. Der blir utarbeidd ein fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid, for miljø, klima og energi, og for Forsking og innovasjon.

Arbeidet med den overordna næringsstrategi for Vestlandet må naturlegvis samordnast med pågåande plan- og strategiarbeid for næringsutvikling i dei tre fylkeskommunane.

Overordna næringsstrategi for Vestlandet - prosjektorganisering

Fylkesrådmannen legg opp til å gjennomføre eit forprosjekt for utarbeiding av mandat med rammer, innhald og innretning i ein overordna næringsstrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet godkjenner forprosjektet og mandatet, slik at hovudprosjekt vert sjøve strategien.

Det vert lagt opp til følgjande prosjektorganisering for arbeidet med både forprosjekt og hovudprosjekt;

<u>Prosjekteigar:</u>	Vestlandsrådet, som godkjenner mandat
<u>Prosjektansvarleg:</u>	Fylkesrådmannen
<u>Prosjektleiing:</u>	Repr. for fylkesrådmannen
<u>Styringsgruppe:</u>	Representantar frå næringslivet (næringsklynger, bransjeorganisasjonar, næringsråd osv.)
	Representantar frå bank og finans
	Representantar frå FoU
	Representantar frå miljøorganisasjonar
	Representantar frå Vestlandsrådet
<u>Prosjektgruppe:</u>	Utpeikte repr. fylkesrådmennene i fylka (næringsavdelingane)

- Effekt mål: Sikre nasjonale rammevilkår for ny vekst og omstilling for framtidens arbeidsplassar på Vestlandet.
- Resultat mål: Gjennomføre ein prosess med kunnskapsinnhenting og utarbeide eit strategidokument for overordna næringsstrategi på Vestlandet.
- Rapportering: Prosjektansvarleg vil i første fase be styringsgruppa utforme eit mandat for ein overordna næringsstrategi for Vestlandet, som vil bli lagt fram for Vestlandsrådet. Deretter vil det bli lagt opp til milepelsrapportering fram mot sluttrapport som skal ligge føre innan utgangen av mai 2021.
- Ressursar: Fylka stiller personalressursar til rådvelde. Det vil og bli naudsynt med ekstern konsulentbistand i arbeidet med dokumentasjon, analyse og framstilling. Den økonomiske ressursbruken til dette føremålet er avgrensa til kr 500 000,-

Nullutsleppskrav i verdsarvfjordane - uttale

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek forslag til uttale om nullutslepp i verdsarvfjordane slik det ligg føre i saksframlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 25.juni 2020, vart det i sak om rapport frå Sjøfartsdirektoratet om nullutsleppskrav i verdsarvfjordane, gjort følgjande vedtak;

1. *«Vestlandsrådet tek rapporten til vitande.*
2. *AU tek i mot rapport frå Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, og sender uttale om rapporten til regjeringa.»*

Fylkesrådmannen la fram forslag til uttale for møte i Vestlandsrådet AU, 3.september 2020, slik som det er presentert under i saksframstillinga.

Dette forslaget tek utgangspunkt i «Cruisestrategi for vestlandsregionen», som tidlegare er vedteken av Vestlandsrådet. I denne strategien er spørsmålet om diskriminering av verdsarvfjordane og konkurransevriding i høve andre anløp og hamner forankra gjennom tidlegare vedtak i folkevalde i fylkeskommunane på Vestland.

Spørsmålet om innfasing av nullutsleppsteknologi er ikkje omfatta av cruisestrategien, slik at her må fylkeskommunane kvar for seg gjere vedtak. Vestlandsrådet har ikkje kompetanse til å uttale seg på vegne av dei andre fylkeskommunane i dette spørsmålet.

Forslag til uttale

«Nullutsleppskrav i verdsarvfjordane – uttale frå Vestlandsrådet

Vestlandsrådet støttar Sjøfartsdirektoratet si tilråding om at kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane også må gjelde andre norske farvatn. Det vil vere svært uheldig for dei etablerte cruiseanløpa i verdsarvfjordane, dersom cruiseanløp flyttar til hamner i andre norske farvatn.

Vestlandsrådet viser til anmodningsvedtak i Stortinget, mai 2018, der «Stortinget ber regjeringa implementere krav og reguleringar til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsningar i skipsfarten frem mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»

Sjøfartsdirektoratet vart bedt om å utgreie slike krav og reguleringar, både for verdsarvfjordane og andre norske farvatn. Grunngevinga for ei eventuell innføring av krav og reguleringar også for andre norske farvatn, er eit generelt behov for å redusere utslepp frå skipsfarten, samt å forhindre forflytting av cruisetrafikk som går i verdsarvfjordane til andre norske farvatn og hamner.

Sjøfartsdirektoratet har no oversendt rapporten til Klima- og miljødepartementet med m.a følgjande tilråding;

Sjøfartsdirektoratet tilrår at «en gjennomfører bestillingen «krav for å redusere utslepp i verdsarvfjordane til andre norske farvatn» før en gjennomfører bestillingen om «nullutslippskrav i verdsarvfjordane innan 2026», og at krav om nullutslepp i verdsarvfjordane sees i et tidsperspektiv frem mot 2030. Det anbefales derfor at en forlenger tidsperspektivet for en innføring av nullutslepp i verdsarvfjordane til å være «så snart som mulig og seinast innan 2030».

Fylkeskommunane på Vestlandet (Rogaland, Vestland, Møre og Romsdal) har utarbeidd ein felles cruisestrategi for landsdelen (Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020). Denne vart vedteken av Vestlandsrådet i november 2016.

Med grunnlag i strategiplanen er det og utarbeidd ein egen handlingsplan som vart vedteken av Vestlandsrådet i juni 2018. Vestlandsfylka går i «Handlingsplan for Cruisestrategi for Vestlandsregionen» inn for at krav om reduserte utslepp i verdsarvfjordane og vert innført på nasjonalt nivå. For å oppnå større positive miljø- og klimaverknader, og for å unngå diskriminering og konkurransevriding.

Vestlandsrådet støttar derfor Sjøfartsdirektoratet si tilråding om at nullutslepp må gjelde alle norske farvatn. Det vil vere svært uheldig for dei etablerte cruiseanløpa i verdsarvfjordane dersom denne aktivitet vert flytta til anløp i andre norske farvatn.

M.a. fekk Stranda kommune i april 2020 utført ein konsekvensanalyse av bortfall av cruisetrafikken for Geiranger som reisemål og lokalsamfunn. I 2019 tok Geiranger og Hellesylt i mot 217 cruiseanløp med tilsaman 410 000 passasjerar. I tillegg kjem anna sjøbasert trafikk som ferge, Hurtigruteanløp og båtrute fra Ålesund til Geiranger.

Undersøkinga konkluderer med at bortfall av cruisegjester vil vere kritisk for mange bedrifter. Cruisegjestene utgjer om lag 31% av dei totale reiselivs-baserte inntektene.

Ein vesentleg reduksjon i dagsbesøk som følgje av bortfall av cruise vil gje eit svekka kundegrnlag som vil føre til at flere bedrifter forventer å måtte avvikle drifta. Cruise er ein viktig del av kundegrnlaget i skuldensesongen. Bortfall av cruisegjester vil derfor føre til kortere sesong og det kan bli vanskeligere å skape heilårs arbeidsplassar.

Reiseliv er ei viktig næring i mange kommunar langs vestlandskysten, og bidreg sterkt til sysselsetting og verdiskaping i landsdelen. Ei framtidretta reiselivsnæring må ta sitt miljøansvar for cruisetrafikken, med anløp både i verdsarvfjordane og i andre farvatn.»

Handsaming i Vestlandsrådet AU

På møtet i arbeidsutvalet, 3.september 2020, vart det gitt tilslutning til forslaget til uttale. Arbeidsutvalet vil likevel gjerne fremje forslaget for Vestlandsrådet til diskusjon og endeleg vedtak.

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	17/20	10.09.2020

Saksdokument vedr. prosjekt - Tiltak mot marin forøpling.

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet godkjenner årsrapport 2019 for prosjektet «Tiltak mot marin forøpling».
2. Vestlandsrådet godkjenner sluttrapport for prosjektet «Tiltak mot marin forøpling».
3. Vestlandsrådet stiller seg bak strategi for marin forøpling: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet».
4. Vestlandsrådet ber om at denne strategien vart oversendt til fylkeskommunal handsaming, blir fylgt opp og implementert i medlemsfylka.
5. Vestlandsrådet legg til grunn at arbeidet med tiltak mot marin forøpling vert vurdert vidareført i eit samarbeid mellom medlemsfylka, som ei felles koordinert satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklare roller, mål og finansiering av ein eventuell vidareføring. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit eventuelt vidare samarbeid om prosjektet tiltak mot marin forøpling

Samandrag

I oktober 2017 vedtok Vestlandsrådet å ta ei leiande koordinatørrolle innan marin forøpling langs vestlandskysten. Det vart derfor oppretta ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå dei fire fylkeskommunane, og ein prosjektleiar vart tilsett. Det har vore arbeid for å fremje problemet med marin forøpling i ulike fora, og spesielt prosjektleiar har fungert som eit koordinerande ledd mellom offentlege instansar, forvaltning, friluftsråd, forskingsmiljø, interesseorganisasjonar, bedrifter og frivillige i regionen i fleire samanhengar. Prosjektet har også vore ein viktig initiativtakar for fleire tverrfaglege prosjekt. Konkret har prosjektet «Tiltak mot marin forøpling» eksempelvis så langt fått inn 4,8 millionar kroner i eksterne midlar via samarbeidspartnarar som Bergen og omland friluftsråd (BOF), og NORCE.

Det siste året har prosjektet utarbeidd ein eigen plaststrategi for Vestlandsrådet, der det vert lagt vekt på at fylkeskommunane på Vestlandet skal ha så lavt plastavtrykk som mogleg. Ved å ta grep i eigen organisasjon kan fylkeskommunane bidra til at nullvisjonen om tilførsel av plast til havet vert nådd. Plaststrategien er forankra i berekraftsmåla til FN.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsrapport 2019. Prosjekt - tiltak mot marin forsøpling
- 2 Sluttrapport. Prosjekt - Tiltak mot marin forsøpling.
- 3 Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den 25. oktober 2017 vedtok Vestlandsrådet å ta ei leiande koordinatrorolle innan marin forsøpling langs vestlandskysten. Vestlandsrådet ville i tillegg medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen for å sikra naudsynte prioriteringar og ressursar til arbeidet nasjonalt, samt medverka til at temaet vert følgd opp i internasjonale fora som til dømes Nordsjøkommisjonen/CPMR.

I VR-sak 06/18 vart innsatsområda; strandsonerydding, rydding av sjø- og havbotnen og førebyggjande arbeid peika ut som dei satsingar som det var ønskja å jobbe vidare med. Det vart samtidig sett av 400 000 kroner til ein 50 prosent stillingsressurs som prosjektleiar, og sidan 1. november 2018 har prosjektet vore leia av prosjektleiar Gudrun Kristin Fatland. Stillinga har vore knytt til administrasjonen i tidlegare Hordaland fylkeskommune. Prosjektleiar jobbar i lag med ei arbeidsgruppe med representant frå kvar fylkeskommune:

- Rolf Årdal, Vestland fylkeskommune, tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Thorsten Gøtterup, Rogaland fylkeskommune.
- Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Sveinung Klyve, Vestland fylkeskommune, tidlegare Hordaland fylkeskommune.

I Vestlandsrådet sitt møte 15.02.2019 løyvde Vestlandsrådet 600 000 kroner til vidareføring av prosjektleiarressurs i 100 prosent stilling ut 2019. Av ulike grunnar vart ikkje desse midlane brukt opp i 2019, og Vestland fylkeskommune forlenga derfor kontrakt med prosjektleiar ut mai 2020.

Ei viktig oppgåve for prosjektleiar det siste året har vore å utarbeide ein plaststrategi i lag med prosjektgruppa. Strategien har fått namnet: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet». Prosjektleiar har også hatt ansvar for å planlegge det årlege koordineringsmøte om marin forsøpling i regi av Vestlandsrådet. I 2020 er det tredje gong det vert arrangert eit slikt koordineringsmøte, og møte var opphaveleg planlagt til 31. mars med ein arbeidsverkstad 1. april i Stavanger. Koronasituasjonen har derimot gjort at koordineringsmøte blei arrangert digitalt. Koordineringsmøte er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestlandsrådet, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Vestland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og Senter for oljevern og marint miljø.

Årsrapport for prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling» 2019

Prosjektets rapport sjåast i heilheit mot hovudmåla i prosjektet: HA1 – HA4 med sin handlingsplan som var satt i 2018:

- HA 1: Utvikle friluftsråda si rolle og funksjon.
- HA 2: Kartlegge dagens kunnskapsgrunnlag og etablere pilotprosjekt.
- HA 3: Utvikle kunnskapsgrunnlag og informasjonsarbeid.
- HA 4: Prosjektleiing, koordinering, rapportering.

Vidare rapporterer prosjektet på handlingsplan for 2019 som er knytt opp mot satsingsområda: Strandrydding, rydding på havbotn, førebygging av marin forsøpling. Årsrapport 2019 ligg som vedlegg til saka.

Sluttrapport for prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling»

Sluttrapporten oppsummerar prosjektet og referer såleis til godkjent årsrapport for 2018, og for vedlagt årsrapport for 2019, samt plaststrategien som er utarbeida i prosjektet. Sluttrapporten belysar blant anna til mål, resultat, økonomi, usikkerheit og vidare politisk arbeid med blant anna ansvars plassering av opprydding av det må eigarlause marine avfallet må plasserast. Samt langsiktig og føreseieleg finansiering av profesjonell opprydding av eigarlaust marint avfall, og handtering av avfall, og referer til vidare til Plaststrategien for andre fylkeskommunale tiltak.

Plaststrategien; «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet»

Plaststrategien er laga som eit retningsgjevande strategidokument for fylkeskommunane som er knytt til Vestlandsrådet. Fylkeskommunane må derfor gjere eigne vedtak i kva grad dei vil implementere plaststrategien i eigen organisasjon. Det er ved implementering av strategi, og ved å ta

strategien i bruk at vi samen kan lage eit så lågt plastavtrykk i miljøet som mogleg. Plaststrategien; «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet ligg som vedlegg 2 i saka.

Det er gjennomført fleire prosjektmøter med prosjektleiar og arbeidsgruppa i Vestlandsrådet der plaststrategien har stått på agendaen. Det er også gjennomført ei rekke dialogmøte med representantar frå ulike avdelingar i fylkeskommunane. Intervju og spørjeskjema knytt til utarbeiding av plaststrategien er også sendt ut til eit utval basert på innspel frå arbeidsgruppa.

Vidare arbeid med marin forsøpling

Vestlandsrådet gjorde følgjande vedtak i VR-sak 30/19 den 27.11.2019:

Vestlandsrådet er positiv til forlenging av prosjektet "Tiltak mot marin forsøpling".

Vidare løyvingar vert tekne opp i budsjettet for 2020.

Vestlandsrådet ber om ei ny sak til møtet i februar, der mellom anna rollefordelinga i prosjektet vert teke opp.

I samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet står det vidare at enkeltprosjekt i hovudsak skal gjennomførast i eit samarbeid mellom to eller fleire av medlemsfylka i Vestlandsrådet. Arbeidsgruppa og prosjektleiar for prosjektet "Tiltak for marin forsøpling" er derfor utfordra på å vurdere korleis arbeidet med marin forsøpling kan vidareførast på tvers av fylka.

Behovet for å prioritere marin forsøpling er aukande, sjølv om analyser viser at jamleg rydding av strender gir mindre marint avfall i Noreg, med ein forståeleg om at ein og ryddar bort mykje eldre akkumulert plast frå strendene. Å rydde strender til evig tid er derimot ikkje løysinga på problemet, og det er framleis mange utfordringar som må løysast for å få bukt med avfallsproblema i havet. Marin forsøpling må også sjåast i samanheng med klimaendringar i form av auka ekstremvær, flaum og høgare havnivå som kan auke risikoen for tilførsel av søppel frå land.

I 2018 blei Senter for Oljevern og Marint Miljø (SOMM) etablert, og fylkesmannen fekk i oppdrag frå Miljødirektoratet å koordinere arbeidet med marin forsøpling. Det er også Miljødirektoratet som forvaltar tilskota til tiltak mot marin forsøpling frå staten. Ønsket til Vestlandsrådet om å bli ein pilot for koordinering av tiltak mot marin forsøpling blei derfor ikkje teke omsyn til.

Sidan fylkesmannen fekk koordineringsansvaret har dei arbeidd med å få oversikt over viktige strandryddingstiltak i fylka, samordna aktørane/frivillige i regionen og utfordra hamneeigarar til å lage avfallsplanar for å hindre søppel på avveggar med meir.

Friluftsråd, organisasjonar, forskning, utviklingsmiljø, offentlege instansar, og næringsliv er viktige aktørar for kunnskap, finansiering og gjennomføring av tiltak mot marin forsøpling i skjergarden langs Vestlandet. Som regional utviklingsaktør kan fylkeskommunane i samarbeid med fylkesmannen spele ei rolle for mobilisering og aktivisering av desse aktørane for å sikre effektive og koordinerte tiltak mot marin forsøpling.

Prosjektet har så langt hatt tett kontakt med mellom anna friluftsråd, næringsliv, offentlege instansar som fylkesmann, kommunar, Kystverket, IUA, SOMM, forskingsmiljø i arbeidet mot marin forsøpling. Dette har også resultert i eksterne midlar til ulike tiltak. Det er eit stort behov for initiativ og ressursar som kan mobilisere og utfordre aktørar til å utvikle og gjennomføre tiltak mot marin forsøpling. Av målbare resultat har prosjektet så langt initiert prosjekt som har fått inn ekstern finansiering. 4.5 millionar til BOF til eit tverrfagleg opprydding, forskning og innovasjon prosjekt på Tysnes kalla «Plastfritt Naturrestat Tysnes». Samt 300 000 til NORCE tilknytt autonom plastgjenkjenning under vatn, der og HI er ein samarbeidspart. Begge prosjekta er finansiert av Handelens Miljøfond, som og ynskjer å finansiere opprydding av 40% av ytre kyst i Norge innan 2023. Prosjektet er i dialog med Handelens Miljøfond knytt til denne pågåande prosessen. Andre initiativ, prosjektskilddringar, søknadar, samarbeid og nettverk har vært en naturlig del av prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling utan at dette nødvendigvis er målbart i kroner.

I tillegg har fylkeskommunane eit ansvar for å redusere plastbruken i eigen organisasjon og verksemd og setje marin forsøpling på den politiske dagsorden.

Med grunnlag i dette ser fylkesrådmannen det som aktuelt at medlemsfylka i Vestlandsrådet vurderer å vidareføre prosjektet tiltak mot marin forsøpling i eit samarbeid for felles og koordinert satsing på Vestlandet. Der det og settast av midlar til finansiering av dette.

Årsrapport for 2019

Prosjekt - Berekraftige tiltak mot marin forøpling

Bakgrunn

Den 25. oktober 2017 vedtok Vestlandsrådet (VR) at dei ønska å ta ei leiande koordinatørrolle innan marin forøpling langs vestlandskysten. Vestlandsrådet ville i tillegg medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen nasjonalt for å sikre nødvendige prioriteringar og ressursar til arbeidet, samt medverke til at temaet vert følgt opp i internasjonale fora, som t.d. Nordsjøkommisjonen/CPMR.

I VR-sak 06/18: Tiltak mot marin forøpling vart innsatsområda strandsonerydding, rydding av sjø- og havbotnen og førebyggjande arbeid peika ut som satsingar som det var ynskja å jobbe vidare med. Det vart samtidig sett av 400 000 kroner til ein 50 prosent stillingsressurs som prosjektleiar for prosjektet ut 2018. Vidare blei det i VR-møte 15.02.2019 vedtatt å vidareføre stillingsressurs med 600 000 kroner ut året, der prosjektleiar og fekk ansvar for å leie arbeidet med å skrive Plaststrategi for Vestlandsrådet som har fått tittelen: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet sitt engasjement for marin forøpling». Då midlane til prosjektleiar ikkje vart brukt opp i 2019 er stillingsressursen vidareført til ut mai 2020.

Plaststrategien blir sak på VR-møte første kvartal 2020, i tillegg til alternativ for vidareføring av arbeid mot marin forøpling.

Prosjektstruktur og rollar

Prosjektet vert leia av prosjektleiar Gudrun Kristin Fatland, og har vore knytt til Hordaland fylkeskommune frå 1. november 2018. Prosjektleiar har jobba i lag med ei arbeidsgruppe bestående av ein representant frå administrasjonen i kvar fylkeskommune:

- Rolf Årdal, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Thorsten Gøtterup, Rogaland fylkeskommune.
- Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Sveinung Klyve, Hordaland fylkeskommune.

Møteaktivitet

Tabellen nedanfor viser møteplan for ordinære prosjektmøter med arbeidsgruppa i 2019:

Måned	Dato	Måned	Dato
Januar	04.01.2019	September	18.09.2019
Februar	18.02.2019	Oktober	03.10.2019
Mars	15.03.2019	Oktober	17.10.2019
(April	02.04.2019)	Oktober	31.10.2019
Juni	21.06.2019	November	13.11.2019
August	29.08.2019	November	28.11.2019

Dette i tillegg til andre møter som prosjektleiar har utført knytt til ulike aktørar i høve prosjektet, og kontinuerlege interessent analyser.

Prosjektstyringssystem

Prosjektleiar har lag til rette for deling av dokument og informasjon med arbeidsgruppa i sharepoint. Her er det arbeid med handlingsplan og måla som er satt i prosjektet. Prosjekt er tverrfagleg og omfattar samhandling og samarbeid i store breidde med aktørar i frå blant anna statlege institusjonar som fylkesmann, interkommunale samarbeidsorgan som friluftsråd, forskingsinstitusjonar, renovasjonsselskap, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, Senter for Oljevern og Marint Miljø(SOMM) med fleire.

Økonomi

Tabell nedanfor visar oversikt over prosjektrekneskap 10248 marin forsøpling 2018-2019.

2018						
Stilling for Vestlandsrådet	Stilling%	Tid	Midler til stillingsressurs	Lønn/ sosiale kostnader	Andre kostnader.	Sum rest NOK
Prosjektleiar	50%	01.11.2018 - 31.12.2018	400 788	63 565	7 354	329 869
Sum NOK 31.12.2018.						329 869

2019						
Stilling for Vestlandsrådet	Stilling%	Tid	Midler til stillingsressurs	Lønn/ sosiale kostnader	Andre kostnader. Reise, møte ,kost, Koordineringsmøte	Sum rest NOK
Midlar frå 2018			329 869			
Prosjektleiar	50%	01.01.2019 - 31.06.2019.	627 942	550 923	77 225	
	100%	01.07.2019 - 31.12.20219				
Sum			957 811	550 923	77 225	
Sum NOK 31.12.2019.						329 663

Val av videomøte har vært nytta der det har vært mogleg. På bakgrunn av at det er nytta videokonferanse i høg grad har ein kunne gjennomføre arbeidet med vesentleg redusert reisekostnad.

Status og generell aktivitet i 2019

Prosjektets rapport sjåast i heilheit mot hovudmåla i prosjektet: HA1 – HA4 med sin handlingsplan som var satt i 2018:

- HA 1: Utvikle friluftsråda si rolle og funksjon.
- HA 2: Kartlegge dagens kunnskapsgrunnlag og etablere pilotprosjekt.
- HA 3: Utvikle kunnskapsgrunnlag og informasjonsarbeid.
- HA 4: Prosjektleiing, koordinering, rapportering.


Vidare rapporterer prosjektet på handlingsplan for 2019 som er knytt opp mot fokusområda:


- Strandrydding.
- Rydding av sjø og havbotn.
- Forebygging av marin forsøpling.

Rapport på Handlingsplan for 2019

Status satsingsområde – Strandrydding 2019

Handlingsplan	Status
Felles møte våren 2019 i samarbeid med Fylkesmennene på Vestlandet. Målgruppe for møte er friluftsråda, forskarar, hamnevesen, interkommunalt utval for akutt forureining (IUA) og andre aktørar.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektet gjennomførte eit koordineringsmøte 2. april 2019, i lag med Fylkesmannen i Vestland i Bergen med vel 80 deltakarar. ▪ Link til HFK kommunikasjonsdekning av arrangementet koordineringsmøte 2019 i Bergen: https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2019/krev-nasjonal-ordning-for-handtering-av-marint-soppel/ ▪ Det årlege koordineringsmøte med Vestlandrådet sitt prosjekt vil bli arrangert i Stavanger, 31.mars – 01. april 2020. I 2020 vil Vestlandsrådet sitt prosjekt arrangere møte i lag med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkesmannen i Rogaland, og Fylkesmannen i Vestland, og i samarbeid med Senter for oljevern og marint miljø. Link til informasjon og påmelding finn de her: https://www.vestlandfylke.no/kalender/2020/koordineringsmote-om-marin-forsopling/
Styrke rolla til friluftsråda og	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektet har arbeida med å styrke rolla til friluftsråda knytt til eigarlaust marint avfall og deira modell i ulike fora.

Skjærgårdstjenesten knytt til eigarlaust marint avfall.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Av signerte avtaler kan prosjektet for berekraftige tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet vise til at Bergen og omland friluftsråd (BOF) har på bakgrunn prosjektskilddring utarbeida av prosjektleiar i Vestlandsrådet fått tildelt midlar i frå Handelens Miljøfond (HM) på 4,5 millionar kroner knytt prosjektet «Plastfritt Naturreservat Tysnes». Eit oppryddingsarbeid med ein må visjon om å tilbakeføre naturen tilbake til sin naturlege stand. sendt inn til Handelens Miljøfond. Prosjektleiar i Vestlandsrådet sitt i styringsgruppa for prosjektet Plastfritt Naturreservat Tysnes.  <p>Bildet viser signering av kontrakt mellom HM og BOF. Foto: Gudrun Kristin Fatland.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er i ulike fora belyst løsningsmodell for operativ opprydding via friluftsråd og Skjærgårdstjenesten.
Arbeide for ei utviding av Vestkystparken for heile Vestlandet, i samråd med Vestkystparken.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fjordane Friluftsråd har blitt ein del av Vestkystparken i 2019. ▪ Supplerer med at dette er arbeid som Vestkystparken, friluftsråd, Skjærgårdstjenesten og arbeidar med uavhengig i frå prosjektet i lag med de aktuelle aktørane deira. ▪ Leggar til at prosjektet «tiltak mot marin forsøpling» har retta fokus på verdien av utvida samarbeid og støtta oppunder arbeid via dialog for ein utviding av Vestkystparken som har gitt resultat, då eit utvida Vestkystpark samarbeid vil kunne ha svært positive synergieffektar knytt til opprydding og førebygging av marin forsøpling. ▪ Vidare leggast det og fokus på ein utviding av Vestkystparken til Møre og Romsdal.
Støtte opp under arbeid for ein Skjærgårdstjeneste i Sogn og Fjordane.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektet har lyfta fram behovet og verdien av å utvide og etablere Skjærgårdstjenesten der denne ikkje er etablert i nordlege del av Vestland fylke, (tidlegare Sogn og Fjordane). ▪ Det er ytterlegare behov for vidare arbeid med å etablerer Skjærgårdstjenesten i nordlege del av Vestland fylke. Fjordane friluftsråd har utarbeide eigen handlingsplan og arbeidar med å søke investering og driftsmidlar, samt arbeidar med å få med fleire kommunar med i samarbeide, med utviding av friluftsråd og etablering av Skjærgårdstjenesten i sin region.
Arbeide for å oppretthalde og auka koordinering med andre interkommunale ressursar og aktørar med båtar og utstyr som er eigne til opprydding og innsamling av eigarlaust marint avfall.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Årleg koordineringsmøte er etablert, i 2019 i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland. I 2020 er møte utvida i samarbeid med Fylkesmennene på Vestlandet og i dialog med Senter for oljevern og marint miljø, (SOMM). ▪ Dialog med Kystverket, IUA er etablert og invitert til å halde innlegg på koordineringsmøte 31.03.2020 i Stavanger. ▪ Hordaland fylkeskommune har gitt 1 million kroner i tilskot til Friluftsråd i fylke, vidare har de og gitt andre tilskott til andre tiltak mot marin forsøpling. ▪ Forslag om ein IUM modell basert på ein IUA – interkommunalt utval for akutt forureining er foreslått for Klima og Miljødepartementet. Der ein nyttar seg av interkommunalt samhandling, samarbeid og etablert infrastruktur. Då de og har årlege møter system og dialog og samarbeid med blant anna Kystverket, friluftsråd, fylkesmenn, SNO og miljødirektoratet. ▪ Knytt til førebygging gjennomførte Vestlandsrådets AU januar 2019 et møte med Klima- og miljødepartementet etter vedtak i VR-sak 06/18. I møtet vart det løfta frem moglegheit for at Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling kunne bli eit nasjonalt pilotprosjekt. Samtidig vart det påpeika behov for å samarbeide med fylkesmannen med tanke på ønska roller.
Støtte opp under nasjonale, evt.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ein har støtta opp under nasjonale kartløyningar, og prosjektleiar sitt i referansegruppa til SOMM sin nasjonale kartløyning. Fleire friluftsråd,

internasjonale kartleggingsprosjekt i samråd med institusjonar som Norce, UIB, Havforskningsinstituttet, NTNU og Runde Miljøsentre der det vert lagt vekt på å ta i bruk ny teknologi som t.d. autonom plastkartlegging både over og under vatn.	renovasjonsselskap og andre aktørar sitt og i referansegruppe knytt til forvaltningsdelen og den frivilligdelen av kartløyninga. <ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er sendt inn søknad til Forskningsrådet om; "Etablering av nasjonal, autonom kartlegging av marint avfall for kostnadseffektiv forvaltning". Der Vestlandsrådet har vært drivande og utførande i søknads prosessen i lag med NORCE. Søknaden har vært utarbeide i lag med prosjekt partnerane; Bergen og omland friluftsråd, Sunnmøre friluftsråd, Finnmark friluftsråd, Jæren friluftsråd, Friluftsrådet Møre og Romsdal, Barents Watch, Asplan Viak, Haltenbanken Design Bergen AS, Ryfylke friluftsråd og NORCE. Eit prosjekt der og SOMM, HNR, og blant anna Kystverket står som part i den rådgjevandegruppa til prosjektet. BOF står som prosjektansvarleg og vil bidra med prosjektleiar. Denne søknaden vil ein få svar på i mars 2020.
Legge til rette for frivillig, og semi-profesjonelt oppryddings- arbeid.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektet har gjennomført møter, fult opp førespurnader, informert, delt kunnskap, vidareformidla og på den måten lagt til rette for frivillig, profesjonell, og semi- profesjonell rydding. ▪ HFK har hatt ein tilskotsordning til aktørar som vil rydde. ▪ Fylkeskommunen i Hordaland har støtta friluftsråda i søknad etter midlar, samt andre prosjekt som blant anna bidrar til å etablere arena søknad, og andre initiativ knytt til tiltak mot marin forsøpling.
Kartlegge utstyr og ressursar på heile Vestlandet i samråd med IUA, og senter for oljevern og marint miljø (SOMM).	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektet har utarbeida kartoversikt med oversikt over kor det er Friluftsråd, Skjærgårdstjenesten og Vestkystpark på Vestlandet. Kartet visar ein oversikt over kor det er etablert ressursar i dei ulike områda. Ein oppdatert versjon for 2020 er laga. Link til kartapplikasjon finn de her: https://hordalandfylke.maps.arcgis.com/apps/PublicInformation/index.html?appid=9d839196b32f45939ac1965d0c322832 
Støtte opp under og bidra til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø som har det nasjonale ansvaret.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektleiar sitt i referansegruppe til SOMM sin nasjonal kartløyning. ▪ Vidare har ein arbeida for at SOMM ser på arbeid som etablerte aktørar har gjort. Eksempelvis; Bergen og omland friluftsråd som i lag med sine samarbeidspartnarar har etablert kartløyning, der en har tatt utgangspunkt i NGIR sitt strandryddekart og vidareutvikla dette. Avinet /(Asplan Viak) er leverandør. ▪ Prosjektleiar har og belyst arbeid som Haltenbanken design (HD) og BOF har utført og vist til deira innovasjonsprosjekt om digital samhandling som i 2017 var finansiert at Innovasjon Norge via Human Innovation og introdusert dette arbeidet og HD for SOMM og Avinet. ▪ Får ein tildeling av prosjektet «Etablering av nasjonal, autonom kartlegging av marint avfall for kostnadseffektiv forvaltning», vil bli laga kompatibelt til SOMM sin nasjonale kartløyning og ligge tilgjengeleg for andre kartapplikasjonar.

Status Satsingsområde – Rydding av sjø- og havbotnen 2019

Handlingsplan	Status
Bidra til kartleggingsprosjekt i samarbeid med forskingsinstitusjonar og friluftsråda.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Havforskningsinstituttet tar sedimentprøver knytt til prosjektet «Plastfritt Naturreservat Tysnes» og vil analysere plastinnhold i desse før og etter opprydding ▪ HFK har delt ut midlar til oppryddingsprosjekt på havbotnen på Sotra til Bergen og omland friluftsråd, FjellVAR og Norsk Gjenvinning.
Kartleggje tidlegare lovlege deponi, leggje til	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tidlegare lovlege deponi er lokalisert i Vestland, Hetlevik Askøy. Det er førespurt å etablere eit større prosjekt for vurdering og kartlegging av avfall

rette for riktig og berekraftig opprydding i samarbeid med forskingsinstitusjonar, hamnevesen og Fylkesmannen.	på havbotnen, det er ynskjeleg på gjennomføre vurdering av dette med kommune, fylkesmann, forskarar og aktørar som har utstyr til å. <ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektet har førespurt Fylkesmannen i Vestland om de har ein oversikt over stader på havbotnen som de vet er forureina og desse stadene kan delast i kart.
Leggje til rette for profesjonelt oppryddingsarbeid der det er hensiktsmessig i forhold til tilkomst og utfordrande grad av oppryddings arbeidet.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fleire Friluftsråd har koordinert ryddeaksjonar av sjø og havbotn i samarbeid med frivillige, andre aktørar og kommunar. Då hovudsakleg ved hamn og ved kaianlegg. Vidare har ein søkt om midlar til Bergen og omland friluftsråd har blant anna gjennomført kartlegging av havbotn i samarbeid med Havforskningsinstituttet for vurdering av mengder og kunnskap om samanheng mellom mengder på land og ved sjø knytt til opprydding. Konklusjonen er at det i undersøkt område ikkje er ein samanheng. Det ein ser er meir dumping lokasjonar ved bruer, kaier og oppsamling ved elvemunningar som er hovuddel om område som er forsøpla. Typiske dumping lokasjonar, i lag med dei fiskereiskap som har drive og sidan sunke, evt. mista eller dumpa. Kjelde: Foreløpig rapport "Pilot prosjekt bunnundersøkelser Tysnes, Flornes". ▪ Møte med Handelens Miljøfond, Fylkesmannen i Vestland, Hordaland Fylkeskommune, Kystverket, (SOMM hadde ikkje anledning til å delta på dette møte, men er orientert) har gjennomført for å sjå finansieringsløyising av effektivt og profesjonelt oppryddingsarbeid på Vestlandet. Handelens Miljøfond har som mål å rydde 40% av ytre kyst for makroplast innan 2023, og finansiere profesjonell opprydding av dette.
Støtte opp under nasjonale, evt. internasjonale kartleggingsprosjekt i samråd med institusjonar som Norce, Havforskningsinstituttet, NTNU og Runde Miljøsentor. Der det vert teke i bruk ny teknologi som til dømes autonom programvare.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Vestlandsrådet har vært ein part knytt til eit samarbeidsprosjekt mellom NORCE, HI og Bergen og omland friluftsråd. Prosjektet vart finansiert i 2019 av Handelens Miljøfond med kronar 300 000,-. Der ein med opp trening av autonom programvare kan identifisere plast i sjø og på havbotn.
Støtte opp under og bidra til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø, som skal ha den nasjonale oversikten knytt til marin forsøpling.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kontinuerleg dialog har vært gjennomført med SOMM. De har tilgang og innsyn i prosjekter og er interessentar. ▪ I søknad til Forskningsrådet knytt til autonomt plastkart, var SOMM oppført i referansegruppa.
Samarbeide om fleire kartleggingslokasjonar av havbotn i samarbeid med HI og Norce, for vurdering av mengder, tilrettelegging for berekraftig og riktig forvaltning av havbotn. Samt kunnskap om samanheng mellom mengder på land og ved sjø knytt til opprydding.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ulike prosjekt er under vurdering, blant anna tidlegare lovlege havdeponi. ▪ Tidlegare prosjekt via BOF ilag med HI har vist at det ikkje er samanheng med mengde makroplast på land, som det er i nærliggande sjø ved eksempelvis Tysnes. ▪ Det er utarbeida projektskildring med blant anna prosjektpartnerar som Havforskningsinstituttet, Olympic shipping, Runde Miljøsentor, Salt Lofoten, Fishing for Litter om berekraftig havbotnoppnydding på Møre. Der en og vil kartlegge type og eksakt mengde av avfallet som vert tatt opp. Sunnmøre Friluftsråd står som prosjektansvarleg og prosjektleiur for dette prosjektet. Ettersom en fekk avslag av HM i 2019 vurdere en fleire finansieringskjelder.

Status satsingsområde – førebyggjande arbeid

Handlingsplan	Status
Etablere og implementere eigen plaststrategi internt for fylkeskommunane på Vestlandet. Auke intern samhandling i eigen organisasjon.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Plaststrategi er utarbeida og klar, den har fått namnet: “Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet sitt engasjement mot marin forsøpling”. ▪ Prosjektet har medverka til intern samhandling og mellom fylkeskommunane.
Legge til rette for forskning på plast for auka kunnskap og metodeutvikling.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ HFK har finansielt støtta oppunder med midlar til klyngesøknad som er innvilga til NOSCA Clean Ocean med hovudkontor i Bergen. Dialog er etablert meg klynga. ▪ Dialog med Marine Recycling Cluster i Lofoten og Vesterålen, som er den andre klynga som har fått klyngestatus er etablert.
Legge til rette for auka undervisningstiltak knytt til marin forsøpling. Vurdere moglegheita for å finansiering ein undervisningsfilm som kan distribuerast til skular i heile landet.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det er gjennomført pilotprosjekt knytt til foredrag om marin forsøpling til vidaregåande skuleelevar i HFK, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd, Norges jeger og Fiskerforbund, Norce og dei respektive interkommunale renovasjonsselskapa i dei ulike områda. ▪ HFK har bidratt til midlar til eit prosjekt som heitar «snakkast på fjorden» som har hatt fokus på berekraft, meistringskraft og marin forsøpling, eit samarbeid mellom Bergen og omland friluftsråd, fn- sambandet, coasteering m/fleire. https://www.facebook.com/kystsogevekene/videos/341334636681042/ og https://www.kystkultur.no/default-css.asp?k=4900&id=28196 ▪ Det er utarbeid ein prosjektskildring om eit opplæringsopplegg i samarbeid med NDLA som er eigd av fylkeskommunane med visjon om å: «Gi ungdommane kunnskap via digitalt læringsopplegg til å sjå samanhenga og heilheta av forsøpling i naturen, slik at de tar berekraftige val for nå, & for framtida» i samarbeid med fleire aktørar, blant anna Havforskningsinstituttet, og fleire friluftsråd. Ulike finansieringsordningar vurderast og må søkast midlar om.
Legge til rette for internasjonalt samarbeid og prosjekt.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ein har dialog med aktørar som ynskjer å sjå nærmare på internasjonalt samarbeid. ▪ HFK har bidratt til finansieringa av ulike prosjekt via ulike aktørar med internasjonalt samarbeid: eks. Plastic Whale Heritage conference, Miljøkajak. ▪ Ein har dialog opp mot Erasmus, det er meldt inn ynskja prioriteringar og ein legg til rette for internasjonale samarbeid. ▪ Medlem i prosjektets arbeidsgruppe sitt i Nordsjøkommisjonen og er representert der.

Oppsummering

Behovet for å halde fokus på tema marin forsøpling er aukande og vil fortsette å være det i dei kommande åra, då og sett i samheng med økte transportveggar av plast og knytt til klimaendringar, meir ekstremvær og på sikt havnivåstigning. Førebyggjande arbeid og innarbeiding av plaststrategien blir viktig for å nå målet om ein plastfri natur på land og i hav. Samt implementering av forbod mot unødvendig eingongsplast. Vidare vil det og være behov for å arbeid for at det operative ansvaret for opprydding, og handtering av eigarlaust marint avfall blir plassert, formalisert og langsiktig og føresjåeleg finansiert. I tillegg til moglegheita til å kunne fortsette å halde fokus på og setje marin forsøpling på den politiske agendaen og lede ved eksempel. Det er viktig med tid og vidare ressursar for å implementere Plaststrategien «ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet.». Prosjektet har levert svært gode resultat, for å oppnå vidare gevinstrealiseringa og vil det være hensiktsmessig å vidareføre Vestlandsrådet sin satsing mot marin forsøpling, og prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling.

Sluttrappport Vestlandsrådet sitt berekraftprosjekt – Tiltak mot marin forspøpling

Prosjektnummer (10248 marin forspøpling) / 200046 i perioden 01.11.2018 - 31.05.2020.



Bildet viser strandrydding i Øygarden. Mai 2020. Foto: Gudrun Kristin Fatland

Rapporten er utarbeida av prosjektleiar: Gudrun Kristin Fatland, i samarbeid med arbeidsgruppa i prosjektet: Thorsten Gøtterup, Rogaland fylkeskommune. Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune. Sveinung Klyve, Vestland fylkeskommune. Rolf Årdal, Vestland fylkeskommune.

Bergen. Mai 2020.

Innhold

Bakgrunn for prosjektet.....	3
Sluttrapportens oppbygning.....	4
Prosjektstruktur og rollar.....	4
Prosjektstyringssystem.....	4
Økonomi.....	4
Planlegging og prosjektmål.....	6
Nytteverdi.....	8
Samarbeidsaktører og interessentar.....	12
Aktivitet i prosjektperioden 2018 – 2019.....	17
Plaststrategi.....	21
Usikkerhet.....	21
.....	22
Resultat og Gevinstrealisering.....	22
Erfaringsoverføring.....	24
Oppsummering og evaluering.....	25
Konklusjon.....	26

Bakgrunn for prosjektet

Det var først då kvalen på Sotra måtte bøte med livet januar 2017, at verda vakna. Då kvalen var blitt sjuk og måtte avlivast med ikkje mindre enn 30 plastposar i magen. Det var først da verda verkeleg vakna på eit globalt bevisstheitsnivå og skjønnte alvoret med den globale plastutfordringa i havet.

Det er anslått det tilførst 15 tonn plast i havet kvart minutt. Noko som gir enorme konsekvensar for hav, natur og miljø. Forskarar har dei siste åra bekrefta at vi er omgitt av plastpartikler og plastens kjemikalieinnhald. Vi finn plast i blant anna jordsmonn, drikkevatt, salt og honning. I 2019 var det og registrert plast i snø så langt nord som i Arktis, der det foreløpig er angitt at plasten har kome med vinden. I Colorado i regn som nedbør, og havet finner vi plast i de djupaste gropene på jordskorpo.

Dyr kan døy av å ete plast. Dyr kan i tillegg få dødelege skadar av å setje seg fast i garn, nøter, og anna makroplast. Meir forskning og fleire svar må til for å kunne angi det heile risiko og konsekvensbilde knytt til menneskeleg helse.

Vestlandsrådet (VR) vedtok den 25. oktober 2017 å ta ei leiande koordinatorrolle innan marin forsøpling langs vestlandskysten. Vestlandsrådet ville i tillegg medverke til å setje temaet på den politiske dagsordenen for å sikra naudsynte prioriteringar og ressursar til arbeidet nasjonalt. Samt medverka til at temaet vert følgd opp i internasjonale fora som til dømes Nordsjøkommisjonen/CPMR.

Det vart derfor oppretta ei administrativ arbeidsgruppe med representantar frå dei dåverande fire fylkeskommunane, som skulle sette grunnlaget for prosjektet. I VR-sak 06/18 vart innsatsområda; strandsonerydding, rydding av sjø- og havbotnen og førebyggjande arbeid peika ut som dei satsingar som det var ønskja å jobbe vidare med. Prosjektstruktur vart etablert, prosjektleiar tilsett, og rollar tydeleg avklart.

Prosjektets sluttrapport sjåast i heilheit mot hovudmåla som var satt i 2018, samt vedteken handlingsplan for 2019. Sluttrapporten visar til årsrapportane for 2018 og 2019 for prosjektet.



Bildet ovanfor viser forskar Christoph Noever ved UIB som har stilt fram innhaldet i magen til kvalen som døyde på Sotra, januar 2017. Innholdet utgjør ikkje mindre enn 30 plastposar. Bildekjelde: Universitetet i Bergen. Nettlink: <https://www.uib.no/aktuelt/117899/plastryddingen-tok-av-i-plasthvalens-ånd> <20.05.2020>.

Sluttrapportens oppbygning

Prosjektets sluttrapport viser til årsrapport for 2018, 2019, og sjåast i heilheit mot hovudmåla i prosjektet: HA1 – HA4 med sin handlingsplan, og hovudprosjekt mål som var satt i 2018, samt vedteken handlingsplan for 2019.

Prosjektstruktur og rollar

Prosjektet har vore leia av prosjektleiar Gudrun Kristin Fatland frå 1. november 2018. Stillinga har vore knytt til administrasjonen i tidlegare Hordaland fylkeskommune (HFK). I frå 2020 i Vestland fylkeskommune (VLFK). Prosjektleiar arbeidar i lag med ei arbeidsgruppe med representantar frå administrasjonen i kvar fylkeskommune:

- Thorsten Gøtterup, Rogaland fylkeskommune.
- Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Sveinung Klyve, Vestland fylkeskommune, (tidl. Hordaland fylkeskommune).
- Rolf Årdal, Vestland fylkeskommune, (tidl. Sogn og Fjordane fylkeskommune).

Prosjektstyringssystem

Dokument og informasjonsflyt i prosjektet har vore etablert i Sharepoint via Vestland fylkeskommune.

Prosjektet er knytt opp mot sekretariatssystemet til Vestlandsrådet. Prosjektet har meldt politiske saker inn i systemet til den fylkeskommunen som ha hatt sekretariatet. I 2018 - 2019 i Rogaland fylkeskommune, inntil sekretariatet blei overført til Vestland fylkeskommune i 2020.

Det er årleg sidan 2018 laga årsrapportar som har rapportert på prosjekt mål og vedteke årlege handlingsplanar, som ein del av milepæl og prosjektmåls kontrollmålbarheit. Det visast i rapporten til desse.

Kontinuerleg interessent vurderingar er blitt gjort, og usikkerheit vurdert. Prosjektleiar har nytta gant skjema for planlegging og oversikt i prosjektet.

PSO prosjektet er tverrfagleg og omfattar samhandling og samarbeid internt og med eksterne aktørar. Prosjektet har samhandla med ein stor breidde med aktørar frå blant anna statlege institusjonar som fylkesmann, interkommunale samarbeidsorgan som friluftsråd, forskingsinstitusjonar, renovasjonsselskap, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, Senter for Oljevern og Marint Miljø (SOMM), Avfall Norge, HNR med fleire. Den etablerte dialogen er lagt opp til å bli vidareført via Vestland fylkeskommune sin nye Teams- løysning, og er allereie etablert med noverande arbeidsgruppe og kontaktpersonar i frå de nå tre fylkeskommunane i prosjektet.

Vidare er det lagt til andre fylkeskommunale representantantar i frå blant anna Nordsjøkommisjonen, kontaktpersonar innanfor Fylkesmennene på Vestlandet, og Senter for Oljevern og marint miljø. Fleire aktørar vil bli lagt til etter kvart under ulike kanalar som er tilknytt kommunar og friluftsråd, etc. For å kunne oppretthalde dialog og informasjon, og delingsflyt. Slik at det vidare arbeidet blir overførbart og noko meir person- uavhengig.

Økonomien i prosjektet har vært styrt via Hordaland fylkeskommune sitt økonomisystem 2018 - 2019, i frå 2020 har også prosjektets økonomi blitt overført til Vestland fylkeskommune sitt økonomisystem.

Økonomi

I 2018 vart det sett av 400 000,- kroner til ein 50 prosent stillingsressurs som prosjektleiar. I Vestlandsrådet sitt møte 15.02.2019 løyvde Vestlandsrådet ytterlegare kr. 600 000,- til vidareføring av prosjektleiarressurs i ein 100 prosent stilling ut 2019. Av

ulike grunnar vart ikkje desse midlane brukt opp i 2019, og Vestland fylkeskommune forlenga derfor kontrakt med prosjektleiar ut mai 2020.

VLFK har gått inn med egne midlar i prosjektet, og gjort tilgjengeleg vell kr. 119 547,- i ekstra midlar. Nå har ikkje prosjektet nytta alle midlane i prosjektet. De resterande midlane vil bli tilbakeført til VLFK. Ettersom den politiske saka har blitt utsett til etter prosjektslutt, er det estimert ekstra kostnadar for innhenting av tidlegare Prosjektleiar Gudrun Kristin Fatland til VR møte som tar opp saka, sist bekrefta dato er 25.juni 2020.

På bakgrunn av koronasituasjonen blei det fysiske felles koordineringsmøte som var planlagt i Stavanger 31. mars - 1. april gjennomført digitalt den 31. mars. 2020. Eit kanselleringsgebyr tilkom, avbestillingsgebyret for konferansen til hotellet har blitt dekket av prosjektet og med de ekstra midlane tilført prosjektet via VLFK.

Kostnad til reiser for å delta på Senter for oljevern og marint miljø (SOMM) sin referansegruppe knyttet til SOMM sin utvikling og etablering av forvaltningskartløsning.

Val av videomøte har vært nytta der det har vært mogleg. På bakgrunn av at det er nytta videokonferanse i høg grad i prosjektet har ein kunne gjennomføre arbeidet med vesentleg redusert reisekostnad, effektiv tidsbruk og redusert CO2 utslipp.

Tabell nedanfor visar oversikt over prosjektrekneskap i prosjekt 10248 marin forsøpling 2018-2019 i HFK. Frå 2020 med prosjektnummer 200046 i VLFK.

Prosjektrekneskapet er ikkje endeleg avslutta for 2020, og sluttsum i prosjektet er ein prognose. Det er midlar i prosjektet, og resterande vil bli tilbakeført til VLFK som har gått inn med ekstra ressursar i 2020.

2018						
Stilling for Vestlandsrådet	Stilling%	Tid	Midler til stillingsressurs	Lønn/ sosiale kostnader	Andre kostnader. Reise, møte ,kost, Koordineringsmøte	Sum rest NOK
Prosjektleiar	50%	01.11.2018 - 31.12.2018	400 788	-63 565	-7 354	
2019						
Prosjektleiar	50%	01.01.2019 - 31.06.2019.	627 942	-550 923	-77 225	
	100%	01.07.2019 - 31.12.2019				
2020						
Midlar frå budsjett Vestlandsrådet 2018 og 2019			329 663			
Tilgjengelege midlar i fra VLFK			81 587			
Prosjektleiar	100%	01.01.2020 - 31.05.2020.		-333 050	-73000	
Prosjektleiar	Estimert	4. t. 25.06.2020			-5200	
Prognose sum prosjekt NOK		31.05.2020				0

Planlegging og prosjektmål


Prosjektmål satt i 2018:

- HA 1: Utvikle friluftsråda si rolle og funksjon.
- HA 2: Kartlegge dagens kunnskapsgrunnlag og etablere pilotprosjekt.
- HA 3: Utvikle kunnskapsgrunnlag og informasjonsarbeid.
- HA 4: Prosjektledning, koordinering, rapportering.

Dei ulike hovudmåla for prosjektet hadde fylgjande delmål som belyst i tabellen nedanfor:

Innsatsområde	Strandsonerydding	
HA 1: Utvikle friluftsråda si rolle og funksjon.	1.1	Organisering av opprydding som dekker heile kysten, fortrinnsvis organisert gjennom friluftsråda.
	1.2	Utvikle felles handlingsplanar og rydding i kvart fylke der friluftsråda koordinerer innsatsen.
	1.3	Utvikling/avklaring av Skjærgardstenesta si rolle og funksjon på Vestlandet.
	1.4	Utvikle modell for langsiktig mobilisering og organisering av lokalsamfunnsressursar.
	1.5	Samordne arbeidet med utvikling av digitale kartfunksjonar for overvåking, prioritering og dokumentasjon av rydding.
	1.6	Samordne arbeidet med avfallshandtering.
Innsatsområde	Rydding av sjø- og havbotn	
HA 2: Kartlegge dagens kunnskapsgrunnlag og etablere pilotprosjekt.	2.1	Utvikle metode for kartlegging av forsøpling på sjø- og havbotn.
	2.2	Gjennomføre pilotar for planlegging og organisering av ryddeaksjonar på sjøbotn.
	2.3	Oppfølging av arbeidet for etablering av avfallsplanar og rydding i havner- og havneområder.
Innsatsområde	Førebyggjande arbeid	
HA 3: Utvikle kunnskaps-grunnlag og informasjonsarbeid.	3.1	Kunnskapsutvikling om dei viktigaste kjeldene til mikroplast.
	3.2	Utvikle kommunikasjonsplanar m.o.t. ulike målgrupper som t.d. kommunar, havbruk, fiskeri og landbruk.
	3.3	Kunnskapsutvikling om kvar plastsøppelet kjem frå som grunnlag for å definere behovet og organisering av internasjonalt samarbeid.

I 2019 valte en å vidare supplera og vidareutvikle prosjektet retta ytterlegare mot fylgjande tre hovudfokusområdar for prosjektet, med fylgjande handlingsplan og mål:



- Strandrydding.
- Rydding på havbotn.
- Forebygging av marin forspøpling.

Figur 1. ovanfor visar illustrasjon over dei tre fokusområda som sees i samanheng med kvarandre: Strandrydding, rydding på havbotn, forebygging av marin forspøpling.

Oversikten nedanfor visar mål i handlingsplanen for 2019:

Strandrydding
Felles møte våren 2019 i samarbeid med Fylkesmennene på Vestlandet. Målgruppe for møte er friluftsråda, forskarar, hamnevesen, interkommunalt utval for akutt forureining (IUA) og andre aktørar.
Styrke rolla til friluftsråda og Skjærgårdstjenesten knytt til eigarlaust marint avfall.
Arbeide for ei utviding av Vestkystparken for heile Vestlandet, i samråd med Vestkystparken.
Støtte opp under arbeid for ein Skjærgårdstjeneste i Sogn og Fjordane.
Arbeide for å oppretthalde og auka koordinering med andre interkommunale ressursar og aktørar med båtar og utstyr som er eigne til opprydding og innsamling av eigarlaust marint avfall.
Støtte opp under nasjonale, evt. internasjonale kartleggingsprosjekt i samråd med institusjonar som Norce, UIB, Havforskningsinstituttet, NTNU og Runde Miljøsentar der det vert lagt vekt på å ta i bruk ny teknologi som t.d. autonom plastkartlegging både over og under vatn
Legge til rette for frivillig, og semi-profesjonelt oppryddings- arbeid.
Kartlegge utstyr og ressursar på heile Vestlandet i samråd med IUA, og senter for oljevern og marint miljø (SOMM).
Støtte opp under og bidra til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø som har det nasjonale ansvaret.
Rydding på havbotnen
Bidra til kartleggingsprosjekt i samarbeid med forskingsinstitusjonar og friluftsråda.
Kartleggje tidlegare lovlege deponi, leggje til rette for riktig og berekraftig opprydding i samarbeid med forskingsinstitusjonar, hamnevesen og Fylkesmannen.
Leggje til rette for profesjonelt oppryddingsarbeid der det er hensiktsmessig i forhold til tilkomst og utfordrande grad av oppryddings arbeidet.

Støtte opp under nasjonale, evt. internasjonale kartleggingsprosjekt i samråd med institusjonar som Norce, Havforskningsinstituttet, NTNU og Runde Miljøsentier. Der det vert teke i bruk ny teknologi som til dømes autonom programvare.
Støtte opp under og bidra til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø, som skal ha den nasjonale oversikten knytt til marin forsøpling.
Samarbeide om fleire kartleggingslokasjonar av havbotn i samarbeid med HI og Norce, for vurdering av mengder, tilrettelegging for berekraftig og riktig forvaltning av havbotn. Samt kunnskap om samanheng mellom mengder på land og ved sjø knytt til opprydding.
Førebygging av marin forsøpling
Etablere og implementere eigen plaststrategi internt for fylkeskommunane på Vestlandet. Auke intern samhandling i eigen organisasjon.
Legge til rette for forskning på plast for auka kunnskap og metodeutvikling.
Legge til rette for auka undervisingstiltak knytt til marin forsøpling. Vurdere moglegheita for å finansiering ein undervisningsfilm som kan distribuerast til skular i heile landet.
Legge til rette for internasjonalt samarbeid og prosjekt.

Nytteverdi

Fylkeskommunane er store verksemdar, instansar med stort forbruk og mogelegheit for påverknad i samfunnet. Som ein leiande aktør innanfor samfunnsutvikling må vi og sjå til, og følge opp at de tiltak som blir etablert knytt til tiltak mot marin forsøpling også er berekraftige for miljøet.

Moglegheita for å dele kunnskap med foredrag og opplæringsopplegg i de fylkeskommunale kanalane med blant anna å gje vidaregåande skuleelevar den faglege tyngda og kunnskapen til å foreta gode val for seg sjølv om miljøet for no og for framtida er viktige førebyggjande berekraftige tiltak av stor samfunns- og nytteverdi. Verdien med å være med ute å kjenne plasten i henda og kjenne lyden av knitringa av plasten i jorda når ein trår på underlaget er av stor betydning og gjer inntrykk og enormt med læring og haldningsskapande arbeid, og er av stort nytteverdi betre forvaltning i framtida.

Nytterverdien og effekten av å rydde på land er stor. Det er når plasten endå er makroplast og ligg oppe i dagen, at den er enklast å rydde. Utfordringa med opprydding i dag er aller størst nå den kjem i mindre plastbitar, og som mikro og nanoplast. Miljøgevinsten ved å rydde plast og drive førebyggjande arbeid nå er av stor nytteverdi. Konsekvensen ved å ikkje gjøere noe, er formidable for miljøet. Det heile konsekvensbilde for menneskelege helse er endå ikkje kjent, då vi endå har behov for fleire svar og meir forskning på plastens konsekvens på menneske. Verdien ved å leggje til rette for økt forskning, kunnskapsformidling, innovasjon og førbygging av plastforurensinga er av stor verknad, og høg nytteverdi for eit berekraftig og ressursrikt hav og natur utan plast i framtida, inn i evigheita.

Berre sidan 2017, har det komme mykje ny kunnskap og forskning, som tilstadigheit tilfører verdi, slik at ein ser at de tiltak som blir iverksatt blir så målretta og forvaltningsmessig forsvarleg som mogleg. Nytterverdien ved å ta ansvar og gjennomføre kontinuerlige berekraftige tiltak mot marin forsøpling er avgjørende for å kunne ta vare på havet vårt og havets ressurser i fremtiden.



Bildet ovenfor viser Skjærgårdstjenesten i Friluftsrådet Vest på oppryddingsoppdrag av eigarlaust marint avfall på havbotn. Fotokjelde: Friluftsrådet Vest.


Det vidare arbeidet for at staten plasserar det operative ansvaret for eigarlaust marint avfall, samt langsigtig og forutsigbart finansierer for både opprydding og handtering av det eigarlause marine avfallet er også viktig i fortsettelsen av fylkeskommunanes vidare arbeid.

Bildet nedanfor visar før og etter ryddeaksjon. Ved å velje å styrke rolla til friluftsråda som og er profesjonelle aktør, samstundes interkommunale samarbeidsorgan. Bidrar vi og til at andre aktørar, organisasjonar, forskning, næringsliv, skular og frivillige kan bidra gjennom å få tildelt hjelp, rettleiing, ryddeutstyr og informasjon om korleis ein trygt kan rydde eigarlaust marint avfall. Samtidig som ein opprettholder oversikt og bygger kompetanse og sørger for vidare god dialog og samarbeid med de andre offentlege aktørar som eksempelvis kommunane, SNO, SOMM, Fylkeskmannen, Miljødirektoratet, IUA, Hamnevesen, Kystverket.



Bilda ovenfor visar den nytteverdien av å rydde plast i Little Trovågen i Ytre Sula. Alt det en har rydda er plast som ikkje blir liggande og krakelera i naturen i århundre til mikro og nanoplast. Foto: Bjarte Engevik.

Nytteverdien av de interkommunale samarbeidsorgana som Friluftsråd er, er av stor samfunnsnytte og verdi. Kartet på neste side illustrere kor det så langt (mai 2020) er lokalisert friluftsråd:




Kartet ovanfor visar kor det så langt er lokalisert friluftsråd langs kysten på Vestlandet i ulike fargekodar.

Ein utviding av Friluftsråd og Skjærgårdstjenesten der dette ikkje er dette i dag vil styrke den kontinuerlege opprydjinga og vedlikehaldet der det ikkje er friluftsråd og Skjærgårdstjeneste i dag. Ein utviding av Vestkystparken, og Skjærgårdstjenesten vil styrke kystens samkoordinering ved å nytte den etablerte infrastrukturen, **infrastruktur menes i denne rapporten som:** etablert samarbeid, åreleg møtar, strategiar, rapportering og kommunikasjon, informasjon til publikum, hms, metodedeling, etc.


Skjærgårdstjenesta og er ein del av IUA, som og er knytt opp mot Kystverket sin innsats mot akutt forureining. Det har i prosjektet vore belyst nytteverdi av å nytte ein tilsvarende modell knytt til ansvars plassering og opprydjing av marint avfall, basert på eksisterande IUA modell. Kan ein utvide dette arbeidet og implementere det til og å kunne gjelde opprydjing av marin forsøpling vil ein kunne de etablerte system og infrastruktur som tidlegare belyst ovanfor. Enn så lenge er ikkje ansvaret for opprydjing av marin avfall plassert. Så ein mest mogleg effektiv bruk av eksisterande offentleg infrastruktur nasjonal er enda ikkje heilt mogleg.

Det er i prosjektet kartlagt kor det er etablerte friluftsråd, og ressursar i form av Skjærgårdstjenesten og Vestkystpark samarbeid som illustrert nedanfor:



Karta ovanfor til venstre viser kor det er etablert Skjærgårdstjeneste på Vestlandet. Kartet ovanfor til høgre viser kor Vestkystpark er utstrekt p.t. Karta er etablert i prosjektet og finnes ved følgende link:
<https://hordalandfylke.maps.arcgis.com/apps/PublicInformation/index.html?appid=9d839196b32f45939ac1965d0c322832>

I prosjektperioden har Fjordande friluftsråd blitt ein del av Vestkystparken. Fjordande friluftsråd arbeider for å etablere ein Skjærgårdstjenesten, samt er i dialog med fleire potensielle nye medlemskommunar i nordlege del av Vestland fylke. Nytteverdien av ein utstrekt Skjærgårdstjeneste langs heile den norske kysten vil være av stor samfunns og nytteverdi.



Bilda ovanfor visar rydding av eigarlaust marint avfall på Jæren i Rogaland. Foto: Jæren Friluftsråd/Magnus Utsogn

Nytteverdien av metoda som friluftsråda operer på med BOF sin kommunikasjon og samhandlingsmodell «Hordalandsmodell» / nå BOF modell har vært eit suksesskriterie. Vidare belyser BOF sin prosessfigur til ryddingas verdikjede, som er av stor samfunns og nytteverdi som det er viktig å støtte opp under i det vidare arbeidet med marin forsøpling: **Ryddingas verdikjede** av BOF:

Ryddingas verdikjede er omfattende



Effektiv resultatoppnåelse krever koordinasjon på tvers av aktørane, ellers er det stor risiko for sløsing av midler

Modellen ovenfor viser Ryddingas verdikjede. Kjelde og opphav; Bergen og omland friluftsråd, 2020.



Bildet ovanfor visar opprydding og innsamling av eigarlaust marint avfall. Fotokjelde: Friluftsrådet Vest.

FN sine berekraftsmål er essensielt og som grunnlag i arbeid som er gjort knytt til prosjektet, der vi og har hatt fokus på fylgjande FN berekraftsmål; 6, 11, 12, 14, 15 og 17 som illustrert i bilde nedanfor. Disse måla er og gjennomgåande i Plaststrategien, «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet sitt engasjement mot marin forsøpling» med stor nytteverdi:



- 6: Reint vatn og gode sanitærforhold.
- 11: Berekraftige byar og samfunn.
- 12: Ansvarleg forbruk og produksjon.
- 14: Liv under vatn.
- 15: Liv på land.
- 17: Samarbeid for å nå måla.

Figur ovanfor viser FN sine berekraftsmål, med merka fokusmål som vi har arbeidet spesifikt med i dette prosjektet.


Nytteverdien av ein plastfri natur, skapar og økt rekreasjonsverdi i eit folkehelseperspektiv, med gode opplevingar i naturen. Med det kjem ofte og ein økt bevisstheit knytt til forbruk, forsøpling, plast, egen haldning og åtfærd. Med ein filosofi og håp om at det ein er glad i, tar en og vare på.

Samarbeidsaktørar og interessentar

Kommunar, friluftsråd, organisasjonar, forskning, utviklingsmiljø, offentlege instansar og næringsliv er interessentar. Samt viktige aktørar for kunnskap, finansiering og gjennomføring av tiltak mot marin forsøpling i skjergarden langs Vestlandet. Som regional utviklingsaktør kan fylkeskommunane i samarbeid med fylkesmannen spele ei rolle for mobilisering og aktivisering av desse aktørane for å sikre effektive og koordinerte tiltak mot marin forsøpling.

Prosjektet har hatt dialog med friluftsråd på Vestlandet, næringsliv, offentlege instansar som fylkesmann, kommunar, Kystverket, IUA, SOMM, HNR, FL, forskingsmiljø, frivillige organisasjonar, Kystverket, BarentsWatch, Asplan Viak, IUA, Havnevesen, Avfall Norge og renovasjonsaktørar og fleire i arbeidet mot marin forsøpling.

Basert på BOF sin modell, tidlegare kalla «Hordalandsmodellen» har prosjektet valt å overføre emne modellen og illustrere i sin «Vestlandsmodell» korleis prosjektet har samhandla og kommunisert med ulike aktørar i sitt prosjekt.



Figur overfor viser eit interessentkart for samhandling og kommunikasjon for prosjektet vårt knytt til tiltak mot marin forsøpling. Ein overført modell i frå BOF sin Hordalandsmodell

I 2018 blei Senter for Oljevern og Marint Miljø (SOMM) etablert som det nasjonale kunnskapssenteret for marin forsøpling. Det er Miljødirektoratet som avgjer tilskota til tiltak mot marin forsøpling i frå staten. Ønsket til Vestlandsrådet om å bli ein pilot for koordinering av tiltak mot marin forsøpling blei derfor ikkje teke omsyn til av Klima og miljødepartementet. Då Miljødirektoratet sin strategi er avgjerande for ansvarsplassering av offentlege oppgåver.


Fylkesmennene har fått den nasjonale tidelings oppgåva om å ha koordineringsansvaret i fylka og ha oversikt over strandryddingstiltak i fylka, samordna aktørane/frivillige i regionen og følgje opp hamneigarar til å lage avfallsplanar for å hindre søppel på avveggar med meir. Prosjektet har arbeidet tett med både SOMM og Fylkesmannen i prosjektperioden, og prosjektet har bidratt og delt kunnskap, informasjon, initiert ulike prosjektsøknadar, samt deltatt i referansegruppe til SOMM sin nye kartløyning for marin forsøpling; Rent Hav, og Rydde.

I 2019 tildelte Innovasjon Norge midlar til nye plastrelaterte klyngar, blant annet til NOSCA Clean Ocean, samt Marine Recycling cluster. Begge er klynger som prosjektet har hatt dialog med samt orientert og invitert til å delta i ulike prosjektinitiativ som det er søkt om midlar til hos HM. Prosjektet med høg kunnskap, tverrfaglege samarbeidspartnarar og stor overføringsverdi og deling av kunnskap i prosjektet.

Eksempelvis projektskildringa: «Bærekraftig opprydding på Havbotnen på Møre». Der prosjektet på bakgrunn og basert på Havforskningsinstituttet (HI), ved Lene Buhl Mortensen sitt nasjonale Mareano prosjekt www.mareano.no. Har ervervet seg kunnskap og oversikt over forsøpla områder på havbotn, deriblant på Møre. HI ville kunne bidra med sin kunnskap for ein bærekraftige og kunnskapsbasert opprydding, samt fungere som ein operativ rådgjevar i tilknytning til hevinga av det marine avfallet, og foreta vurderingar i forkant, under og i etter evaluering av prosjektet. Kartet over områda finner ein på: www.mareano.no og tilhøyrande oversikt og liste med registreringar og koordinatar.

Det er ved disse stadane registrert menneskeleg påverknad og marint avfall på havbotn knytt til Mareanostasjonane i Mareano prosjektet. Der ein ser områda ved Godøya der det er høgast akkumulerte registreringar av marin forsøpling på havbotn. Området på

Møre, og spesielt ved Godøya var valt ut basert på den akkumulerte graden av marin forsøpling på havet akkurat i dette området.



Kjelde: <http://mareano.no/kart/mareano.html#maps/4050> <lest 09.10.2019>

Basert på HI data vet vi at området også er omgitt av korallar og vurderinga av heving av fiskerelatert utstyr må kvalitetssikrast i dette området for å sikra at ein utføre ein berekraftig opprydjing av avfallet som ikkje skadar korallar.

Olympic Subsea ASA i Fosnavåg, har tatt kontakt med fylkeskommunen i Møre og Romsdal ettersom Olympic har ressursar, teknisk utstyr og kompetanse til å arbeide skånsamt på havbotn. Med eit ynskje om å få være med i målet om å heve og fjerne marint avfall i frå havet på ein berekraftig måte i samråd med forskarar og andre samarbeidspartnarar. Ved gjennomføring av sjølvne oppryddingsarbeidet ville ein kunne nytte skip i frå Olympic Subsea ASA som har kontrollrom, kran og arbeids ROV som hovudutstyrspakke. Der kostnaden ved skipsbruk kunne forsvarast med effektiv, målretta og skånsam opprydjing.

Basert på Vestlandsrådet sin satsing mot marin forsøpling; på opprydjing i strandsona, førebygging og opprydjing på havbotn er fokus blei det vidareutvikla ein prosjektskisse for utprøving, testing og vidareutvikling av metode i området av prosjektleiar.

Da metoda vi ynksja å nytte, ikkje var tatt i bruk før.

Fiskeridirektoratet ryddar innrapportert tap av profesjonelt fiskerireiskap. Kartoversikt i frå Fiskeridirektoratet viser at de ikkje har rydda i det område der dette prosjektet planleggjar å heve marint avfall. Link til områda og metode Fiskeridirektoratet har nytta er:

<https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Nyheter/2019/0919/Tidenes-nordligste-opprenskingstokt-eravsluttet>

Fiskeridirektoratet har heller ikkje nytta skånsam arbeidsROV metode, og har tidlegare blitt kritisert for å nytte trål, der de har øydelagt fleire unike korallar, noko som kunne vore unngått dersom ein hadde samarbeida meir med forskarar og nytta skånsamare oppryddings metodar på havbotn. Kystverket ryddar i dag på land, men har per i dag ikkje utstyr eller mandat til å rydde på havbotn. Kystverket var likevel interessert i å være orientert om prosjektet.

Verken Fiskeridirektoratet eller Kystverket nytta arbeidsROV ved sine oppryddingar.

Visjonen for prosjektet var å gjennomføre berekraftig opprydjing av eigarlaust marint avfall på havbotn på ein effektiv og skånsam måte.

Med fylgjande mål: Rydde opp registrerte forsøpla områdar på havbotn ved Godøy, utanfor Ålesund på ein berekraftig måte. Nytte optimal teknologi for sikker og berekraftig heving av marint avfall. Nytte forskingsbasert kunnskap for best mogleg forvaltning i havet og på havbotn, samt kontrollert effektiv og smidig teknologi for gjennomføring av skånsam og berekraftig opprydning. Lokalt forankre og byggje kunnskap og kompetanse for effektiv og tilgjengeleg kunnskapsoverføring. Levere avfallet inn til ressursgjenvinning. Ein mest mogleg berekraftig og ressursutnytting av avfallet som hevast er eit mål. Om mogleg angje kjelde ved analyse. Skape engasjement rundt denne typen marint avfall som fiskerirelatert avfall er, og bidra til å etablere ein metode og standard for heving av eigarlaust marint avfall (og fiskerirelatert avfall) i frå havbotn på ein god, effektiv og berekraftig måte. Eit prosjekt med fylgjande rolleforlag og **interessantar**:

Prosjektansvarleg: Sunnmøre Friluftsråd sa seg villig til å være prosjektansvarleg med føresetnad om ein 100% finansiering av prosjektet via Handelens Miljøfond. **Prosjektleiari:** Ann Hellen Hellevik, i Sunnmøre Friluftsråd

Styringsgruppe Havforskningsinstituttet - Olympic Subsea ASA – Vestlandsrådet - Sunnmøre Friluftsråd.

Prosjektpartnare

Olympic Subsea ASA, Havforskningsinstituttet, SALT Lofoten, (Fishing for litter), Runde Miljøsender.

Referansegruppe

Havforskningsinstituttet, Senter for Oljevern og Marint Miljø, (SOMM), Vestlandsrådet, prosjekt: Berekraftige tiltak mot marin forsøpling, SALT Lofoten, (Fishing for litter)

Interessantar – kontinuerleg interessant analysar ville måtte blitt gjennomført.

SOMM – Kystverket – HNR – Avfall Norge - Runde Miljøsender - SALT Lofoten – NOSCA – MRC (Marine Recycling Cluster) - Aqua Njord – NORCE – Novu Mare - Fiskarlaget - Miljødirektoratet – Fiskeridirektoratet – Fylkesmannen i Møre og Romsdal var og ein tett dialogpartner her. – Fylkeskommunen i Møre og Romsdal – SINTEF NTNU (Ocean Space Center) – Polar instituttet – NIVA –, øvrige aktørar som arbeidar med med opprydning av marint avfall i frå havbotn.

Aktørbilete er større enn det som presenterast her, og kunnskapsoverføring og delingspotensialet er stort, også langt utanfor nasjonale genser, eksempelvis; 5 Gyres Institute – FN – Circular Ocean. SunTrans er ein underleverandør, og vil bli nytta til avfallshandtering. Interessantar finner vi også innanfor næringslivet, som ; Kongsberggruppen, Oceaneering, Delta, ROVOP.

Nå fekk vi ikkje midlar til prosjektet: Berekraftig opprydning på Havbotnen på Møre av Handelens Miljøfond. Det vi i fekk til; var å få avklart ulike manglar i dagens opprydningsmetode på havbotn. Vi fekk etablert fokus med meir skånsam og berekraftig opprydning på havbotn. Vi fekk etablert fokus på teknologi overføring i frå olje og gass verksemd til plastoppnydning. Vurdert utvikling og moglegheiter. Samt vi fekk knytt ulike kontaktpunkt og delt kunnskap og overført erfaring mellom forvaltning, næringsliv, forskning, organisasjonar og friluftsråd i prosessen. Så til tross for at vi ikkje fekk tildelt midlar i prosjektet, så er eit eksempel på eit ikkje målbart resultat i pengar.

Tilsvarande med prosjektet knytt til autom plastkartlegging på land, som vi har søkt om midlar til Forskningsrådet om i samarbeid med NORCE, BOF, Sunnmøre friluftsråd, Friluftsrådet Møre og Romsdal, Barents Watch, Asplan Viak, Haltenbanken Design Bergen AS, Ryfylke friluftsråd. Der blant anna SOMM, HNR og Kystverket var ført opp som part i ein rådgjevande gruppe. Vi søkte om midlar, fekk ikkje midlar via Forskningsrådet i 2019 heller til prosjektet: Etablering av nasjonal, autonom kartlegging av marint avfall for kostnadseffektiv forvaltning. Bakgrunnen for dette prosjektet var: «Det finnes i dag ingen fullstendig nasjonal oversikt over eierløst marint avfall. Dagens metoder for oversikt over miljøproblemet er unøyaktige og ressurskrevende. I dette prosjektet skal det etableres en effektiv kartleggingsmetode som skal gjøres tilgjengelig for alle slik at effektiv rydding, oversikt og fremtidig kartlegging kan gjennomføres.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) har i tidligere prosjekt hatt vellykket samarbeid med NORCE (tidligere Uni Research) som har utviklet avanserte metoder for eksakt kartlegging av marint avfall i strandsonen, som BOF med stor suksess har brukt i planleggingen av strandryddeaksjonene. I

prosjektet skal metodikken forbedres ytterligere. CMR er hentet inn i prosjektet for å digitalisere den manuelle analysen ved bruk av bildebehandling og maskinlæring. BOF sammen med flere andre friluftsråd skal være med å validere den digitaliserte kartleggingsmetoden gjennom feltarbeid på flere geografiske lokasjoner og over flere år.

Asplan Viak Internet vil sette opp en karttjeneste som skal publiserer resultatene til BOF sin nettportal og alle andre nettportalen som ønsker å inkludere kartet. Ettersom også flere store statlige organisasjoner som Fiskeridirektoratet, og Kystverket benytter Asplan Viak internet. BarentsWatch vil sette opp et nasjonalt brukergrensesnitt inn mot karttjenesten som blir levert av Asplan Viak Internet.

Prosjektet vil ha en referansegruppe bestående av representanter fra Hold Norge Rent, Friluftsrådernes Landsforbund, Senter for Oljevern og Marint Miljø (SOMM), BarentsWatch, Asplan Viak Internet AS, Norce og BOF. Formålet med referansegruppen er å få innspill til prosjektet, sikre koordinering med relevante prosjekter og at prosjektet ivaretar nasjonale interesser.» Kjelde: Prosjektsøknad: Etablering av nasjonal, autonom kartlegging av marint avfall for kostnadseffektiv forvaltning (Innovasjonsprosjekt i offentlig sektor - FORKOMMUNE) Søknadsnummer: ES631518 Prosjektnummer: 296620

Bakgrunnen for å ta med dette eksempelet også er fordi den tverrfaglege sammansetningen av slike prosjekter gjer at det er mange interessenter. Deriblant Handelens Miljøfond, som også har fått tilsendt ein kopi av søknaden var «Etablering av nasjonal, autonom kartlegging av marint avfall for kostnadseffektiv forvaltning». Dette fordi det også er av stor interesse for de tilknytt sitt finansieringsprosjekt der de ynskjer å finansiere 40 % opprydning av ytre kyst. Ettersom autonom kartlegging av plast på land vil være eit effektivt verktøy for å kunne målretta rydde opp 40 % av ytre kyst for makroplast innan 2023 som HM har formidla som deira mål er denne metoda delt. NORCE som sitt på utstyr, forskningskompetanse og programvare er i vidare dialog her med HM, som ser vidare på metoda i samsvar med rapport i frå Salt Lofoten som også vurderar fleire metodar og samanstillar dette i ein rapport til HM knytt til HM sitt opprydjingsprosjekt av 40% av ytre kyst innan 2023.

Leggar til at SOMM også lagar ein rapport til Miljødirektoratet med og innhald om korleis ein best kan organisere opprydjinga nasjonalt.

Interessentane er monge og tverrfaglege. Det vil kunne være ulike agendaer og tilnærmingar med så mange interesentar, men med eit overodna mål og visjon om eit plastfritt hav. Med fokus på samarbeid, er det til absolutt fordel for miljøet! Som bildet nedanfor også belyser:

Ein plastfri natur & eit plastfritt hav på Vestlandet



Bildet ovanfor viser samarbeid & strandrydding i Øygarden med blant anna leiar i Vestlandsrådet og Fylkesordførar i Vestland Jon Askeland, Varaordførar Natalia Antonia Golis. Med på strandrydding var blant annet; Tv-Aksjonen, Bergen og omland friluftsråd (BOF), Clean Shores Global, Fjordan Friluftsråd, NORCE, NJFF, TAM, UiB, Sammen, Bergen Næringsråd, #Plastsmart, BIR, ØyVar, Naturvernforbundet, Akvariet, Vestlandsrådet, VLFK, NMF, m/fleire. Foto: Andreas R. Graven v/NORCE, 2020. Visjonen til plaststrategien er lagt på i ettertid.

Aktivitet i prosjektperioden 2018 – 2019.

Sluttrapporten viser til årsrapport frå 2018 og 2019 for nærmare aktivitetsdetaljar.

Årlege koordineringsmøtar er gjennomført og felles nettverk, og informasjonskanalar etablert. I 2019 med vell 80 deltakarar på Vestlandet.



Bildet viser de fleste deltakarene på koordineringsmøte i 2019 som ble arrangert i Vestlandsrådets sin prosjekt regi i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland på Amalie Skram vidaregåande skule. Foto: Sveinung Klyve.

Vestlandsrådets arbeidsutval gjennomførte i januar 2019 et møte med Klima- og miljødepartementet etter vedtak i VR-sak 06/18. I møtet vart det løfta frem moglegheit for at Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling kunne bli eit nasjonalt pilotprosjekt. Samtidig vart det påpeika behov for å samarbeide med fylkesmannen med tanke på ønska roller. I fylkesmennes styringsdokument for 2019 er fylkesmannen si rolle innan

marin forsøpling beskreve i 2018, som følger: «Fylkesmannen har ansvar for å koordinere det regionale samarbeidet, og sørge for at avfallsplaner i fylkets havner er godkjente. Opprydding i forurenset sjøbunn på prioriterte skipsverft, i tiltaksplaner og på steder med forurenset grunn, fortsetter i henhold til nasjonal handlingsplan for opprydding i forurenset sjøbunn og fremdriftsplan for opprydding av forurenset sjøbunn ved prioriterte skipsverft».

Eit oppfølgningsskriv ble tilsendt Klima og Miljødepartementet frå leiar i Vestlandsrådet 2019. KLMD henviste i svaret til det nasjonale nyetablert senteret for oljevern og marint miljø (SOMM) sin tildelte offentlige rolle som nasjonalt kunnskapssenter, og Fylkesmannens tildelte koordinerende rolle. Begge er aktører som prosjektet har hatt eit veletablert samarbeid med frå dag ein i prosjektet.

Prosjektet visar til kvalitet og kontinuitet i arbeidsmøta med arbeidsgruppa med representantar i frå fylkeskommunane i prosjektet. I tillegg til møter med andre interessentar, og samarbeidspartneren tilknytt andre prosjekt Prosjektet har initiert til fleire ulike prosjekt, og sluttrapporten visar til årsrapport. Prosjektet til Vestlandsrådet har bidratt og deltatt i ulike pilotprosjekt, som for eksempel foredragsserie med vidaregåande skular. Der det i 2020 er foreslått å sjå på foredraga om havet og plasten, i samanheng med klima der ein vil kunne sjå på forureiningskonsekvensar av produksjonsutslepp, ekstremvær, økt vannføring og havnivå endring.



Bilde til venstre viser Mette Nygård Havre i grøne verdiar og Kenneth Bruvik NJFF/TAM som spiller inn en introfilm som skal nyttas til vidaregåande skule elever til foredrag om marin forsøpling. De står foran ein eikerot som er hente ut i frå Naturreservat på Tysnes kor plasten er integrert med røtene på treet. Foto: Gudrun Kristin Fatland, 2019.

Prosjektet har og utarbeida eit forslag til opplæringsopplegg og ei foreløpig projektskisse i samarbeid med blant anna Nasjonal digital læringsarena (NDLA). Dette arbeidet er vidareført til Opplæring og Kompetanse i VLFK, som vil kunne ta dette vidare i prosessen med å skaffe finansiering til opplæringsopplegget samt vidare forankre opplæringsopplegget i NDLA som er eigd av fylkeskommunane i landet (forutan om Oslo) sitt styre. Det er ynskeleg at NDLA sett etablering av eit opplæringsopplegg om berekraft og marin forsøpling i sin plan for utarbeiding, og ser på vidare finansiering av opplæringsopplegget. Hovudmålet med opplæringsopplegget til ungdommane på vidaregåande skule, er å gi elevane kjennskap til havets funksjon, og eit kunnskapsnivå til å forstå konsekvensane av marin forsøpling i eit tverrfagleg og heilhetleg natur og samfunnsperspektiv. Med ein **Visjon** om å gi ungdommane kunnskap om havet slik at de sjølve ser samheng og heilheta av forsøpling i naturen, og blir i stand til å ta berekraftige val for nå og for framtida. Eit forslag til oppbygning av opplæringsopplegget og aktuelle samarbeidspartnarar er satt opp i forslaget og vidareformidla opplæring og kompetanseavdelinga i VLFK.

26. september 2019 signerte Handeles Miljøfond og Bergen og Omland Friluftsråd kontrakt om ein gåvetildeling om gjennomføring av prosjektet: **Plastfritt Naturreservat Tysnes.**

Prosjektets visjon er å få naturen tilbake til sin naturlege stand, der målet er ein plastfri Skjærgard. Den berekraftige opprydninga skal teste ut ny metode og utstyr. Kunnskapsutvikling og erfaringsutveksling der og konsekvensanalyse av makro, mikro og nanoplast i miljø vil være gjennomgåande i heile prosjektet som strekkar seg fram til 2024.

Med heile 4.5 millionar til disposisjon som gåve i frå Handelens Miljøfond starta prosjektet opp oktober 2019. Prosjektet utførast i samarbeid med: Fylkesmannen i Vestland, Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk (SIM), Tysnes Kommune, Lindum, NORCE, Havforskningsinstituttet, BOF og Vestlandsrådet sitt prosjekt og prosjektleiar som sitt i styringsgruppa til prosjektet. Linjeleder i VLFK vil gå inn i referansegruppa som erstatning for prosjektleiar i vidareføringa, nå som VR prosjektet, berekraftige - tiltak mot marin forøpling avsluttast.



Bildet viser signering med HM og BOF. Samt bilder ifra Prosjektoppstartmøte» Plastfritt Naturreservat, Tysnes». Foto: Gudrun Kristin Fatland. 2019



Foto: Gudrun Kristin Fatland

Kartutsnitt og bilde ovanfor visar Flornes, Seløyna og Ånuglo på Tysnes kor det skal ryddast i prosjektet: «Plastfritt Naturreservat på Tysnes». Som ein vil ser i karter viser den og HI v/J. Albretsen og M. Husebråten sin sannsynlegheitsmodell for kor det er marint avfall. Som ein ser er Flornes, Seløyna og Ånuglo svært utsatt for tilførsel av marin forøpling som kjem drivande inn i frå havet. Bilde til høgre visar over ein metar med ein voll bygga opp av plast, der tre og anna vegetasjon har vakse inn i plasten.

Prosjektet har støtta friluftsråda, klynge, næringsråd, næringsliv, og andre aktørar på Vestlandet i søknad etter midlar, delt informasjon, kunnskap, og vidare potensielle samarbeidspartnarar. Vidare er det arbeida for å identifisere ulike pilot og delprosjekt.

I 2020 var det tredje gong det vert arrangert et koordineringsmøte i regi av Vestlandsrådet. I 2019 var koordineringsmøte et samarbeid med Vestlandsrådet og Fylkesmannen i Vestland. Møte i 2020 var planlagt gjennomført 31.mars med tilhøyrande arbeidsverkstad 1 .april i Stavanger. På bakgrunn av koronasituasjonen blei koordineringssamlinga korta ned til eit digitalt heildagsmøte den 1. april 2020. Eit samarbeid initiert av prosjektet til Vestlandsrådet, med Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Vestland, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og Senter for oljevern og marint miljø som samarbeidsaktørar for koordineringsmøte i 2020.

Ei viktig oppgåve for prosjektleiar i prosjektperioden vore å utarbeide ein plaststrategi i lag med prosjektgruppa. Strategien har fått namnet: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet». Plaststrategien blir sak på VR-møte andre kvartal 2020, i tillegg til alternativ for vidareføring av arbeid mot marin forsøpling. Der prosjektet visar til Vestlandsrådet sitt vedtak i VR-sak 30/19 den 27.11.2019: «Vestlandsrådet er positiv til forlenging av prosjektet berekraftige "Tiltak mot marin forsøpling"». Vidare løyvingar vert tekne opp i budsjettet for 2020. Vestlandsrådet ber om ei ny sak til møtet i februar, der mellom anna rollefordelinga i prosjektet vert teke opp. I samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet står det vidare at enkeltprosjekt i hovudsak skal gjennomførast i eit samarbeid mellom to eller fleire av medlemsfylka i Vestlandsrådet. Arbeidsgruppa og prosjektleiar for prosjektet "Tiltak for marin forsøpling" er derfor utfordra på å vurdere korleis arbeidet med marin forsøpling kan vidareførast på tvers av fylka».

Ettersom AU utsett saka til det politiske møte i februar, som igjen blei flytta, samt at møte i april vart utsett pga. korona situasjonen skal Plaststrategien« Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet sitt engasjement mot marin forsøpling» opp som sak på VR-møte 25.06.2020, i tillegg til alternativ for vidareføring av arbeid mot marin forsøpling direkte mellom fylkeskommunane.

Prosjektet har fremma forslag om at Vestlandsrådet stiller seg bak strategi for marin forsøpling: «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet». Samt at ein oppfordrar til at Vestlandsrådet ber om at denne strategien vart oversendt til fylkeskommunal handsaming, blir fylgt opp og implementert i medlemsfylka. Samt at Vestlandsrådet vidare legg til grunn at prosjektet tiltak mot marin forsøpling vert vurdert vidareført i eit samarbeid mellom medlemsfylka, som ei felles koordinert satsing for heile Vestlandet. Der fylkeskommunane avklare roller, mål og finansiering av ei eventuell vidareføring. I tillegg til at Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit eventuelt vidare samarbeid om prosjektet tiltak mot marin forsøpling, slik at det tverrfylkeskommunale arbeidet med marin forsøpling kan fortsette og utviklast ytterlegare. Prosjektet visar til saksdokument til VR møte 25.06.2020.

Representant i arbeidsgruppa Lisbeth Nervik frå fylkeskommunen i Møre og Romsdal sit og i den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen, hun har rapportert og meddelt arbeid med marin forsøpling og har vært hovudbindeledd med Nordsjøkommisjonen i prosjektet. Tilsvarande med Thorsten Gøtterup i frå fylkeskommunen i Rogaland som sitt i Vestkystparken og har vært prosjektets hovudkontaktpunkt mot arbeid relevant til Vestkystparken. Sveinung Klyve i Vestland fylkeskommune har arbeida med Vestland fylkeskommune sin plaststrategi som går opp til fylkesutvalet juni 2020, VLFK sin strategi er utarbeida i lag med prosjektleiar i Vestlandsrådet. Då strategiane har blitt utarbeide parallelt og i samråd med Vestlandsrådet sin Plaststrategi, «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet».

Plaststrategi

Plaststrategien; «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet» har ein visjon om: Ein plastfri natur og eit plastfritt hav på Vestland.

Plaststrategien blir sak på VR-møte 25.06.2020.

Plaststrategien er laga som eit retningsgjevande strategidokument for fylkeskommunane som er knytt til Vestlandsrådet. Fylkeskommunane må derfor gjere egne vedtak i kva grad dei vil implementere plaststrategien i eigen organisasjon. Det er ved implementering av strategi, og ved å ta strategien i bruk at vi saman kan lage eit så lågt plastavtrykk i miljøet som mogleg.



Ein plastfri natur & eit
plastfritt hav på Vestlandet

Bilde viser eigarlaust marint avfall i Øygarden. Bildekjelde: www.bof.no
<https://www.bof.no/skjaergardstjenesten/marintavfall> Foto: BOF/ Åge Landro

En har i Plaststrategien tatt i betraktning EU sin plaststrategi, deira forslag om forbod mot eingongsplast og EU sine forskingsprogram. Vidare har ein lagt til grunn FN sine berekraftsmål, Norges nasjonale HAV strategi, Vestland Fylkeskommune sin plaststrategi som er under utarbeiding og Bergen kommune sin plaststrategi.

Det er gjennomført fleire prosjektmøter med prosjektleiar og arbeidsgruppa i Vestlandsrådet der plaststrategien har stått på agendaen. Det er også gjennomført ei rekke dialogmøte med representantar frå ulike avdelingar i fylkeskommunane. Intervju og spørjeskjema knytt til utarbeiding av plaststrategien er også sendt ut til eit utval basert på innspel i frå arbeidsgruppa. Sluttrapporten visar til Plaststrategien «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet. Vestlandsrådet sitt engasjement mot marin forsøpling» som skal opp i VR møte 25.06.2020 for nærmare mål og tiltaksplan.

Usikkerhet

Det har i prosjektet vært fleire usikkerhetsmoment, deriblant:

- Utsettelse av sak frå 2019 til 2020 om vidareføring av prosjekt. Dette har medført usikkerheit knytt til politiske avklaring om vidareføring av prosjekt i prosjektperioda. Noko som har skapt usikkerheit knytt til midlar i prosjektet, politiske slutningar om vidareføring av arbeid og prosjekt.
- Korona epidemien har vært eit usikkerhetsmoment, som blant anna medførte at vi gjennomførte det årlege koordineringsmøte digitalt.
- Korona situasjonen har og medført utsettelse av prosjektets sak til politiske møter, då AU ikkje har prioritert Prosjektet tiltak mot marin forsøpling framfor andre saker under koronasituasjonen.
- Miljødirektoratets strategi.

- Usikkerheit knytt til framleis nasjonal manglande ansvars plassering av opprydding av eigarlaust marint avfall.
- Usikkerheit knytt til framleis manglande langsiktig og føreseieleg finansiering av opprydding og handtering av eigarlaust marint avfall. Då det framleis er årlege søknader og tildelingar ifrå Miljødirektoratet for aktørar som friluftsråd, renovasjonsselskap og andre aktørar som arbeider med tiltak mot marin forsøpling.
- Menneskeleg åtfærd vil alltid være ein usikkerheit, og ein må kontinuerleg arbeide for å førebyggje marin forsøpling, som bilda nedanfor så tydeleg visar nyleg nytta og relativt nye munnbind, høgst sannsynleg knytt til koronasituasjonen, da dette forbruket har økt betrakteleg og dukkar nå plutselig opp på strendene og i naturen. Fordi forbruket er stort, og avfallshandteringa av menneske er for dårleg.



Fotokjelde bilde til venster: SoMe -Ukjent. Fotokjelde bilde til høgre: Copyright [Surgical masks washing up on Hong Kong beaches - Credit: Kjelde: OceansAsia.org](#) Kjelde: https://www.euronews.com/2020/05/12/will-plastic-pollution-get-worse-after-the-covid-19-pandemic?fbclid=IwAR31ix15VCdTTh4SH-cc1i6pFXnCK_xOApXu8UDk04NFKuUPSF3PBkQa8H4_<lest05.06.2020>

Prosjektet har handtert usikkerheit på ein god måte. Det har vært et dynamisk prosjekt som har operert agilt, der usikkerheits handteringa er ein del av prosjektprosessen. Det har vært kontinuerlig fremdrift og kontinuitet i prosjektet, der en har levert på satte mål, med høy nytteverdi og gevinst.

Resultat og Gevinstrealisering

Resultat og gevinst har vært målt opp mot satt handlingsplan, og mål. Endeleg gevinstrealisering vil vise seg over tid, blant anna avhengig av graden av implementeringssuksess plaststrategien har i fylkeskommunane, og de prosjekta som er initiert, starta og som vil bli vidareført i fortsettinga. Prosjektet har vore ein viktig initiativtakar for fleire tverrfaglege prosjekt.

Vi kan måle faktiske tildelte midlar i prosjekt som er initiert av dette prosjektet. Konkret har prosjektet «Tiltak mot marin forsøpling» eksempelvis så langt fått inn 4,5 millionar kroner i eksterne midlar via prosjekteigar: Bergen og omland friluftsråd (BOF).

Samt initiert prosjekt som har gitt tilskott til autonom plastgjenkjenning av plast på kr. 300 000,- **havbotnen** i samarbeid med NORCE, HI, BOF. Der NORCE stod som prosjekteigar.

Kunnskapsformidling og handlingsskapande arbeid gir ikkje nødvendigvis verknad og ein gevinstrealisering der og da, det er noko som og vil vise seg sin endelege gevinst over et lengre tidsperspektiv.

Prosjektleiar har bidratt i referansegruppe for SOMM knytt til forvaltningsløyning til deira nye nasjonale kartløyning. Vedr. Kartløyning har ein og vidareformidla tidlegare metodeutvikling og kartløyningssprosjekt via BOF, der ein har delt kontaktpunkt, kunnskap og erfaringsoverført kompetanse. Eksempelvis BOF sitt innovasjonsprosjekt i samarbeid med Haltenbanken design Bergen AS og deira felles «Digital samhandlingsprosjekt» tildelt via Human Design frå Innovasjon Norge. Samt deira samarbeid med Asplan Viak. Dette er både løyningar og partnarar SOMM har valt å sjå på, vidareføre og tilpasse sin nasjonale kartløyning. Et prosessrelatert arbeid som blir

utfordrande å måle, men som bygger opp under VR prosjektets handlingsplan og mål, både med kartløysning og støtte opp under SOMM sitt arbeid.



Bildet overfor visar Skjærgårdstjenesten i Møre og Romsdal som hentar eigarlaust marint avfall. Fotokjelde: Sunnmøre friluftsråd.

Vedr. Tildelingar i frå Miljødirektoratet er det laga en liten oversikt nedanfor for Friluftsråda på Vestlandet. Her ser vi en utvikling som visar at alle friluftsrådene har fått tildelte midlar dei seinaste åra. Tildelinga for 2017 som var før prosjektperioda til VR prosjektet er ikkje tatt med i denne oversikten.

Videre ser vi også en liten nedgang i midlar, eksempelvis hos BOF i frå 2018 til 2019. Det belyst også med at strategien til miljødirektoratet ut ifrå kriteria i tildelinga har endrast over tid. Da det i 2018 var lagt opp til kartlegging og metodeutvikling. Frå 2019 endra desse retningslinjene frå Miljødirektoratet seg noko, og en skulle da ikkje lenger nytte midlar til vidare metodeutvikling knytte til kartløysningsutvikling. Dette har gjerne ein samanheng med nasjonalstrategi og etablering av SOMM som skal være det nasjonale kunnskapssenteret, samt ha ansvaret for ny nasjonal samlande kartløysing som oversikta er like god over heile landet. Tendensen ifrå 2019 til 2020 viser igjen ein lav auking ifrå 2019 til 2020, noko som også kan tyde på at Miljødirektoratet ynskjer å styrke friluftsrådene sine prosjekter og handlingsrom med noko økte midlar for 2020 slik at de får dekkja sine utgifter i større grad. Opsjonsmidlane for 2021 er inkludert i 2020 summen i oversikten nedanfor.

Tildeling i frå Miljødirektoratet	Tildeling	Opsjon	Tildeling	Opsjon	Tildeling
Friluftsråd på Vestlandet	2018	2018	2019	2019	2020
Bergen og omland friluftsråd	5 000 000 kr	1 000 000 kr	2 000 000 kr	500 000 kr	3 000 000 kr
Dalane friluftsråd	300 000 kr		400 000 kr		400 000 kr
Fjordkysten friluftsråd			2 000 000 kr	700 000 kr	3 100 000 kr
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal	3 000 000 kr		1 800 000 kr	200 000 kr	2 000 000 kr
Friluftsrådet Vest	700 000 kr		1 000 000 kr		1 100 000 kr
Jæren friluftsråd	1 300 000 kr		1 300 000 kr	200 000 kr	2 060 000 kr
Ryfylke friluftsråd	2 060 000 kr		800 000 kr		2 050 000 kr
Sunnmøre friluftsråd	2 500 000 kr		1 500 000 kr	500 000 kr	2 500 000 kr
Tildelte midlar til friluftsråd på Vestlandet	14 860 000 kr	1 000 000 kr	10 800 000 kr	2 100 000 kr	16 210 000 kr

Tabellen viser oversikt over tildelte midlar til friluftsråd på Vestlandet frå 2018 – 2020 i frå Miljødirektoratet til tiltak mot marin forsøpling. Kjelde: www.miljodirektoratet.no

Det siste året har prosjektet utarbeidd ein eigen plaststrategi for Vestlandrådet, der det vert lagt vekt på at fylkeskommunane på Vestlandet skal ha så lavt plastavtrykk som mogleg. Ved å ta grep i eigen organisasjon kan fylkeskommunane bidra til at nullvisjonen om tilførsel av plast til havet vert nådd. Plaststrategien er forankra i berekraftsmåla til FN.

Prosjektet har bidratt til å koordinere møte på Vestlandet i lag med Fylkesmannen i Vestland, Kystverket, Fylkeskommunen i Vestland, tilknytt Handelens Miljøfond sin plan om å finansiere opprydding av makroplast i 40% av ytre kyst på Vestlandet.

Prosjektet har levert på mål og levert på handlingsplan ved å støtte opp under utvikling av friluftsråda si rolle og funksjon. Det har støtta oppunder og oppfordra til ulike prosjekt. Prosjektet har fått ein oversikt og kartlagt tilgjengeleg ressursar, og dagens kunnskapsgrunnlag og etablert ulike pilotprosjekt. Ein har vidare samarbeida tett med forskingsmiljø, utvikla kunnskapsgrunnlag, delt informasjon og lagt til rette for formidlingsarbeid. I tillegg til prosjektleiing, koordinering og rapportering.

Felles møtar og jamleg dialog, i tillegg til felles møte våren 2019 i samarbeid med Fylkesmennene på Vestlandet. Ein har arbeide for ei utviding av Vestkystparken for heile Vestlandet, i samråd med Vestkystparken. Ein har i prosjekter støtta opp under arbeid for ein Skjærgårdstjenesten i tidlegare Sogn og Fjordane, nå nordre del av Vestland fylkeskommune. VLFK har og i 2020 gitt ein million til friluftsråda i Vestland fylke, noko som og gir friare handlingsrom til å støtte opp under investering Arbeide for å oppretthalde og auka koordinering med andre interkommunale ressursar og aktørar med båtar og utstyr som er eigne til opprydding og innsamling av eigarlaust marint avfall.

Vidare har prosjektet initiert og støtta opp under nasjonale kartleggingsprosjekt. Ein har initiert oppryddingsprosjekt med Sunnmøre friluftsråd, Olympic shipping, Havforskningsinstituttet, Salt Lofoten, Runde Miljøsentar, i samråd med SOMM på havbotnen på Møre, der det har vert lagt vekt på å ta i bruk ny teknologi som t.d. autonom plastkartlegging både under vatn. Ein har lagt til rette for frivillig, og semi-profesjonelt oppryddings- arbeid og inkludert aktørar i de felles koordineringsmøta, og delt informasjon og kunnskap.

Prosjektet har støtte opp under og bidratt til deling av kartdata til Senter for Oljevern og Marint miljø som har det nasjonale ansvaret, prosjektleiar Gudrun Kristin Fatland sitt i referansegruppa til SOMM sin nye kartløysning.

Samarbeidspartnarar i frå kartløysningsutarbeidelse og BOF sitt innovasjonsprosjekt knytt til digital samhandling er meddelt og vidareformidla, tilsvarande med anbefalt kartløysning.

Prosjektet har bidratt til kartleggingsprosjekt i samarbeid med forskingsinstitusjonar og friluftsråda. Prosjektet har samarbeida om fleire kartleggingslokasjonar av havbotn i samarbeid med HI, BOF og Norce, for vurdering av mengder, tilrettelegging for berekraftig og riktig forvaltning av havbotn. Der det og har blitt sett på samheng mellom mengder på land og ved sjø knytt til opprydding. Prosjektet har arbeid for å kartleggje tidlegare lovlege deponi, lagt til rette for riktig og berekraftig opprydding i samarbeid med forskingsinstitusjonar, renovasjonsselskap, kommunar, friluftsråd og Fylkesmannen.

Prosjektet har initiert og lagt til rette for frivillig, semiprofesjonell og profesjonelt oppryddingsarbeid der det er hensiktsmessig i forhold til tilkomst og utfordrande grad av oppryddings arbeidet.

Det er laga ein plaststrategi internt for fylkeskommunane på Vestlandet. Lagt til rette for auke intern samhandling mellom fylkeskommunane og internt. Legge til rette for forskning på plast for auka kunnskap og metodeutvikling. Legge til rette for auka undervisningstiltak knytt til marin forsøpling.

Vurdere moglegheita for å finansiering ein undervisningsfilm som kan distribuerast til skular i heile landet. Det er lagt til rette for internasjonalt samarbeid og prosjekt med blant anna Erasmus +.

Erfaringsoverføring

Kunnskapsdeling og erfaringsutveksling har vært essensielt for prosjektet i heile prosjektida. Prosjektet har heile tida lagt opp til ein raus og delande kultur med samlege

aktørar. Kunnskap, informasjon, planar, prosjekt, samarbeidspartnarar og kontaktinformasjon er blitt delt.

Påmelding til koordineringsmøte og arrangement er blitt delt på de fylkeskommunale nettsidene til partar i Vestlandsrådet. Samt hos Fylkesmennene som har vært med å arrangere koordineringsmøte i 2019. Informasjon og også delt på Vestlandsrådet sin nettside: <http://www.vestlandsraadet.no/framsida/31-03-2020-gjennomførte-vestlandsrådet-sitt-tredje-koordineringsmøte-på-vestlandet-om-marin-forsøpling>

Det er for vidare arbeid på tvers av fylkeskommunar oppretta ein eigen Teams kanal via VLFK, med ulike kontaktpersonar innanfor ansvarsområde marint, og marin forsøpling. Slik at informasjon og kommunikasjon enkelt kan overførast og delast på Vestlandet, også i framtida.

Fleire og fleire aktørar kjem på banen, så det vil være viktig å vidareformidle nye aktørar til riktig og relevante informasjon og kompetansekanalar som Senter for oljevern og marint miljø, Fylkesmannen, Friluftsråd, HNR og andre relevante og vell etablerte kunnskapsorganisasjonar, som vil kunne rettlege og kunnskapsoverføre på ein god måte.

Marin forsøpling må også sjåast i samanheng med klimaendringar i form av auka ekstremvær, flaum og høgare havnivå som kan auke risikoen for tilførsel av søppel frå land.

Oppsummering og evaluering

Prosjektet har resultert i eksterne midlar til ulike tiltak. Det er eit stort behov for initiativ og ressursar som kan mobilisere og utfordre aktørar til å utvikle og gjennomføre tiltak mot marin forsøpling. Av målbare resultat har prosjektet så langt initiert prosjekt som har fått inn ekstern finansiering. 4.5 millionar til BOF til eit tverrfagleg opprydding, forskning og innovasjon prosjekt på Tysnes kalla «Plastfritt Naturreservat Tysnes». Samt kr. 300 000 til NORCE tilknytt autonom plastgjenkjenning under vatn, der og HI og BOF og er ein samarbeidspart. Begge prosjekta er finansiert av Handelens Miljøfond, som og ynskjer å finansiere opprydding av 40% av ytre kyst i Norge innan 2023. Prosjektet har og vært i dialog med Handelens Miljøfond knytt til denne prosessen som framleis er pågåande, der Fylkesmannen i Vestland, og NORCE har den vidare dialog. Då NORCE har fått tilsegn på utlyst førespurnad til forskarar om å utarbeide ein oversikt over mengda, kostnader og metode i Vestland. NORCE sin rapport vil såleis bli vurdert og samanstillt av Salt Lofoten som vil sjå på dette i sin heilheit over heile kysta. SOMM utarbeidar og sine rapportar til Miljødirektoratet. HM er i dialog med FM, Miljødirektoratet og SOMM vedr. sitt arbeid. Andre initiativ, prosjektskildringar, søknadar, samarbeid og nettverk har vært en naturlig del av prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling utan at dette nødvendigvis er målbart i kroner, men med ein nytteverdi og potensiell langsiktig gevinst.

Førebyggjande arbeid og innarbeiding av plaststrategien blir viktig for å nå målet om ein plastfri natur på land og i hav. Samt implementering av forbod mot unødvendig eingongsplast. Vidare vil det og være behov for å arbeid for at det operative ansvaret for opprydding. Samt sørge for at opprydding og handtering av eigarlaus marint avfall blir plassert, formalisert og langsiktig og føresjåeleg finansiert.

I tillegg til moglegheita til å kunne fortsette å halde fokus på og setje marin forsøpling på den politiske agendaen og lede ved eksempel. Det er viktig med tid og vidare ressursar for å implementere Plaststrategien «ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet.».

Prosjektet har levert svært gode resultat, og vore ein medverkande viktig faktor for auka samarbeid og økt koordinering. Samt vore ein viktig samarbeidspart og støttespiller for

andre aktører, og politikarar. Prosjektet har initiert og støtta opp under til å søke på midlar til å gjennomføre arbeid med marin forsøpling.

For å oppnå vidare gevinstrealiseringa og vil det være hensiktsmessig å oppretthalde fokus og ressursar til å arbeide med berekraftige tiltak mot marin forsøpling på fylkeskommunalt nivå.

Arbeidet med å plassera ansvaret for opprydding av eigarlaust marint avfall må fortsette. Tilsvarande med å etablere meir langsiktige og føreseieleg finansieringsløyningar for opprydding, og handtering av det eigarause marine avfallet.



Bildet visar marin forsøpling på Nessulløyna frå befarung i Øygarden 2019. Foto: Gudrun Kristin Fatland

Konklusjon

Behovet for å prioritere marin forsøpling er aukande, sjølv om analyser viser at jamleg rydding av strender gir mindre marint avfall i Noreg, med ein forståing om at ein og ryddar bort mykje eldre akkumulert plast frå strendene. Å rydde strender til evig tid er derimot ikkje løysinga på problemet, og det er framleis mange utfordringar som må løysast for å få bukt med avfallsproblema i havet. Der forvaltning må gjerast basert på best mogleg kunnskapsgrunnlag for å nå visjonen om ein plastfri natur og eit plastfritt hav på Vestland.

En nullvisjon av tilførsel av plast til naturen må være et mål.

Fylkeskommunane har moglegheit til redusere plastbruken i eigen organisasjon og verksemd, og vilje til å setje marin forsøpling på den vidare politiske dagsorden. Ved integrering av eigen plaststrategi, for så å ta steget vidare og lede utover egne rekker kan vi verkeleg nå målet om ein plastfri natur og eit plastfritt hav på Vestlandet.

Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet

Vestlandsrådet sitt engasjement mot marin forsøpling

2020 -



Foto: Gudrun Kristin Fatland

1. Oppsummering

Vestlandsrådet ynskjer å være leiande og setje retning innanfor marin forsøpling.

Basert på vårt felles globale samfunnsproblem med plast i naturen og havet har Vestlandsrådet etablert eit samordningsprosjekt for å setje i gang tiltak mot marin forsøpling. Plaststrategien er ein del av Vestlandsrådet sitt arbeid mot marin forsøpling og eit resultat og ein del av vedteken handlingsplan for 2019 til prosjektet berekraftige «tiltak mot marin forsøpling».

En har i denne Plaststrategien tatt i betraktning EU sin plaststrategi, deira forslag om forbod mot eingongsplast og EU sine forskingsprogram. Vidare har ein lagt til grunn FN sine berekraftsmål, Norges nasjonale HAV strategi, Vestland Fylkeskommune sin plaststrategi som er under utarbeiding og Bergen kommune sin plaststrategi.

Vidare må fylkeskommunane ha økt og vidare fokus på førebygging, opprydjing, sirkulær økonomi, forskning, og innovasjon. Være ein bevist planleggjar, rettleiar, innkjøper og forbrukar, forvalte og foreta plastfrie og berekraftige val.

Denne strategien er laga som eit rettleiande dokument med overføringsverdi. Strategien legger til grunn for mogelegheiter for oppdatering og tilpassing til eigen organisasjon, samt oppdateringar basert på kommande års vidareutviklande kunnskapsbilde knytt til blant anna forskingsresultat, aktivitet, juridiske rammeverk, og innovasjon som vil kunne være endringsgjevande.

Det er med å vere raus, løysningsorientert, engasjert og inkluderande i arbeidet mot marin forsøpling at vi i lag kan arbeide for ein plastfri natur & eit plastfritt hav.

Strategien

Ansvarleg: Prosjektleder for Vestlandsrådet sitt prosjekt berekraftige «tiltak mot marin forsøpling».

Kontaktinformasjon/ e-post og telefon: Gudrun.Kristin.Fatland@vlfk.no /+47 902 88 824

Dato/versjon nummer. Januar 2020 / utgåve 1.

Innhold

1. Oppsummering.....	1
2. Bakgrunn.....	3
Havet - vår felles ressurs.....	3
3. Formål.....	4
Vestlandsrådet sin plaststrategi.....	4
4. Metode.....	4
Arbeidet med plaststrategien.....	4
5. Tolking av strategien.....	5
Strategien må lesast som ein heilheit.....	5
6. Visjon.....	5
Ein plastfri natur og et plastfritt hav på Vestlandet.....	5
7. Mål.....	6
Strategiske hovudmål for plaststrategien til Vestlandsrådet:.....	6
Delmål for Vestlandsrådet sin plaststrategi:.....	6
8. Tiltak og handlingsplan.....	6
Tiltak for heile organisasjonen:.....	6
Tiltak knytt til ulike oppgåver uavhengig av ansvarsområda i organisasjonen:.....	6
Innkjøp.....	6
Regionalplan.....	6
Opplæring.....	7
Tannhelse.....	7
Samferdsel og kystressursforvaltning.....	7
Kultur og idrett.....	7
Innovasjon og næringsutvikling.....	8
Energi, miljø og klima.....	8
Nasjonalt.....	8
Internasjonalt.....	8

2. Bakgrunn

Havet - vår felles ressurs, som vi alle må ta vare på. Sidan 50 talet har plasten blitt utvikla og tilpassa menneskeleg forbruk, da ofte i eit kortsiktig perspektiv og gjerne med eit stort miljø og plastfotavtrykk. I dag forureina plasten både landjorda, lufta, skjergarden og havet vårt.

Plast vert ikkje brote ned, men blir til mindre plast bitar, kalla mikro-, og nanoplast. Det er anslått at ein plastflaske brukar fleire hundre år på å bli fragmentert til mikro- og nanoplast. Erosjonen er ulik på land, i vann og på havbotn. Ei eventuell fragmenteringstid under vann der det ikkje er UV strålar eller oksygen, har vi framleis ikkje kunnskap om.



Foto: Gudrun Kristin Fatland

Forskarar har dei siste åra bekrefta at vi er omgitt av plastpartikler og plastens kjemikalieinnhald. Vi finn plast i blant anna jordsmonn, drikkevatt, salt og honning. Det finst også dokumentasjon på at plast har gått gjennom det menneskeleg fordøyelsessystemet. I 2019 var det og registrert plast i snø så langt nord som i Arktis, der det foreløpig er angitt at plasten har kome med vinden. I Colorado i regn som nedbør.

Dyr kan dø av å ete plast. Dyr kan i tillegg få dødelege skadar av å setje seg fast i garn, nøter, og anna makroplast. Studiar visar at og plankton et plast. Plankton er grunnlaget for det meste av livet i havet, i tillegg til at dei står for 50% av jordas oksygen produksjon. Konsekvensen av funna av plast i plankton er enno uavklart, og krev meir forskning. Tilsvarande for eventuelle helsekonsekvensar på menneske, der risikobilde enda ikkje er kartlagt då det er behov for meir forskning.

Vi vet at den minste plasten kan takast opp i tarmen på fisk, og det er gjort funn av plast i fiskehjerner og i vev. Vi veit også at fisk som har blitt utsett for høge konsentrasjonar av plast har endra åtferd; fisken blir sløvare, dummare og raskare eten av predatorar enn fisk som ikkje har vært utsett for tilsvarande plast påverknad. Dette kan og ha samanheng med den kjemiske samansettinga til plasten, då den og tiltrek seg andre miljøstoffar og giftar.

Med utgangspunkt i levetida til plasten kan vi anta at all plasten som nokon gong er produsert framleis eksisterer. Unntaket er den plasten som har blitt handtert til forbrenningsanlegg. Det er derfor behov for innovative og effektive løysningar for handtering av plast, opprydding, og reinsing av avlaup og vatn. Studiar visar at noko typar bakterie kan ete plast, i kva grad er endå usikkert. Metodeutprøving, teknologioverføring og forskning er naudsynt, og det i auka kraft. Vann og avlaup system i dag gjer fritt utslipp for de aller minste plastbitane, og ved storflaum med mykje overflatevatn også den større makroplasten. I tillegg

til å handtere utslepp må vi og arbeide for å kutte ut unødvendig plast, redusere antal typar, samansetningar og variasjonar av plast. Slik at vi kan gjenvinne og resirkulere den plasten vi ser oss naudsynt til å nytte og sjå til at denne plasten blir ein del av den sirkulære økonomien. Samtidig som vi leggjar til rette for og veljar andre naturlege og berekraftige produktval. Vidare må ein arbeide for å etablere auka produsentansvars- ordningar. Den minste plasten må arbeidast for å bli kategorisert som ein miljøgifta. Vi må leggje til rette for internasjonale samarbeid, prosjekter og felles juridiske bindande lovar, rammar og avtaler knytt til plast. I tillegg til å bidra til å sjå til at allereie eksisterande lovverk blir prioritert naudsynte ressursar og fult på best mogleg vis for miljøet. Samt sjå til at de alternativa vi veljar framfor plast er berekraftige.

På lag med FN har vi som nasjon sagt at vi saman skal være med å nå ein nullvisjon om tilførsel av plast til havet.

3. Formål

Vestlandsrådet sin plaststrategi har formål om å være eit rettleiande dokument med føringar i form av retningsgjevande tiltak og handlingsplan. Plaststrategi er eit av verktya i vegen mot nullvisjonen om tilførsel av plast til naturen.

Plaststrategien er eit retningsgjevande rammeverk med rom for individuelle tilpassingar i kvar fylkeskommunale region ved implementering. For sjølv om vi har felles utfordringar og mange felles løysningsmogleieheitar, er det framleis viktig å ta høgde for at suksesskriteria kan være ulike langs kysten vår på Vestlandet.

Fylkeskommunane er store verksemdar, instansar med stort forbruk og moglegheit for påverknad i samfunnet. Som ein leiande aktør innanfor arbeidet med marin forsøpling må vi og sjå til, og følge opp at de tiltak som blir etablert og gjennomført er berekraftige.

4. Metode

Arbeidet med plaststrategien har blitt leda av prosjektleiar for Vestlandsrådet sitt prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling, Gudrun Kristin Fatland. Strategien er utarbeida i lag med arbeidsgruppa for marin forsøpling i prosjektet med følgande representantar i frå de tre fylkeskommunane på Vestlandet:

- Sveinung Klvyne, Vestland fylkeskommune.
- Lisbeth Nervik, Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Rolf Årdal, Vestland fylkeskommune.
- Thorsten Gøtterup, Rogland fylkeskommune.

Det sendt ut e-post med spørjeskjema til eit utval i forskjellige avdelingar og seksjonar i fylkeskommunane, der svar er bearbeida og tatt med som grunnlag for utarbeiding av mål og tiltak i strategien. Dialogmøte er gjennomført der ein har gått igjennom intervjukskjema med ulike avdelingar og seksjonar. Dette i tillegg til prosjekt og arbeidsmøte med arbeidsgruppa i prosjektet.

Ved å få innspel i frå ulike ansvarsområda i fylkeskommunane på Vestlandet, har ein fått belyst arbeid som gjerast i dag, sett nærmare på kva ein ynskjer, og sjølve ser kva ein kan bidra med innanfor. Dette i tillegg til at ein har fått sett nærmare på eventuelle noverande og synlege utfordringar innan ansvarsområde som ein internt ynskjer å arbeide med. Arbeidet har og vore med å forankre strategien hos de ulike ansvarsområda i fylkeskommunane.

Det er tatt høgde for Nasjonale og Internasjonale føringar, MARPOL Annex V som fortel om innhald i den internasjonale konvensjonen om hindring av avfall i frå skip, EU sin

plaststrategi, Nordsjøkommisjonen sin tiltaksplan mot marin forsøpling, Vestland Fylkeskommune sin strategi som er under utarbeiding, og Bergen kommune sin plaststrategi. Dette i tillegg til FN og Norge sin nullvisjon for tilførsel av plast til havet. FN sine berekraftsmål ligg og til grunn ved utarbeiding av plaststrategien for Vestlandsrådet. Med spesielt fokus på fylgjande berekraftsmål:



- 6: Reint vatn og gode sanitærforhold.
- 11: Berekraftige byar og samfunn.
- 12: Ansvarleg forbruk og produksjon.
- 14: Liv under vatn.
- 15: Liv på land.
- 17: Samarbeid for å nå måla.

Plaststrategien for Vestlandsrådet er eit verkemiddel og eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunane på Vestlandet.

5. Tolking av strategien

Strategien må lesast som ein heilheit. Plaststrategien frå Vestlandsrådet er eit forslag til eit internt rammeverk som kan trekkast ned til kvar fylkeskommunane og kan nyttast som eit retningsgjevande verktøy på Vestlandet. Arbeidsoppgåver og ansvar vil være overlappende og løysast ulike i fylkeskommunane på Vestlandet, då fylkeskommunane og er organisert ulikt.

Strategien er delt inn i to delar og er retta mot eigen og intern fylkeskommunal verksemd. Plaststrategien består av visjonen for strategien samt hovudmål og delmål, der strategiske mål for Vestlandsrådet er belyst som ynskja utviklingsretning.

I del to av dokumentet finn ein handlingsplan med tiltak for heile organisasjonen, der det overordna er tiltak for heile organisasjonen for deretter være etterfølgt av forslag til tiltak knytt til ulike ansvarsområde og oppgåver i fylkeskommunane. Slik at ein kan nytte dokumentet som eit verktøy for integrering av plaststrategien som ein del av heilskapleg klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunane på Vestlandet. Det vil for fylkeskommunanes samfunnsrolle også innanfor plast være viktig med ein berekraftig, forskning og kunnskapsbasert planlegging og forvaltning. Der ansvarsbevisst innkjøp og forbruk, samt fokus på innovasjon være viktige moment for å kunne nå visjonen om ein plastfri natur og eit plastfritt hav, i plaststrategien på Vestlandet.

6. Visjon

Visjonen til Vestlandsrådet for arbeidet mot marin forsøpling:

Ein plastfri natur og et plastfritt hav på Vestlandet.



Bilde viser strandrydding med Vidaregåande skuleelevar i Naturreservat på Tysnes. Foto: Gudrun Kristin Fatland

7. Mål

Strategiske hovudmål for plaststrategien til Vestlandsrådet:

1. Fylkeskommunane på Vestlandet skal setje så lågt plastavtrykk på miljø som mogleg.
2. Plaststrategien for Vestlandsrådet er eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunane på Vestlandet.
3. Fylkeskommunane skal vere ein retningsleiande innkjøpsinstans og forbrukar som veljar berekraftige naturprodukt utan plast.
4. Dele kunnskap og samarbeide på tvers av fylkar, avdelingar og seksjonar.

Delmål for Vestlandsrådet sin plaststrategi:

- A. Redusere eige plastforbruk med minimum 20 % innan 2023, ikkje nytte unødvendig eingongsplast.
- B. Auke mengda med resirkulert plast til 100%.
- C. Setje krav i kontraktar om bruk av naturprodukt, og velje det mest berekraftig produkt og løysning ved innkjøp og ved anbudsrundar.
- D. Ta imot eigarlaust marint avfall på der også fylkeskommunale fiskerihamner er ein del av løysninga.

8. Tiltak og handlingsplan

Tiltak for heile organisasjonen:

- Leggje inn forbod mot unødvendig eingongsplast.
- Utarbeida handlingsplan for ulike arbeidsområde og ansvarsområde i fylkeskommunen.
- Etablere kampanjar som sett fokus på marin forsøpling til dømes i egne kommunikasjonskanalar, som vidaregåande skuler, ferjer etc.
- Unngå plastavtrykk og plast på avvege i miljø.
- Bidra til arbeid med marin forsøpling og ha tett samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar, fylkesmenn, Senter for oljevern og marint miljø (SOMM) og andre aktørar.
- Søkje samarbeid med kompetanse- og fagmiljø, og bidra til regional og nasjonal samhandling, initiere ulike tverrfaglege prosjekt.
- Involvere organisasjonar, næringsliv og forskning i arbeidet med på å løysa utfordringane med plast.

Tiltak knytt til ulike oppgåver uavhengig av ansvarsområda i organisasjonen:

Innkjøp

- Kartlegge relevante innkjøpsfora for innkjøpsavdeling.
- Utvikle rutinar og innkjøpskriterium for reduksjon av plastforbruk.
- Foreta interne innkjøpsvurderingar i samsvar med ressursar på miljø.
- Leggje til rette for å redusere bruk av antal ulike typar plast.
- Leggje til rette for å auke resirkulering og gjevingsgraden av den plast som kan takast i bruk.
- Regulere forbruk og avfall av plast gjennom reglar, anskaffing og interne innkjøpsavtalar.

Regionalplan

- Oppmode til reduksjon av plast ved uttale i plansaker.
- Betre mottakskontroll av massar for å redusere gjenvinning av forureina massar med plast.
- Sjå plast i regional samanheng med regional transportstrategi.
- Oppmode om 100% gjenvinning av massar, framfor nye uttak for å unngå plastforureining ved spreiring av elektrisk sprengingsladning dekkja av plast.
- Sikre anlegg, kvalitetssikre vedlikehaldsrutinar knytt til tidsintervall for byting/ending av dekke, moking, og generell sikring av området etc.
- Avfallsplanar for Fylkeskommunale eigedomar.

Opplæring

- Informere og kommunisere kunnskap om plast- og marin forsøpling og drive handlingsskapande arbeid knytt til opplæring.
- Auka arbeidet med formidling og handlingsskapande arbeid av temaet på vidaregåande skular og andre utdanningsinstitusjonar til dømes med Nasjonal digital læringsarena, Erasmus, EØS og andre relevante program.
- Arbeide for at samlege opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, er ein bevisst innkjøper og forbrukar.
- Leggje til rette for at alle skulane er ute å ryddar plast i naturen med elevane sine.
- At kvar skole adopterer ein strand/område, og ryddar område 3 gonger årleg med sine elevar.



Foredrag med NJFF/TAM, BOF, NORCE. På bilde, Kenneth Bruvik på Amalie Skram vidaregåande skule om marin forsøpling. Foto: Gudrun Kristin Fatland.

Tannhelse

- Reduserer plastbruken og antal plast typar i eigen verksemd, og velje bort unødvendig eingongsplast.
- Kjeldesortere plast til gjenvinning.
- Velje leverandørar med produsentansvarsordning i ein sirkulær økonomi.
- Ta bort plastleker som premiering til barn.

Samferdsel og kystressursforvaltning

- Ta imot eigarlaust marint avfall på de fylkeskommunale hamnene.
- Implementerer plaststrategi i avfallsplan for mottak og handtering av eigarlaust marint avfall i alle hamnar, fiskerihamner spesielt.
- Velje naturprodukt ved innkjøp av brøytetikker.
- Unngå plastavtrykk og plast på avvege i miljø.
- Ved eksempelvis: snømoking og handtering av snø som er måka, vegvasking, kummar, brøytetikker, generelt vedlikehald.
- Støtte friluftsråda, Skjærgårdstjenesten, andre interkommunale aktørar i arbeid knytt til tiltak mot marin forsøpling og opprydning av marin forsøpling.
- Legge til rette for og støtte opp under ein utviding av Skjærgårdstjenesten og Vestkystparken på heile Vestlandet.
- Legge til rette for andre aktørar sitt arbeid knytt til tiltak mot marin forsøpling og rydding av marin forsøpling.

Kultur og idrett

- Leggje til rette for og føretrekke berekraftige og naturlege uteareal, kunstgrasbaner og fritidsområde utan plast og gummidekker.
- Minimerer forbruk og oppmode om gjenbruk og leggje til rette for grøne og plastfrie arrangement.
- Oppmode om kutt av unødvendige plastprodukt, som eingongs plastbestikk, glas, koppar, fat og sugerør ved tilskot til arrangement og liknande.

- Støtte friluftsråda, Skjærgårdstjenesten, andre interkommunale og andre aktører sitt arbeid med rydding av marin forsøpling og stimulere frivillige til å rydde strender og informere om plast- og marin forsøpling.
- Sikre anlegg, kvalitetssikre vedlikeholdsrutinar knytt til tidsintervall for byting/ending av dekke, moking, og generell sikring av området etc.
- Avfallsplanar for statleg sikra områder.
- Oppmode til reduksjon av plast ved uttale i plansaker.

Innovasjon og næringsutvikling

- Leggje til rette for verkemiddelapparatet kan stimulere næringsliv og offentlig sektor til å finne løysningar til plast utfordringa på ein langsiktig og berekraftig måte.
- Arbeide for å etablere produsentansvarsordningar for å standardisera typar plast og auka gjenvinningsgraden.
- Støtte opp under og leggje til rette for alternativ for plast og stimulere til innovasjon, forskning og utvikling.

Energi, miljø og klima

- Interne fylkeskommunale tiltak vert konkretisere i handlingsprogram og miljøstyringssystem.
- Arbeide for at mikro- og nanoplast blir karakterisert som ein miljøgift.

Nasjonalt

- Arbeide for at mikro- og nanoplast blir karakterisert som ein miljøgift.
- Arbeide for at myndigheitene har ressursar til å fylgje opp forureiningslova med preventive sanksjonar.
- Arbeide for at operativt ansvar for opprydding av plast kjem innunder forureiningslova nasjonalt.
- Arbeide for å plassere operasjonelt ansvar og etablere føreseielege nasjonale finansieringsløysingar for profesjonelle aktørar som arbeidar med rydding og handterer avfall på avvege og marin forsøpling.

Internasjonalt

- Arbeide for at mikro- og nanoplast blir karakterisert som ein miljøgift.
- Arbeide for at det blir etablert berekraftige internasjonale og nasjonale avtaler og retningslinjer for makro, mikro- og nanoplast.




Foto: Bergen og omland friluftsråd

Saksnr: 2020/36937-5
Saksbehandlar: Tore Olderkjær Solheimslid

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	18/20	10.09.2020

Hydrogenstrategi – status og vidare arbeid

Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet ser det som viktig at det vert arbeidd vidare med å legge til rette for hydrogen som drivstoffkjelde for tunge køyretøy og snøggåtar, og ber om at dei tre fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal vurderer å vidareføre prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» i eit samarbeid som ei felles satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklarar fordeling av administrative ressursar og prosjektfinansiering.
2. Vestlandsrådet ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til eit vidare samarbeid om prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» .

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2016 tok fylkeskommunane på Vestlandet initiativ til eit fagleg samarbeid knytt til hydrogen som energiberar, eit område der regionen kan oppnå ein leiande posisjon ved å utnytte sine naturgjevne og komparative fortrinn i overgangen til ein låg- og nullutsleppsøkonomi. DNV (Det Norske Veritas) vart engasjert til å gjennomføre ein analyse av moglegheitene for produksjon, bruk og verdiskaping knytt til hydrogen på Vestlandet, inkludert behovet for infrastruktur.

Studien konkluderte med at dei fire fylka på Vestlandet har kompetanse, aktørar og energitilgang som gjev moglegheiter for ei tydeleg rolle i ein framtidig hydrogenøkonomi. Særleg gjeld dette innanfor hydrogenproduksjon og bruksområde som industri, maritim transport, havbruk og stasjonære hydrogen-til-straum-anlegg til bruk på stadar med manglande eller ingen tilgang til straumnett.

Dei viktigaste funna og konklusjonane frå denne moglegheitsstudien vart lagt fram for Vestlandsrådet, og i handsaminga av budsjettet for 2017 vart det vedteke at der skulle setjast av midlar til arbeid med ein hydrogenstrategi for Vestlandet (sak 05/17). Den vedlagte hydrogenstrategien vart utarbeidd av representantar frå dei fire fylka og vart vedtatt i Vestlandsrådet 15. februar 2019.

Det vart her løyva 400' til ei prosjektleiarstilling og føreslått at kvar fylkeskommune skulle løyve tilsvarande 100' kvar for gjennomføring av tiltak. Med bakgrunn i dette, vart det etablert ei styringsgruppe som bestod av ein representant frå kvart fylke pluss Tore Solheimslid frå HFK som koordinator. Øvrige medlemmer var Tale Halsør og Sølve Dag Sondbø frå Hordaland Fylkeskommune, Lina Vassdal frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, Audun Erik Gisle Sunde frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Christian Herheim frå Rogaland Fylkeskommune. I løpet av 2019 hadde styringsgruppa 7 felles møter og fleire individuelle møter med koordinator. Med unntak av Tale Halsør, vil desse halde fram med arbeidet i 2020 ved løyve.

Vurderingar og verknader

Styringsgruppa for Vestlandssamarbeidet på hydrogen har lagt vekt på å stimulere til utvikling av hydrogenmarknaden. Essensen i arbeidet har vore innan utvikling av hydrogeninfrastruktur med tilhøyrande marknad på Vestlandet, undersøking av potensialet for hydrogen gjennom offentleg anskaffing og regulering, arrangering av dialogmøter med kommunar og næringsliv og nasjonalt fylkeskommunalt samarbeid. Engasjementet har vore stort frå offentleg sektor og frå næringslivet, både på dialogmøtet no nyleg i Ålesund og Molde og på Hydrogenkonferansen på Vestlandet i Stavanger.

Grunna Covid-19, hadde ikkje Vestlandsrådet høve til å ta stilling til vidareføring av dette arbeidet ved møtene i februar eller april 2020. Dette medførte stans i prosjektarbeidet, då enden av prosjektperioden var i starten av 2020. Fylkesrådmannen ser det som hensiktsmessig å operere med lenger prosjektperiode i vidare arbeid.

Desember 2019 vart det klart at tre av dei fire Pilot-E-prosjekta for utvikling av hydrogenverdikjeder som fekk tilsegn er på Vestlandet:

- Hellesylt: Hydrogenproduksjon ved Geirangerfjorden for å sikre nullutslepp i verdsarvfjorden.
- BKK: Bruk av hydrogen for utsleppsfrie byggeplassar og anleggsverksemdar.
- BKK: Utvikling av storskala forsyning for flytande hydrogen som første skritt mot ein nasjonal infrastruktur for hydrogen.

Samtidig er det planlagt naturgassbasert hydrogenproduksjon på Kollsnes med CCS og storskala hydrogenproduksjon i Kvinnherad.

Spørsmålet vert så om det er tilstrekkeleg marknad for all denne hydrogenproduksjonen på Vestlandet. Dei klare bruksområda for hydrogen er til hurtigbåt, tungtransport, anleggsmaskiner,

smelteverksindustri, oppdrettsnæringa og offshorefartøy (Omgjort til ammoniakk). Dette er blant anna godt reflektert i vedtaket om nullutslepp i hurtigbåtanboda frå Vestland fylkeskommune i desember i fjor.

Som offentlig forvaltar ønsker vi å bidra til omstilling utanom våre eigne anbod også. Næringslivet som skal ta i bruk desse løysingane driv som regel verksemd på tvers av geografiske grenser. Dette stiller oss i ein posisjon som stiller krav til godt samarbeid mellom fylkeskommunane på Vestlandet, men også mellom Vestlandet og resten av landet. Det er difor essensielt at ein held fram med god samkøyring av hydrogensatsinga mellom Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland og at Vestlandssamarbeidet på hydrogen har god dialog og samarbeid med øvrige nasjonale initiativ.

Konkrete satsingar ein ønsker å jobbe vidare med i hydrogenprosjektet i 2020:

- FCH JU (Fuel Cell Hydrogen Joint Undertaking, støtteordning underlagt EU-kommisjonen)
 - o Estimert til rundt sommaren 2021, vil FCH JU kome med si neste utlysing. FCH JU melder at ein føresetnad for å få tilsegn her vil vere å drive store og ambisiøse prosjekt. VLFK har difor målsetnad om å samle saman så mange hydrogenaktørar og -prosjekt som mogleg om ein eller fleire felles søknadar til denne utlysinga. Her har ein potensiale for støtte til heile meirkostnaden ved prosjekta, ikkje berre ein andel. Andre relevante støtteordningar vil ein også vurdere. Denne satsinga vil ligge i botn for alle andre aktivitetar i 2020 og 2021. Styringsgruppa anbefalar vidare samarbeid for å sikre at relevante aktørar og prosjekt vert ivaretatt på heile Vestlandet.
- Nasjonalt rammeverk
 - o Prosjektet vil i si vidareføring sørge for god dialog med nasjonale styresmakter og gi innspel til korleis endringar i rammeverket kan sikre god utvikling av hydrogenmarknaden. Herunder ligg førebuing og tilbakemelding på den nasjonale hydrogenstrategien.
- Tungtransport
 - o VLFK har eit konkret samarbeid med fleire offentlege og private aktørar om etablering av ei flåte hydrogenlastebilar i Noreg. Eit godt samarbeid på Vestlandet vil vere meget viktig for å sikre at dette også vert ivaretatt i Møre og Romsdal og Rogaland.
- Hurtigbåtanbod
 - o Gjennom Vestlandssamarbeidet ønsker ein å bidra med fagkompetanse for vurdering av bruk av hydrogen i hurtigbåtar, samt å bidra til innhenting av riktig informasjon i desse anbodsprosessane.
- Bygg og anlegg
 - o Saman med Klimapartnernettverket, er det ønskeleg å arbeide for å sikre rask og kostnadseffektiv omstilling til nullutslepp i bygg- og anleggsbransjen.
- Infrastruktur
 - o Omstillinga til nullutslepp føregår i mange sektorar samtidig. Her har ein moglegheit til å utnytte potensielle synergieffektar ved å planlegge infrastruktur både for batteri og hydrogen, som kan nyttast av næringsliv og privatpersonar innan både maritim sektor og på land. Der dette er mogleg, bør ein søke å legge til rette for fleirbruksanlegg. Samtidig er mange aktørar avhengig av infrastruktur i fleire fylker for å kunne investere i hydrogenløysingar, dette betyr at samarbeid på tvers av fylkesgrenser er essensielt.
- Auke forutsigbarheita i marknadsutviklinga
 - o Gjennom å kartlegge brukarane sine framtidige behov og ønsker og gjennom å skape fleire møteplassar mellom marknaden og øvrige verdikjeder, ønsker ein å gjere marknadsutviklinga meir forutsigbar. Dette gjeld særleg i dei tilfeller der ein er avhengig av store volum for å kunne ta investeringsbeslutning, t.d. ved flytandegjering av hydrogen.

Budsjett for 2020-2021

Estimert budsjett for 2020 og 2021. Eksterne kostnader er hovudsakleg for dekking av møtekostnader.

Tiltak	Budsjett 2020-2021
Prosjektleder, koordinatorstilling 50% inkl. sosiale utgifter	600 000
Eksterne kostnader knytt til gjennomføring av handlingsprogram	75 000
Totalt	675 000

Konklusjon

Fylkesrådmannen konkluderer med at vidareføring av arbeidet er viktig og nødvendig for å sikre godt samkøyrd hydrogenarbeid i Vestland fylke og at ein lenger prosjektperiode er hensiktsmessig for å unngå stans i arbeidet.

Fylkesrådmannen viser til likevel til samarbeidsavtalen for Vestlandrådet, der det er nedfelt at enkeltprosjekt i hovudsak skal gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylke.

Fylkesrådmannen ser det som viktig at det vert arbeid vidare med å legge til rette for hydrogen som drivstoffkjelde for tunge køyretøy og snøggåtar, og ber om at dei tre fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal vurderer å vidareføre prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» i eit samarbeid som ei felles satsing for heile Vestlandet. Fylkeskommunane avklarar fordeling av administrative ressursar og prosjektfinansiering.

Som vertskap for koordinatorfunksjonen i prosjektet fram til no vil det hensiktsmessig å be om at Vestland fylkeskommune tek initiativ til eit vidare samarbeid om prosjektet «Hydrogenstrategi Vest» .

Hydrogen Region Vestlandet

Strategi og handlingsprogram for 2019-2020

Innhald

Samandrag	2
1 Innleiing	3
1.1 Hydrogen som energiberar	3
1.2 Internasjonale føringar - mot netto nullutslepp i 2050	3
1.3 Nasjonale initiativ - teknologi og infrastruktur	4
1.4 Regionale hydrogenstrategiar	4
2 Felles hydrogenstrategi for vestlandsfylka	5
3 Status for hydrogenarbeid i vestlandsfylka	6
3.1 Møre og Romsdal	6
3.2 Sogn og Fjordane	7
3.3 Hordaland	9
3.4 Rogaland	10
4 Hydrogen på Vestlandet: overordna mål	12
5 Hydrogen på Vestlandet: strategiske prioriteringar	12
5.1 Utbygging av infrastruktur	12
5.2 Offentlege innkjøp som pådrivar	12
5.3 Utvikle kompetanse for framtida	13
5.4 Samarbeide regionalt, nasjonalt og internasjonalt	14
6 Hydrogen på Vestlandet: handlingsprogram 2019-2020	15
6.1 Infrastruktur	15
6.2 Offentlege innkjøp	15
6.3 Kompetanseheving	16
6.4 Nettverk og samarbeid	16
7 Budsjett og finansieringsplan	17

Samandrag

I 2016 tok fylkeskommunane på Vestlandet initiativ til eit fagleg samarbeid knytt til hydrogen som energiberar, eit område der regionen kan oppnå ein leiande posisjon ved å utnytte sine naturgjevne og komparative fortrinn i overgangen til ein låg- og nullutsleppsøkonomi. DNV (Det Norske Veritas) vart engasjert til å gjennomføre ein analyse av mulegheitene for produksjon, bruk og verdiskaping knytt til hydrogen på Vestlandet, inkludert behovet for infrastruktur.

Studien konkluderte med at dei fire fylka på Vestlandet har kompetanse, aktørar og energitilgang som gjev mulegheiter for ei tydeleg rolle i ein framtidig hydrogenøkonomi. Særleg gjeld dette innanfor hydrogenproduksjon og bruksområde som industri, maritim transport, havbruk og stasjonære hydrogen-til-straum-anlegg til bruk på stadar med manglande eller ingen tilgang til straumnett.

Dei viktigaste funna og konklusjonane frå denne mulegheitsstudien vart lagt fram for Vestlandsrådet, og i handsaminga av budsjettet for 2017 vart det vedteke at der skulle setjast av midlar til arbeid med ein hydrogenstrategi for Vestlandet (sak 05/17).

I strategiprosessen har dei fire fylka sett av personalressursar til arbeidet, og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt prosjektleiinga. Det er gjennomført fleire arbeidsmøte og samlingar, der det har kome innspel til prosessen frå interessentar i næringslivet, forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar og andre offentlege aktørar.

Arbeidsgruppa har definert eit overordna mål for hydrogensamarbeidet fram mot 2020:

Vestlandet skal vere ein leiande region, eit levande laboratorium, i utvikling og bruk av hydrogen som energiberar. Gjennom dette arbeidet skal vi bidra til reduserte utslepp av klimagassar, styrke det regionale næringslivet si grønne konkurransekraft og vere fremst i omstillinga til eit nullutsleppsamfunn.

For å nå ei slik målsetjing er det naudsynt å gjere nokre strategiske prioriteringar. Som regionale utviklingsaktørar kan fylkeskommunane ta ei pådrivarrolle innanfor følgjande område:

- Utbygging av infrastruktur
- Offentlege innkjøp som drivar
- Kompetanseheving i regionen
- Nettverksarbeid nasjonalt og internasjonalt

Strategien inneheld også eit handlingsprogram for 2019-2020 som er knytt opp til dei strategiske prioriteringane. Det er gjort framlegg om å opprette ei koordinatorstilling i Hordaland fylkeskommune som kan administrere arbeidet og gjennomføre fleire av fellestiltaka som er planlagt.

1 Innleiing

1.1 Hydrogen som energiberar

Grunnstoffet hydrogen finst det mykje av i naturen, til dømes i vatn, men nesten aldri i rein form. Framstilling av hydrogen skjer konvensjonelt ved elektrolyse eller naturgassreforming, ved elektrolyse spaltast vatn ved hjelp av elektrisitet. Dette er ein energikrevjande prosess men hvis elektrisiteten blir produsert frå fornybar energi blir både produksjon og bruk av hydrogen utan utslepp av klimagassar. Ein annan måte å produsere hydrogen på er gjennom reformering av naturgass, noko som må skje med karbonfangst dersom prosessen skal verte fri for utslepp. Hydrogen kan nyttast som drivstoff til brenselceller, som igjen produserer elektrisitet ved å omdanne hydrogen og oksygen til vatn i ein elektrokjemisk prosess. Med denne teknologien kan hydrogen mellom anna nyttast til framdrift av motorar med null utslepp av klimagassar og stasjonær energiforsyning uavhengig av nettilgang.

Hydrogen er, trass relativt høge produksjonskostnadar, sett på som ein god måte å lagre energi på. Særleg gjeld dette i situasjonar der produksjonssida ikkje har kundar som kjøper når energien er tilgjengeleg, eller i område der eksisterande infrastruktur har dårleg kapasitet og det oppstår behov for å lagre eller transportere energi uavhengig av straumnettet. Vasskraft har den store fordel at den kan lagrast gjennom magasinering, i motsetnad til dei mange småkraftverka, som har liten eller ingen magasinkapasitet. Kraftproduksjon i periodar med overskot kan då brukast til hydrogenproduksjon frå desse samt frå vindkraft eller andre uregulerbare kjelder.

Utvikling av ei utsleppsfri verdikjede basert på hydrogen som energiberar føreset difor tilgang på rimeleg fornybar energi til produksjonen av hydrogen, infrastruktur for lagring og distribusjon samt utvikling av marknaden og etterspurnad gjennom bruk av hydrogenteknologi på fleire bruksområde. Andre ledd som inngår i hydrogenbaserte verdikjeder er mellom anna regelverk, sikkerheit, infrastruktur for tanking samt design, bygging og testing av brenselcelle- og batteriteknologi.

1.2 Internasjonale føringar - mot netto nullutslepp i 2050

Det internasjonale energibyrået (IEA) har leia arbeidet med ei rekkje «vegkart» for nokon av dei viktigaste lågutsleppsteknologiane innanfor energi. Der har ein identifisert nødvendige steg for å framskynde gjennomføringa av teknologiske endringar. «IEA Technology Roadmap: Hydrogen and Fuel Cells» viser at hydrogen er ein energiberar som tilbyr føremonene ved fossilt brensel, men med potensielt lågt karbonfotavtrykk. Det gjer det muleg å integrere mykje variabel, fornybar kraft i verdas energisystem. Hydrogen kan difor vere ei av løysingane på utfordringar knytt til utsleppsreduksjon, særleg i sektorar som transport, industri og bygg, og vil truleg verte ein betydeleg energiberar innan 2050¹.

¹ IEA Technology Roadmap: Hydrogen and Fuel Cells, 2015.

<http://www.iea.org/publications/freepublications/publication/technology-roadmap-hydrogen-and-fuelcells.html>

1.3 Nasjonale initiativ - teknologi og infrastruktur

Det er forventa eit kraftoverskot i Noreg og Norden i åra framover, samstundes som energimarknaden i Europa og elles i verda er i endring. Norske styresmakter vil satse på lokal utnytting av dei fornybare kraftressursane, mellom anna gjennom dekarbonisering av land- og sjøtransport. I Energimeldinga frå 2016 heiter det at utvikling og bruk av batteri-, hydrogen- og brenselcelleteknologi på ulike bruksområde vil medverke både til utsleppsreduksjon og nye mulegheiter for norsk næringsliv².

Til dømes vart verdas første heilelektriske ferje sett i drift på Sognefjorden i 2015, som eit resultat av ei offentleg utviklingskontrakt. I slutten av 2018 hadde ferjeselskap Fjord1 nærare 30 el-ferjer i bestilling, som ein direkte konsekvens av denne utviklinga. No har Vegdirektoratet fått eit nytt oppdrag som kan skape endå ein revolusjon til sjøs; ei hydrogenferje som skal vere operativ på sambandet Hjelmeland-Nesvik i Rogaland i 2021. Nyleg vart anbodskonkurransen avslutta, og Norled vann kontrakta.

Vidare gjorde Stortinget vedtak i 2015 om at det er behov for ein nasjonal hydrogenstrategi, og no har regjeringa starta prosessen med kartlegging og innhenting av kunnskap, mellom anna gjennom høyringar og innspelsmøte. Dette skjer parallelt med at det skal leggest fram ein nasjonal strategi for alternativt drivstoff i løpet av 2019.

Norsk Hydrogenforum og Hordaland fylkeskommune, saman med fleire andre fylke, har starta eit prosjekt med føremål om å samle næringslivet i Noreg om ei felles hydrogenflåtebestilling. Det er eit ønske både frå næringslivet og frå prosjektpartane at prosjektet skal femne om tungtransport, maritim sektor og kollektivtransport på land. Ein ser likevel at prosjektet har størst potensiale i tungtransporten, då denne både har komen lengst og per i dag har har størst potensiale for masseproduksjon.

1.4 Regionale hydrogenstrategiar

Akershus fylkeskommune sine planar for 2018 var å nå 350 hydrogenbilar, inkludert fleire drosjer, og minst 30 bussar. Måla for 2025 er høvesvis 10 000 hydrogenbilar og 100 bussar. Akershus sin hydrogenstrategi er eit samarbeid med Oslo kommune, og dei skal gjennom strategien bidra til utbygging av nasjonal og internasjonal hydrogeninfrastruktur.

Hordaland fylkeskommune vedtok 22.06.17 strategien "Hydrogenteknologi i Hordaland", der hovudmålet er å etablere ei verdikjede for fossilfri hydrogen i Hordaland, som del av ein større hydrogenmarknad på Vestlandet. Strategiar for å nå målet er å nytte nettverk, kompetanseheving, drive fram prosjekt i lag med næringslivet og ta ei rolle i å sikre naudsynt infrastruktur.

Trøndelag er leiande i arbeidet med å utvikle framtidens hurtigbåt. Fylkeskommunen har signert kontrakt med fem konsortier i eit utviklingsprosjekt som skal utvikle eit konsept for ein nullutslepp hurtigbåt med hastigheit over 30 knop. Trøndelag leiar også eit prosjekt på oppdrag frå Sogn og Fjordane og Hordaland

² Meld. St. 25, 2015-16: «Kraft til endring – energipolitikken mot 2030»

fylkeskommunar, der føremålet er å få fram kunnskapsgrunnlag om behov for landbasert hydrogeninfrastruktur ved neste hurtigbåtanbod.

2 Felles hydrogenstrategi for vestlandsfylka

Vestlandsrådet bestilte i sitt møte 25.10.17 eit framlegg til ein felles hydrogenstrategi for fylka frå Rogaland til Møre og Romsdal. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ein fast stillingsressurs innanfor dette området, og tok ansvaret for koordinering av prosessen. Kwart av dei fire fylka har utnemnd ein fagperson til arbeidet. Desse aktivitetane er gjennomført:

- Kartlegging av nasjonale og internasjonale føringar samt hydrogenaktivitetar i dei fire fylka
- 6 planleggings- og arbeidsmøte i prosjektgruppa
- 1 temamøte i Vestlandsrådet der fylkesrepresentantane har kome med innspel
- 4 dialogmøte, eitt i kvart fylke, med aktørar innanfor ein framtidig hydrogenverdikjede
- Interne informasjons- og innspelsmøte i administrasjonen i dei fire fylkeskommunane

Det er ikkje gjennomført nokon formell høyringsrunde i prosessen, då dialogmøta med aktørar i verdikjedane langt på veg har dekkja behovet for medverknad frå interessentane. Deltakarane på møta har vore frå industrien, transportnæringar, konsulentbransjen, kommunar, maritim sektor, næringsklynger og utdanningsinstitusjonar. Kort oppsummert kom det fram følgande innspel i møta:

- Det er viktig å vurdere synergjar mellom fleire bruksområde for hydrogen, og at hydrogen basert på reformert naturgass og elektrolyse frå fornybar energi kan utfylle kvarandre - det er to ulike verdikjedar som har ulike sluttkundar
- I starten må ein fokusere på dei store prosjekta som bidreg til utvikling for næringslivet, sidan personbiltransporten per i dag representerer ein for liten marknad
- Dei potensielle brukarane av hydrogenløysingar er interesserte i å satse, men kostnadene er per i dag for høge til at ein ynskjer å kjøpe mange køyretøy/fartøy. Likevel er det brei einigheit om at hydrogen vil spele ei viktig rolle i omstillinga til nullutsleppstransport, og aktørane peikar på behovet for privat/offentleg samarbeid om infrastruktur for å få ned kostnadane
- Fylkeskommunane og kommunane på Vestlandet må nytte si innkjøpsmakt til å stille høge miljøkrav og legge til rette for å utvikle og ta i bruk nullutsleppsteknologi. Fylkeskommunane må også samarbeide om å rulle ut ein samanhengande hydrogeninfrastruktur på land og sjø
- Fleire aktørar ønsker å delta aktivt i prosjektet som no er sett i gong av Hordaland Fylkeskommune og Norsk Hydrogenforum, der det overordna målet er å samle så mange næringslivsaktørar og offentlege aktørar som mogleg for å koordinere innkjøp av hydrogenkøyretøy til bruk i Noreg. Dess fleire køyretøy som vert bestilt, dess meir konkurransedyktig vert prisen per eining samanlikna med dagens fossile alternativ. Det er kritisk at ein utnyttar det momentum som er skapt til ei felles satsing innan dette området

- Det er viktig at det offentlege bidreg til å teikne bildet av korleis hydrogenverdikjeden kan sjå ut på Vestlandet i framtida, og svarer ut denne visjonen med å utvikle utdanningstilbodet og støtte opp under næringar der arbeidsplassane vil kome

Den felles hydrogenstrategien er forankra i Vestlandsrådet, der dei fire fylka forpliktar seg til å koordinere med eigne planar og strategiar, samt å følge opp gjennom nødvendige vedtak og løyvingar.

3 Status for hydrogenarbeid i vestlandsfylka

3.1 Møre og Romsdal

Arbeid med hydrogen har vore forankra i handlingsprogam for verdiskaping sidan 2015, der det stod at ein skulle undersøke forretningsmulegheiter for bruk av LNG, biogass og hydrogen.

I 2016 fekk ein inn to nye punkt; utgreiing av logistikk, produksjons- og forretningsmulegheiter for hydrogen og utvikling av eit pilotprosjekt for hydrogen. Vidare skulle fylkeskommunen tilrettelegge for nullutsleppstransport både på land og sjø gjennom støtte til utgreiingar.

I handlingsprogrammet for 2017 fekk fylkeskommunen definert ei eiga hydrogensatsing:

- Utvikle eit pilotprosjekt for produksjon og bruk av hydrogen
- Arrangere seminar for å spreie kunnskap om hydrogen
- Arbeide for infrastrukturutvikling for bruk av hydrogen
- Samarbeide med næringsliv og statlege einingar for å greie ut hydrogentog på Raumabanen

I handlingsprogrammet for 2018 vart det teke inn eit punkt om etablering av nye tilbod på Fagskulen i Kristiansund, mellom anna energigassar - hydrogen og metallurgi. Fylkeskommunen skulle også bidra med å etablere fyllestasjonar for el og hydrogen til lands og til sjø. Vidare skulle ein arbeide for ny etablering av gassbasert industri på Tjeldbergodden, herunder produksjon av hydrogen og etablering av CO₂ infrastruktur for fangst, transport og lagring.

I planen for 2019 skal fylkeskommunen framleis vere pådrivar for bruk av overskot syntese-gass ved Tjeldbergodden til produksjon av hydrogen, samt stimulere til småskala hydrogenproduksjon frå fornybar overskotskraft.

Næringsutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune er med i fleire prosjekt som omhandlar hydrogen:

- G-PaTRA (Green Passenger Transport in Rural Areas) er eit Interreg-prosjekt der Møre og Romsdal sitt bidrag er å sjå på mulegheita for å produsere hydrogen frå vindparken på Smøla. Ein skal vurdere bruksområde som hurtigbåt, ferge, buss og ambulansbåt, samt lage eit businesscase som skal kunne bli brukt også andre stadar. Hittil har prosjektet hatt fire workshops, og utgreiinga skal vere ferdig til sommaren 2019. Prosjektet varer til 2021

- Fylkeskommunen var partner i prosjektet HHH (Hellesylt Hydrogen Hub), der forprosjektet no er ferdig. Ein har greidd ut tekniske og økonomiske mulegheiter for å produsere hydrogen frå «stranded energy» frå småkraftverk rundt Hellesylt, m.a. til bruk i ferga som går mellom Hellesylt og Geiranger
- Fylkeskommunen er òg partner i PilotE-prosjektet HYBRIDskip, saman med mellom andre Fiskarstrand Verft, som har som mål å bygge den første ferga med hydrogenframdrift
- Fylkeskommunen har vore involvert i å sjå på mulegheita for hydrogen på Raumabanen - gjennom midlar fra Interreg-prosjektet G-PaTRA vart det vurdert å forsyne Raumabanen med hydrogen produsert på Smøla
- Møre og Romsdal fylkeskommune er observatør i prosjektet Fremtidens Hurtigbåt i regi av Trøndelag fylkeskommune, men er gjennom G-PaTRA ein litt meir aktiv bidragsytar gjennom eige utgreiingar og workshops

I tillegg medfinansierer fylkeskommunen nokre utgreiingsprosjekt, til dømes

- Tidleg produksjon av hydrogen frå Tjeldbergodden (reformering av naturgass med karbonfangst)
- Plassering av Energistasjonar og mulegheita for å stille nullutslippsskrav til drosjenæringa (Klimasatsprosjekt)
- Mulegheita for å produsere hydrogen frå småkraftverk ved Hellesylt

Kompetanseheving

Møre og Romsdal fylkeskommune er med i prosjektet SH2IFT som skal sjå på sikkerheitsaspekt ved handtering av hydrogen både i gass- og flytande form. Prosjektet er finansiert av Forskingsrådet, med Sintef som prosjekteigar. Fylkeskommunen har meldt seg inn i regionnettverket til FCH-JU, som skal kartlegge, analysere og bidra til å starte opp hydrogenprosjekt over heile Europa. Det er sett på mulegheita for ei ny studieretning på Fagskulen i Kristiansund, som kan verte retta mot hydrogen og andre energigassar

Møre og Romsdal fylkeskommune har vore arrangør eller medarrangør for seminar og workshops der hydrogen har vore hovudtema; Vår felles kyst (2018), eit eige seminar under Grøn Fjord-konferansen (2016 og 2018), Fossile anleggsmaskiner og nyttekjøretøy (2018), eller som deltema på ulike konferansar; JazzGass (2015), Samferdselskonferansen (2015 og 2017), The North West (2018), Småkraftdagene (2019).

Både Smøla kommune og Kristiansund kommune jobbar aktivt med å få til produksjon og bruk av hydrogen. Fylkeskommunen er også med i eit prosjekt som ser på bruk av hydrogen i industrisamanheng.

3.2 Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune starta sitt arbeid med hydrogen i 2015, då det vart gjort ei kartlegging av mulege lokal verdikjeder basert på hydrogen som energiberar. Rapporten frå kartlegging fastslo at potensialet for næringsutvikling innanfor dette området er stort, men at hydrogenverdikjeda framleis var umoden, med behov for ei heilskapleg satsing frå både offentlege og private aktørar.

Dette var bakgrunnen for at Sogn og Fjordane fylkeskommune sette i gong utviklingsprosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane i 2016. Prosjektet vart forankra i Hovudutvalet for Næring og Kultur (sak 16/570-1) og hadde ei varigheit på to år. Det vart tilsett ein prosjektleiar i full stilling. Finansiering vart henta frå fylkeskommunen sitt eige budsjett, Sparebanken Sogn og Fjordane si stifting, Klimasatsordninga til Miljødirektoratet, Regionalt Forskingsfond Vest (RFFV) og Nordisk Atlanterhavssamarbeid (NORA). Følgande aktivitetar er gjennomført:

Næringsutvikling

Saman med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane oppretta fylkeskommunen ei støtteordning som skulle bidra til finansiering og gjennomføring av utviklingsprosjekt for hydrogen i næringslivet. Desse seks prosjekta har fått støtte:

- GKP7H2 Hydrogendriven passasjerbåt
- Hydrogendriven arbeidsbåt for oppdrettsnæringa
- Hydrogen produsert frå lokal vasskraft til bruk i langdistanse lastebilar
- Hydrogen produsert frå bølgekraft til ulike bruksområde
- Hydrogen som energiberar i komplett energisystem for oppdrettsanlegg
- Storskala hydrogenproduksjon frå vasskraft til eksport, land- og sjøtransport

I tillegg har Maritim Forening Sogn og Fjordane teke ei leiande rolle i å samle næringsliv og andre aktørar innanfor hydrogenverdikjeda i regionen til ei klynge-satsing. Klynga er teke opp i Innovasjon Noreg sitt Arenaprogram, ei ordning som vil gje grunnlag for ei systematisk og målretta satsing i to-tre år framover. Fylkeskommunen har bidrege til søknaden med økonomisk støtte og rådgjeving.

Kunnskapsoverføring til kommunane

Saman med kommunane Årdal, Høyanger, Gloppen, Eid, Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora har fylkeskommunen gjennomført ei utgreiing av mulegheiter for å produsere og ta i bruk hydrogen som energiberar lokalt:

- lokalitetar i kommunen der det er muleg å produsere hydrogen
- behov og mulegheiter for eventuell lagring og distribusjon av hydrogen
- kvar det er tenleg å etablere infrastruktur på land og sjø
- planrelaterte problemstillingar (VAA, arealbruk, infrastruktur osv)
- potensiale for utsleppsreduksjon i bu- og arbeidsmarknaden
- mulege bruksområde og heimemarknad for hydrogen i kommunen

Resultatet frå prosjektet er mellom anna ei verktøykasse for planlegging av hydrogenprosjekt, som kan takast i bruk av kommunane. Verktøykassa er tilgjengeleg på www.sfj.no/hydrogen

Kartlegging av kompetansebehov

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennomført ei kartlegging av utdannings- og kompetansebehov i framtidige hydrogenverdikjedar i fylket. Funna frå denne er teke i vestlandsstrategien sine tilrådingar til kompetansefremjing.

Nettverk og samarbeid

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i perioden 2016-2018 leia samarbeidet mellom dei fire fylka på Vestlandet, ein prosess som er tenkt å føre fram til ein felles hydrogenstrategi forankra i Vestlandsrådet.

Sidan 2017 har Sogn og Fjordane også vore leiar i eit nasjonalt nettverk for fylkeskommunar som jobbar med hydrogen som energibærer. Dette nettverket har no over 10 fylke og fleire byar med seg, i tillegg til fleire organisasjonar som er observatørar. Norsk Hydrogenforum er sekretariat for nettverket. Viktige tema er nasjonalt vegkart for hydrogeninfrastruktur, støtteordningar, innfasing av hydrogenteknologi gjennom offentlege innkjøp, kompetanseutvikling og formidling av kunnskap.

Vidare har fylkeskommunen delteke i EU sitt nettverk for hydrogen og brenselceller, FCH JU. Gjennom FCH JU sitt regionsamarbeid har Sogn og Fjordane møtt i styringsgruppa for maritim hydrogen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har også teke initiativ til å samle aktørar frå den nordatlantiske regionen til eit hydrogensamarbeid. Sogn og Fjordane, Orknøyane, Shetland, Færøyene, Island og Canada er representert i nettverket. Finansieringa til arbeidet kjem frå Nordisk Atlanterhavssamarbeid (NORA). Målet er å levere eit innspel til hydrogenstrategi for perifere lokalsamfunn i nordområda, lage ei verktøykasse for planlegging av lokale hydrogenprosjekt og samle dei beste forretningsmodellane for hydrogen i desse samfunna, til dømes innanfor maritim transport, fiskeri og oppdrett, landbruk, fornybar energiproduksjon, industri og transport i reiselivet.

Formidling

Styringsgruppa og prosjektleiar har formidla om hydrogensatsinga i Sogn og Fjordane på meir enn 300 møter, seminar og konferansar gjennom prosjektperioden. I tre år har fylkeskommunen vore medarrangør og sponsor for den internasjonale hydrogenkonferansen i Florø. I 2018 var det 170 deltakarar frå 11 ulike land på konferansen.

Vidare satsing

Evalueringa etter prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane har resultert i eit framlegg om vidare hydrogensatsing fram mot fylkessamanslåinga med Hordaland i 2020. Hovudutval for næring og kultur handsamar saka 1. kvartal 2019.

3.3 Hordaland

Hordaland fylkeskommune vedtok i 2017 «Hydrogenteknologi i Hordaland» som legg føringane for fylkeskommunen sitt arbeid for å fremje ei verdikjede for hydrogen.

Landtransport

Fylkeskommunen var med å tilrettelegge for og planlegge den første hydrogenfyllestasjonen i fylket, som opna i Åsane januar 2018. Dei er del av den tilhøyrande brukargruppa for stasjonen og eig i dag to hydrogenbilar, som er del av ei gruppe på 25-30 bilar i Bergensområdet. Fyllestasjon nummer to er venta å opne i Bergen sør i løpet av 2019. Fylkeskommunen har i tillegg ei tilskotsordning for drosjer og har gjeve tilsegn om tilskot til 7 hydrogenbilar i 2018. Uttesting av hydrogenbilar i drosjenæringa blir eit viktig kunnskapsgrunnlag i fylkeskommunen sitt arbeid med å førebu miljøkrav i drosjeløyver.

Maritim transport

Infrastruktur krev tilrettelegging gjennom arealplanar, straumkapasitet m.m. Fylkeskommunen har i 2018 starta eit samarbeid med Bergen og Omland hamnevesen for å kartlegge arealbehov for hydrogeninfrastruktur i Bergen hamn. I samarbeid med Bergen og Omland hamnevesen, Flora hamn, Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er fylkeskommunen i gang med eit større arbeid for å sjå på tryggleiksaspekt for hydrogen i hamner generelt, og særskilt opp mot hurtigbåt i Bergen og Flora hamn. Fylkeskommunen er observatør i Trøndelag fylkeskommune sitt nasjonale arbeid "Framtidas hurtigbåt", der dei i samarbeid med fem konsortier ser på alternativ for nullutsleppsløysingar for hurtigbåt, med mål om å sannsynleggjere innkjøp av dette i offentlege anbod.

Nettverk og kompetanse

Fylkeskommunen støttar opp om lokale initiativ i kommunar og næringsliv som er med å fremje verdikjeden for hydrogen og kompetanse om hydrogen. Norsk Hydrogensymposium vart arrangert for første gong i Tyssedal i 2018 og er venta å bli ein årleg internasjonal møteplass for aktørar innanfor hydrogenverdikjeden. Hordaland fylkeskommune er partner i forskingsprosjektet SH2IFT, der også næringslivet i Hordaland er representert. Prosjektet ser på tryggleiksaspekt ved hydrogen, og er eit viktig bidrag til å reduserer barrierene for infrastruktur og nye bruksmråder for hydrogen, som i maritim sektor. Hordaland har bidrege til å løfte hydrogen som tema i Nordsjøkommisjonen og til posisjon papers om temaet. Hydrogen er ein del av vår dialog med vennsksregionar som Normandie og Orknøyane.

Lokale tiltak

Det er mange ulike initiativ i fylket knytt til hydrogen. Equinor har starta å sjå på potensialet for hydrogenproduksjon frå naturgass med karbonfangst og -lagring. I 2019 har både Odda og Kvinnherad kommunar i samarbeid med lokalt næringsliv, vurdert ulike hydrogenprosjekt. Begge kommunar vil gå vidare med konkrete satsingar. I Kvinnherad signerte Gassnor, SKL og Kvinnherad Energi i januar 2019 avtale om storskala hydrogenproduksjon i Matre og i Odda ser ein på felles innkjøp av varebilar med tilhøyrande infrastruktur.

3.4 Rogaland

I samferdslesektoren i Rogaland har ein fram til no hatt størst fokus på biogass, men fylkeskommunen har og vore involvert i et EU Horizon 2020- prosjekt på hydrogen i hurtigbåtar. Innanfor fergesektoren har ein avventa utviklingskontrakta til Vegdirektoratet og har ikkje ønskt å påta seg høge kostnadar ved nullutslepp i dei anboda som har vore gjennomført til no.

Når det no er avgjort at Norled får utviklingskontrakta på hydrogenferja Hjelmeland-Nesvik, vil fylkeskommunen følge prosjektet, særleg med tanke på kor hydrogenforsyninga skal kome frå. Mellom anna gjennom eit Klimasats-prosjekt i regi av Hjelmeland kommune, som skal sjå på mulege synergjar i samband med Vegdirektoratet si kontrakt.

Utsira kommune har gåande eit prosjekt som greiar ut mulegheita for hydrogenproduksjon for å lagre eit overskot av vindkraft.

Det er planlagt eit kartleggingsmøte i løpet av mars 2019 for å få ei bedre forståing av muleg marknadsutvikling og ønske frå næringslivet i Rogaland. Asko har ein vedteke strategi om å innfase nullutslepp i sine kjøretøy innan 2026, der hydrogen spelar ei stor rolle. Det vil vere viktig å forstå korleis dette kan utvikle seg i fylket, og kva tiltak fylkeskommunen kan gjennomføre for å bidra til dette.

4 Hydrogen på Vestlandet: overordna mål

Det overordna målet er å gjere Vestlandet til ein leiande region, eit levande laboratorium, i utvikling og bruk av hydrogen som energiberar.

Vestlandet skal gjennom dette arbeidet bidra til reduserte utslepp av klimagassar, styrke næringslivet si grøne konkurransekraft og vere fremst i omstillinga til eit nullutsleppsamfunn.

5 Hydrogen på Vestlandet: strategiske prioriteringar

5.1 Utbygging av infrastruktur

Hydrogenmarknaden er framleis i ein tidleg fase. Erfaringar, mellom anna frå innfasing av batterielektriske køyretøy, syner at marknaden ikkje kjem skikkeleg igang før infrastrukturen er på plass. Utbyggarar av infrastruktur treng difor føreseielege offentlege strategiar og støtteordningar fram til marknaden skalerer og prosjekta er lønsame.

Utbygging av infrastruktur er altså ei heilt sentral brikke for å utløyse hydrogenprosjekt. Det er også ein kostbar del av mange prosjekt. Difor tilrådde DNV GL i si utgreiing i 2016 at vestlandsfylka i første omgang satsar på ei strategisk utbygging av infrastruktur, anten i tilknyting til eigne kollektivtilbod eller i samband med viktige næringsprosjekt, for å bidra til å auke lønsemda i tidleg fase. Ved utbygging av infrastruktur må ein også vektlegge nærleik til marknaden, for å redusere transportbehov for hydrogen.

Der det er mogleg bør ein vurdere fleire brukarar av infrastruktur (til dømes kraner, tenestebilar, turistbussar i samband med infrastruktur til båtar i hamn). For landtransport bør ein prioritere infrastruktur som tener ein lokal brukarflåte. Leveringstryggleik er viktig og ein bør i alle høve ha ei back-up løysing i geografisk nærleik dersom fyllestasjonar er ute av drift.

For landtransport bør ein vidare vurdere behov for korridorstasjonar langs relevante strekningar på Vestlandet, opp mot Trøndelag, sør mot Agder og mot Austlandet. Så langt det er mogleg bør dei plasserast slik at dei kan tenne lokale brukarar. Der dette ikkje er mogleg bør det vere offentlege driftsstøtteordningar for slike.

5.2 Offentlege innkjøp som pådrivar

Dei økonomiske og juridiske rammene som kjem med eit offentleg innkjøp gjer dette til ein god arena for å sikre ei berekraftig utvikling. Erfaringar syner også at offentlege utviklingskontrakter fremjar innovasjon, og er eit godt verkemiddel for å få igang ein marknad. Dette er særleg relevant innanfor kollektivtenester som ferge, hurtigbåt og buss. Til dømes reknar Vegdirektoratet med at deira utviklingskontrakt på ei hydrogenferje i Rogaland vil utløyse fleire slike innkjøp over heile landet. Sidan mange fergesamband og nærast alle hurtigbåtruter er fylkeskommunale, vert det viktig for fylkeskommunane å vere med på utviklinga som skjer i maritim sektor.

Ei anna form for innkjøpsmakt er å stille krav til miljøfotavtrykket hjå tilbydarane i generelle innkjøp og rammeavtalar, og på denne måten fremje omstilling til hydrogen eller andre nullutslepp energiberar, til dømes i bilparken eller bygningsmassen. Dette gjeld også for anbod som ikkje gjeld kollektivtenester, men der fylkeskommunen er medeigar, til dømes i interkommunale selskap.

Når det gjeld hydrogen i personbil, tungtransport og øvrige fartøy som ikkje går under offentlege anbod bør fylkeskommunane ta ei rolle som tilretteleggar, og bidra til at privatpersonar, næringslivet og andre aktørar har gode insentiv for å omstille seg sjølve. Vidare har fylkeskommunane eit rettleiingsansvar overfor kommunane, til dømes innanfor klima og miljø, energi og areal- og transportplanlegging, der ein kan hjelpe kommunane til å velge nullutsleppsløysingar.

5.3 Utvikle kompetanse for framtida

Per i dag er det ingen høgare utdanningsinstitusjonar i regionen som tilbyr eigne fag knytt til hydrogen som energiberar. Det vert likevel utgreia om det skal starte opp eit fag innanfor hydrogenteknologi på Høgskulen på Vestlandet hausten 2019. Vidare vert det vurdert å starte opp med eit fag knytt til hydrogen og andre energigassar ved Fagskulen i Kristiansund.

Innanfor den vidaregåande opplæringa føregår undervisning om hydrogen som energiberar for det meste som ein integrert del av eksisterande læreplanar. Der er nokre skular, mellom andre Firda VGS og Nordahl Grieg VGS, som har eit særleg tilbod innanfor relevante tema som teknologi, klima og omstilling.

Med innfasinga av nullutslepp energiberarar i samfunnet vil det verte eit stort behov for kompetanse innan service og vedlikehald av tekniske installasjonar, infrastruktur, køyretøy og fartøy. Det er difor viktig at ein etablerer studier på vidaregåande skular og høgskular som ivaretek dette behovet, og særleg at ein sikrar nok lærlingplassar.

Funna frå kompetansekartlegginga i Sogn og Fjordane kan overførast til ein regional kontekst:

- Næringslivet treng i nokon grad spesialistkompetanse på hydrogen i åra framover, men det er like viktig med generell kompetanse knytt til berekraft og omstilling, prosjektleiing, forretningsutvikling, fornybar energi og nullutsleppsløysingar. Ein kompetansestrategi for hydrogen i regionen bør konsentrere seg om dei største næringane, der aktørane allereie er konkurransedyktige, men det er viktig å bygge ny kunnskap innanfor desse områda gjennom pilotprosjekt og målretta satsing på ny teknologi.
- Ein kompetansestrategi for hydrogen bør styrke og vidareutvikle dei eksisterande tilboda for vidaregåande opplæring og høgare utdanning i regionen. Der bør ein fokusere på tverrsektoriell læring, meir samarbeid mellom utdanning og næringsliv og praktiske opplæringsprogram for næringslivet.
- Offentlege innkjøp er ein drivar for utvikling og endring. Innkjøpsprosessar som legg til rette for innovasjon i hydrogenverdikjeda vil både kunne redusere utslepp og føre til utvikling i næringslivet, men samstundes også kunne tilføre fylkeskommunen som offentlig innkjøpar viktig kunnskap om ny teknologi og samfunnsendring.

5.4 Samarbeide regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Ein vestlandsstrategi for hydrogen bør sikre at potensielle gevinstar ved samhandling mellom fylka vert utnytta på ein god måte. Samarbeid på tvers av geografiske grenser er særleg viktig når det gjeld klimaomsyn, grøn konkurransekraft og energiomstilling, då mange av aktørane som vert påverka av utviklinga opererer uavhengig av desse grensene. Dess meir føreseieleg rammer ein kan gje innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar, dess større vilje er det blant desse til å satse på nullutsleppsløysingar.

Hydrogensamarbeidet mellom dei fire fylka har fungert godt sidan oppstarten i 2016. Ein har utveksla erfaringar og tileigna seg kunnskap på ein måte som både har styrka dei einskilde organisasjonane og bidrege til at Vestlandet framstår samla i arbeidet med hydrogen. I nasjonal samanheng vert dette lagt merke til, først og fremst fordi Vestlandet er ein verdiskapande og framtidretta region, men også fordi ein ikkje finn døme på eit så omfattande regionalt hydrogensamarbeid andre stader i landet.

Dette har også ført til at Vestlandet har ei tydeleg stemme på nasjonale møtestadar, til dømes når det no skal utarbeidast nye nasjonale strategiar for høvesvis hydrogen og infrastruktur for alternativt drivstoff. Her er det viktig at vestlandsfylka har koordinert seg på førehand og kan representere felles interesser inn mot politiske kanalar, statlege aktørar og verkemiddelapparat.

Deltakinga inn i det nasjonale fylkesnettverket for hydrogen har vore nyttig for utviklinga og samarbeidet på Vestlandet. Dersom ein skal få ei god utvikling og rask omstilling til nye energibærarar over heile Noreg er det viktig med oversikt over alle lokale og regionale initiativ, slik at relevante brukarar og leverandørar av hydrogenløysingar kan koplast. Fylkesnettverket har også vore ein arena for å diskutere samordning av innkjøp, utrulling av infrastruktur, støtteordningar og kompetanseheving.

Det internasjonale perspektivet er svært viktig for næringslivet, då all teknologi og kompetanse som vert utvikla i fylket potensielt kan bli eksportvare. For fylkeskommunane har internasjonale forskingsprosjekt og partnerskap også vore ein god arena å hente finansiering og kunnskap. Eit anna moment er at Vestlandet har potensiale til å bli eit "levande laboratorium" for hydrogenløysingar, og fylkeskommunane kan legge til rette for dei som vil studere, jobbe eller besøke bedrifter i regionen.

Det har vore heilt avgjerande for vestlandssamarbeidet om hydrogen at ein har hatt ein ressurs som kan setje av eigen tid til å koordinere arbeidet. Dette vert like viktig framover, når strategien skal gjennomførast.

6 Hydrogen på Vestlandet: handlingsprogram 2019-2020

6.1 Infrastruktur

Tiltak	Periode
Stimulere til oppretting av fyllestasjoner for hydrogen med tilhørende brukargrupper gjennom rådgjeving, koordinering og deltaking i prosjekt. Rådgje fylkeskommunar og kommunar i opprettinga av støtteordningar, samordne eventuelle fellessøknadar til Enova	Løpande
Jobbe aktivt inn mot Enova for å sikre at støtteordningane for hydrogenløysingar ivaretek og er pådrivar for utviklinga av hydrogeninfrastruktur på Vestlandet	Løpande
Vidareutvikle samarbeidet mellom Bergen og Omland havnevesen og Flora hamn og bygge på dette med dei andre hamnene i vestlandsfylka, følge tett fergeprosjektet i Rogaland	Q2 2019 - Q2 2020
Hente inn og spre kunnskap om løysingar for bunkring, lagring og transport av hydrogen i hamneområder, og kva konsekvensar dette har for anna aktivitet	Løpande
Bidra til utvikling av brukargrupper av hydrogeninfrastruktur gjennom dei tilskotsordningane som fylkeskommunane på Vestlandet sjølv opprettar, eller gjennom koordinering av søknadar til Enova. Til dømes drosjer, kommunale tenestebilar, varebilar, tyngre køyretøy, anleggsmaskiner og/eller båtar	Løpande

6.2 Offentlege innkjøp

Tiltak	Periode
Kartlegge tidsperspektiv for bussanbod i dei fire fylka og greie ut mulegheiter for ein større flåte hydrogenbussar på Vestlandet, anten gjennomgåande regionruter eller konsentrert rundt dei største byane/tettstadane	Q1 2019
Tilby hydrogenkunnskap inn mot bussanbod i samferdsleavdelingane, hjelpe til med eventuelle søknadar om midlar og dialog med eksterne interessantar som til dømes reiselivsaktørar, koordinere med initiativet for tungtransport i næringslivet	Q2 2019 - Q4 2020
Kartlegge tidsperspektiv for anbod i dei fire fylka for hurtigbåttrekningar som går langs kysten samt status for pågåande prosjekt (Fremtidens hurtigbåt Trøndelag, hurtigbåtrute Bergen-Ålesund i samband med Stad Skipstunnel osv)	Q1 2019
Koordinere med pågåande prosjekt knytt til infrastruktur i havnene (landstraum, hydrogen), kartlegge behovet langs kysten	Q1 2019 - Q2 2019

Tilby hydrogenkunnskap inn mot hurtigbåtanbod i samferdsleavdelingane, hjelpe til med eventuelle søknadar om midlar og dialog med eksterne interessantar som til dømes reiselivsaktørar	Q2 2019 - Q4 2020
---	-------------------

6.3 Kompetanseheving

Tiltak	Periode
Kartlegge behov og mulegheiter for å introdusere hydrogenkøretøy og -fartøy i den vidaregåande opplæringa, gjere tiltak for å setje i gong konkrete prosjekt	Q1 2019
Bidra til at det blir etablert lærlingplassar og traineestillingar knytt til utvikling, produksjon, service og vedlikehald av hydrogenløysingar	Løpande
Bidra til at det vert gjennomført kurs, konferansar, etterutdanningstilbod eller andre kompetansehevingstiltak for næringslivet	Løpande
Rådgje næringsaktørar som ynskjer å byte frå fossile til nullutsleppsløysingar	Løpande
Vidareutvikle kommunesamarbeid om hydrogen til å gjelde heile vestlandsregionen, gjennom fagsamlingar og rettleiing i Planforum eller andre møteplassar for fylke og kommune. Sikre kunnskap om tryggleikssoner og arealbehov ved hydrogeninfrastruktur i kommunale arealprosessar.	Q2 2019 - Q4 2020
Bidra til generell formidling av kunnskap om hydrogen, sikkerheitsaspekt, samfunnstryggleik og beredskap på relevante møteplassar for næringsliv, utdanning, offentlege aktørar og forskingsmiljø	Løpande

6.4 Nettverk og samarbeid

Tiltak	Periode
Opprette ei eiga koordinatorstilling som kan administrere det vidare hydrogensamarbeidet og syte for framdrift i handlingsprogrammet	Løpande
Delta som ein samla vestlandsregion i det nasjonale fylkesnettverket for hydrogen og ivareta felles interesser i politiske prosessar og overfor verkemiddelapparatet	Løpande
Delta som ein samla vestlandsregion i internasjonale forskingsprosjekt og partnerskap, fremje teknologi, løysingar, næringsliv og forskingsmiljø frå vår region i relevante fora	Løpande
Vidareutvikle kommunesamarbeid om hydrogen til å gjelde heile vestlandsregionen, gjennom fagsamlingar og rettleiing i Planforum eller andre møteplassar for fylke og kommune. Sikre kunnskap om tryggleikssoner og arealbehov ved hydrogeninfrastruktur i	Q2 2019 - Q4 2020

kommunale arealprosessar.	
---------------------------	--

7 Budsjett og finansieringsplan

Budsjettet gjeld for 2019. Det vert føresett ny og tilsvarande løyving for arbeidet i 2020. Eksterne kostnader kan vere innleige av konsulentbistand, møtekostnader, reiser og liknande.

Tiltak	Budsjett 2019
Prosjektlear, koordinatorstilling 50%, tilsett i HFK	400 000
Eksterne kostnader knytt til gjennomføring av handlingsprogram	400 000
Totalt	800 000

Finansieringsstad	Beløp 2019
Koordinatorstilling: Vestlandsrådets eige budsjett	400 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	100 000
Hordaland fylkeskommune	100 000
Rogaland fylkeskommune	100 000
Totalt	800 000